



# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Aukra, 18. september 2019

Til medlemmene i kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

**MØTE NR.:** 4/19

**TID:** 25.9.2019 kl. 09:30

**STED:** Kommunestyresalen, Aukra kommunehus

### SAKSLISTE:

#### UTV. SAKSNR. TITTEL

PS 21/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 6. MAI 2019
PS 22/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 23/19	FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «BRUKERMEDVIRKNING INNEN PLEIE OG OMSORG»
PS 24/19	KOMMUNIKASJONS/-REVISJONSPLAN 2019
PS 25/19	VURDERING AV KONTROLLUTVALET SITT TILSYNSANSVAR FOR REVISJON – REVISJONSÅRET 2018
PS 26/19	KONTROLLUTVALET SIN RAPPORT TIL KOMMUNESTYRET OM UTVALET SI VERKSEMD I VALPERIODEN 2015-2019
PS 27/19	REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET I AUKRA
PS 28/19	FORSLAG TIL BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I AUKRA KOMMUNE 2020
PS 29/19	OPPFØLGINGSLISTE
PS 30/19	EVALUERING AV ARBEIDET I KONTROLLUTVALET VALPERIODEN 2015-2019
PS 31/19	EVENTUELT

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mobil 91 37 11 12.

E-post: [jane.anita.aspen@molde.kommune.no](mailto:jane.anita.aspen@molde.kommune.no)

Innkallinga går som melding til varamedlem som vert innkalla etter behov.

Oddvar Hoksnes (s)  
leiar

Jane Anita Aspen (s)  
daglig leder

### Kopi:

Ordførar

Rådmann

Møre og Romsdal Revisjon IKS



## Saksframlegg

<b>Utvallssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 21/19	Kontrollutvalet	25.9.2019

### **GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 6. MAI 2019**

#### **Sekretariatet si tilråding**

Protokollen frå møte 6. mai 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. ....
2. ....

#### **Bakgrunn for saka**

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte. Protokollen er tidlegare utsendt. Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen frå førre møte vert formelt godkjent i dette møte, samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen  
daglig leder



# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 3/19  
Møtedato: 6.5.2019  
Tid: Kl. 09.30 – kl. 15.25  
Møtestad: Kommunestyresalen, Aukra kommunehus  
Sak nr: 14/19 – 20/19  
Møteleiar: Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)  
Møtande medlemmer: Oddbjørg Sporsheim (V)  
Ole Rakvåg, nestleiar (Uavh.)  
Håkon Inge Sporsheim (Frp)  
Wilhelm Andersen (Ap)

Forfall: Ingen  
Ikkje møtt: Ingen  
Møtande vara: Ingen  
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder  
Frå revisjonen: Ronny Rishaug, oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor  
Av øvrige møtte: Ingrid Husøy Rimstad, rådmann  
Erna Varhaugvik, økonomisjef (sak 17/19)  
Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef drift (sak 15/19, 17/18-19/19)  
Gerd Nerbø, einingsleiar tekniske tenester (OS 08/19)  
Siri Halvorsen, einingsleiar institusjonstenestene (OS 10/19)  
Nina Kristin Tomren, einingsleiar heimetenester (OS 10/19)  
Bente Karin Raknes Oksavik, fagleiar pleie og omsorg (OS 10/19)  
Odny Elin Ilestad, pårørendeforeningen ved Aukra Omsorgssenter (OS 10/19)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste. Orienteringssakene under sak 15/19 vart tatt etter sak 17/19.

### TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 14/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 1. APRIL 2019
PS 15/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 16/19	REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON AV ÅRSOPPGJER 2018
PS 17/19	AUKRA KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2018
PS 18/19	VAL AV REVISJONSORDNING. VAL AV REVISOR
PS 19/19	OPPFØLGINGSLISTE
PS 20/19	EVENTUELT

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Protokollen frå møte 1. april 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Håkon Inge Sporsheim
2. Ole Rakvåg

**Kontrollutvalet si handsaming**

Håkon Inge Sporsheim og Ole Rakvåg vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Kontrollutvalet si handsaming****Referatsaker:**

RS 18/19 **Møre og Romsdal Revisjon IKS - Innkalling til møte i representantskapet 29.4.2019.**

RS 19/19 **Møre og Romsdal Revisjon IKS – Protokoll frå møte i representantskapet 29.4.2019.**

RS 20/19 **Notat til kontrollutvalgene - tema: forvaltningsrevisjon/undersøkelse av kommunens byggesaksgebyr**, notat datert 26.4.2019 fra Møre og Romsdal Revisjon IKS.  
Kontrollutvalet drøfta forslaget frå Møre og Romsdal Revisjon IKS. Utvalet har akkurat bestilt eit forvaltningsrevisjonsprosjekt. Bestilling av ei eventuell undersøking som her er skissert, vil utvalet overlate til det nye kontrollutvalet å avgjere.

RS 21/19 **Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal sitt høyringsvar til ny forskrift om kontrollutvalg og revisjon**, datert 6.3.2019.

RS 22/19 **Møre og Romsdal Revisjon IKS sitt høyringsvar til ny forskrift om kontrollutvalg og revisjon**, datert.

**Orienteringssaker:**

OS 08/19 **Orientering om teknisk vedlikehald og drift av bygg og utleigebustader i Aukra kommune**  
Kontrollutvalet hadde på bakgrunn av spørsmål frå utvalsmedlem om vedlikehaldsrutinar, bede om ei orientering frå administrasjonen.  
Gerd Nerbø, einingsleiar tekniske tenester, orienterte utvalet.  
Drift

Dei nye bygga som eininga har ansvaret for, er komplekse bygg. Eininga er styrka med 1 stilling som har ansvarsområde fordelt på 50% nye prosjekt og 50 % tekniske anlegg i eksisterande bygg. I dei nye anlegga følgjer ein serviceplanar. I dei gamle bygga så vert delar skifta ut når det oppstår stopp, eller ein merkar at det er behov for service.

Når det gjeld driftsstyring av dei nye bygga, så er desse lagt opp med same styringssystem som t.d. Molde Eiendom KF nyttar. Dette er gjort med tanke på at ein på sikt ønskjer å få til ei samordning av slike styringssystem for alle ROR-kommunane. Det er mogeleg med sentralstyring av slike system,.

Nerbø opplyser at det er planlagt ei evaluering av eigedomsavdelinga.

#### Vedlikehald

Aukra kommune manglar ei langsiktig plan for vedlikehald. Vedlikehald vert i dag planlagt i samband med budsjettarbeidet.

Kommunen har ca. 25 000 m2 formålsbygg og 69 kommunale utleigebustader.

Det er utarbeidd driftsavtalar som viser vaktmeistrane sitt ansvar og kva som er brukarane av bygga sitt ansvar.

5 vaktmeistrar har eit slikt hovudansvar:

1 Teknisk drift

1 Gossen barne og ungdomsskule + delvis Riksfjord skule

1 Julsundet skule, omsorgsbase

2 Kommunehuset, Aukra omsorgssenter, Aukraheimen, Furutun

Vaktmeistrane fungerer likevel som ein pool og vert brukt på tvers der det trengst.

Nerbø opplyser at formålsbygga i Aukra kommune er godt vedlikehalde og oppgraderte, sjølv om det skrantar noko på Riksfjord skule.

Når det gjeld utleigebustadene så er det fleire bustader det er behov for å oppgradere. Det er ein del vedlikehaldsbehov på utleigebustadane. Ein har gjort ein del oppgraderingar i det siste. Det vert ofte gjort ei fullrenovering ved skifte av bebuarar i bustad.

Gerd Nerbø understrekar at 2018 i stor grad var prega av flytteprosessar. Dette opptok både vaktmeistrar og reinhaldspersonale. Det vart då lite tid til vedlikehald.

Nerbø understrekar at reinhald er svært viktig for vedlikehald av bygg.

Ein er i ferd med å utarbeide ein plan for vedlikehald, målet er å få den på plass til budsjettprosessen i haust. Det vil også vere naudsynt å få på plass en kompetanseplan. Det er kompliserte bygg ein har fått på plass i det siste, og store investeringar som står for tur. Dette vil krevje kompetanse på drift av slike bygg.

Einingsleiar Gerd Nerbø svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

OS 09/19

#### **Innbyggjarinnspel**

Kontrollutvalet hadde bede om tilbakemelding om følgjande:

- Kva prosedyrar har kommunen for vurdering av innbyggjarinnspel?
- Vert inngåande og utgåande dokumentasjon lagra i saks- og arkivsystemet?
- Korleis har innbyggjarinnspel til bygging av Kulturhus og basseng vorte behandla?

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad orienterte utvalet.

Rådmannen innleia med å orientere om at innspel kjem til kommunen på ulike måtar;

Det kan vere som underskriftslistar, som er heimla i kommunelova § 39, og som kommunestyret må ta stilling til.

Andre innspel kan kome som innspel til pågåande høyringsprosessar. Slike høyringsinnspel til saker eller planar vert svart ut gjennom at innspela vert summert opp i saksframlegget. Politikarane svarar ut gjennom sine vedtak.

Rådmannen understrekar at alle skriftlege brev/e-postar vert registrert og svart ut i saks- og arkivsystemet, jf. Forvaltningslova sine krav.

Vidare viser rådmannen til at innbyggjarinnspel også kan rettast gjennom kommunestyrepolitikarane. Politikarane er innbyggjarane sine tillitsvalde og kan rette spørsmål til ordføraren i kommunestyremøte, Dette kan vere spørsmål eller interpellasjonar.

Når det gjeld innbyggjarinnspel til bygging av Kulturhus og basseng, så er innspel om innandørs parkering svart ut i kommunestyret 23.5.2017. Det vart då vist til at det er svært god parkeringskapasitet i området, og det vart ikkje rådd til å bygge innandørs plassar til parkering.

Rådmannen minner elles om at saker som er politisk vedtatt må endrast gjennom nye politiske vedtak, og tipsar om boka «Tillit» som KS har gitt ut. Politikarane fekk utdelt boka i samband med folkevaldopplæringa i starten av valperioden.

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad svarte på spørsmål undervegs i orienteringa.

OS 10/19

### **Orientering frå pårørandeforeininga ved Aukra omsorgssenter**

Utvalet har blitt kontakta av leiar i pårørandeforeininga med ynskje om å få orientere kontrollutvalet om saker som dei har tatt opp /arbeider med i foreininga.

Leiar i pårørende foreininga, Oddny Elin Ilestad orienterte utvalet.

Det første som Ilestad tok opp var ønske om å få ordna bærerommet ved Aukra Omsorgssenter. Ilestad gjev uttrykk for at pårørandeforeininga opplever rommet som lite verdig; Rommet der båra vert plassert for syning, er svært lite og det manglar dør mellom bærerommet og tilstøytande møte/opphaldsrom. Det vert også gjeve uttrykk for at kjølerommet vert opplevd som eit lager, og det er ei tralle som er vanskeleg å bruke. Ilestad opplyser om at det er sendt e-post om dette til einingsleiar.

Det neste som Ilestad tar opp er at det er behov for å skape betre tryggleik hos bebuarane. Bebuarane må heile tida forhalde seg til nye folk. Det er også tilsette som har gjeve uttrykk for at dei ønskjer å vere fast på ei avdeling, men at dei ikkje tør å seie i frå om dette, opplyser Ilestad. Det vert også stilt spørsmål om dei tilsette med utanlandsk bakgrunn kan godt nok norsk .

Pårørandeforeininga gjev uttrykk for at det er viktig at leiinga lyttar til dei pårørende. Ilestad seier at leiinga er velkommen til å delta på møte med pårørandeforeininga.

Utvalet gav uttrykk for at Ilestad hadde fått kome til kontrollutvalet for å orientere, og at fokus for kontrollutvalet var å få lytte til kva pårørandeforeininga hadde å seie. Sidan det var dette som var fokuset, så var det ikkje forventa frå kontrollutvalet at rådmannen eller nokon andre frå administrasjonen skulle gje noko svar i dette møte. Administrasjonen valde likevel å svar på nokre spørsmål som vart tatt opp.

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad, kommunalsjef drift Jan Erik Hovdenak, einingsleiar Siri Halvorsen, einingsleiar for heimetenestene Nina Kristin Tomren og fagleiar pleie og omsorg Bente Karin Raknes Oksavik valde å vere tilstades under orienteringa frå pårørandeforeininga.

Einingsleiar Siri Halvorsen opplyser at det no vil komme ei dør mellom bårerommet og møterommet/opphaldsrommet, vidare vert det opplyst at ingen pårørande skal inn på kjølerommet. Det er primært gravferdsbyrået, eller dei tilsette, som skal hente fram båra.

Halvorsen opplyser at det har vore jobba mykje med turnusar. Dei tilsette er primært på ein etasje, men ved vakansar eller behov for kompetanse, så må ein nokre gonger avvike frå det.

Når det gjeld språkkunnskapar så opplyser Halvorsen at dei som ha betalte vakter ved omsorgssenteret har gode nok norskkunnskapar. Omsorgssenteret har også 4 personar som har språkpraksisplass, for å kunne lære seg språket.

Pårørandeforeininga opplyser at dei har eit godt samarbeid med fagleiarar for pleie og omsorg, Bente K. R. Oksavik og Thora A. Gundersen, som blir invitert i møte i påørandeforeining dersom det er behov.

Ilestad understrekar at dei pårørande gjerne også kan bli flinkare til å stille opp for bebuarane. Til dømes å ta dei med på arrangement på huset. Dei tilsette kan ikkje gå frå på avdelinga for å følgje til felles arrangement som til dømes konsertar.

Kontrollutvalet takkar for orienteringa frå påørandeforeininga og vil følgje med på korleis samarbeidet mellom påørandeforeininga og administrasjonen utviklar seg. Utvalet understrekar at det er viktig at det er eit godt samarbeid, då påørandeforeining er ein viktig ressurs.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

<b>PS 16/19</b>	<b>REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2018</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå årsoppgjeret 2018 til orientering.

Kontrollutvalet ber revisjonen melde tilbake til kontrollutvalet om merknadar og forslag til forbetringar blir følgt opp av administrasjonen.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Oppdragsansvarlig revisor, Ronny Rishaug, presenterte rapport frå årsoppgjeret 2018. Revisor gav ei oversikt over kva som er utført av arbeid, og funn knytt til oppfølgingspunkt frå revisjonen 2017, risikopunkt i plan for 2018 og nye oppfølgingspunkt.

Rishaug svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

<b>PS 17/19</b>	<b>AUKRA KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2018</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet si fråsegn**

Kontrollutvalet har i møte 6.5.2019, sak 17/19, handsama Aukra kommune sin årsrekneskap for 2018.

Grunnlaget for handsaminga har vore Årsrapport 2018 inkludert årsrekneskap, revisjonsmelding, datert 15. april 2019. I tillegg har revisjonen og rådmann/økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar. Årsrekneskapen 2018 vart levert innan fristen 15.2.

Årsrekneskapen inneheld dei oppstillingane som lovkrava seier at rekneskapen skal innehalde.

Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2018 viser 293 823 mill. kroner,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig meir/mindreforbruk på kr 0.-. Netto driftsresultat er på 135 221 mill. kroner.

Årets bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen er på 5,4 mill. kroner. Disposisjonsfondet pr. 31.12.18 er på kr 524 792 000.-. Av dette utgjer Fond for Fastlandsløysing kr 439 900 649.-.

Nokre einingar har hatt mindreforbruk, og nokre einingar har hatt utfordringar med å halde budsjettet i 2018, men det er ikkje store avvik i forhold til endeleg budsjett.

Etter revisjonen si meining er rekneskapen avlagd i samsvar med lov og forskrifter. Årsrekneskapen gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stilling per 31.12.2018, og av resultatet for rekneskapsåret.

Utvalet er nøgd med at administrasjonen har tatt tak i dei tilbakemeldingane revisjonen gav knytt til årsrekneskapen 2017.

Etter utvalet sin gjennomgang av årsmelding 2018 med rekneskap og revisor sin uttale, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen, gir eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Aukra kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2018.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen for Aukra kommune for 2018.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad og økonomisjef Erna Varhaugvik gav kommentarar og svarte på spørsmål frå utvalet sine medlemmer.

Nestleiar Ole Rakvåg viste i møte til at han på e-post hadde stilt spørsmål ved kva KOSTRA - tal som var nytta i Årsrapporten for 2018. Det vart frå administrasjonen gjeve tilbakemelding om at det i år var brukt kommunebarometeret "Analyse 2018 - endelige tall" som vart publisert 10. desember 2018. Økonomisjef Erna Varhaugvik stadfestar i møte at kommunebarometeret nyttar endelege KOSTRA-tal for 2017. Desse tala er då brukt i Årsrapporten under einingane.

Kontrollutvalet forstår det då slik at i kolonna for 2018 er brukt endelege KOSTRA-tal for 2017. Dette kan då forvirra lesaren av årsrapporten til å tru at desse tala kjem frå 2018. Økonomisjefen understrekar at i årsmeldingsdelen som startar på side 129, så er det i den grad det er brukt KOSTRA-tal, nytta foreløpige KOSTRA-tal for 2018. Dei fleste tala i Årsmeldingsdelen er henta direkte frå rekneskapen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet sitt utkast til fråsegn (5 voterande)



**Kontrollutvalet sitt vedtak**

1. Aukra kommunestyret godkjenner at Aukra kommune held fram med revisjon i eigenregi.
2. Aukra kommunestyre vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Aukra kommune, under føresetnad av at selskapet blir stiftet.
3. Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtaler med Møre og Romsdal Revisjon SA.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Sekretær gav utvalet ei orientering om bakgrunnen for saka og kva som er vektlagt i saksframlegget.

Sekretær informert om at det i det utsendte saksframlegget er ein skrivefeil i punkt. 2. i Sekretariatet si tilråding. Det skal stå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Sekretær og oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

**Oppfølging av politiske vedtak**

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.

**06.05.19:** Gerd Nerbøvik orienterte utvalet om at det no er gjort avtale med Miljøfaglig Utredning AS på Tingvoll om å lage ein rapport som skal bestå av to delar; 1. Forvaltningsplan for Aukraskogen, 2. Gjennomgang av leplanting. Det vert arrangert møte med store grunneigarar og det skal inviterast til eit folkemøte rett over ferien. Arbeidet skal vere avslutta i løpet av august.

**Innspel frå pårørande foreininga ved Aukra Omsorgssenter (Ny)**

Utvalet har blitt kontakta av leiar i pårørandeforeininga med ynskje om å få orientere kontrollutvalet om saker som dei har tatt opp /arbeider med i foreininga.

**06.05.19:** Leiar i pårørandeforeininga ve Aukra Omsorgssenter, Oddny Elin Ilestad orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 10/19. Kontrollutvalet vil følgje med på samarbeidet mellom pårørandeforeininga og administrasjonen.

## Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet gjekk i gjennom sakene i oppfølgingslista.

Til dette møtet var det orientering frå administrasjonen knytt til følgande sak er på oppfølgingslista:

- **Oppfølging av politiske vedtak.**

Det vart satt fram forslag om å føre opp følgjande sak på oppfølgingslista:

- **Innspel frå pårørandeforeininga ved Aukra Omsorgssenter**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

## Sekretariatet si tilråding til vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

<b>PS 20/19</b>	<b>EVENTUELT</b>
-----------------	------------------

## Erferingar som bør overførast til nytt kommunestyre og kontrollutval

Valperioden er snart over og kontrollutvalet hadde eit ønskje om å kom med nokre innspel til nytt kommunestyre og kontrollutval

### Kontrollutvalet si behandling

Utvalet diskuterte og kom med innspel

### Konklusjon

Følgjande innspel tek sekretariatet med seg i arbeidet med utkast til revisjon av reglement for kontrollutval og i arbeidet med oppstart for nytt kontrollutval og kommunestyre:

- 2 medlemmar frå kommunestyret bør sitje i kontrollutvalet
- Leiar i kontrollutvalet bør vere medlem av kommunestyret
- Kontrollutvalsmedlemmar og varamedlemmar må få delta i folkevaltoppløringa i kommunen
- Kontroll og tilsyn inn som eit tema i folkevaltoppløringa til kommunestyret
- Sekretariatet kan bidra med informasjon om kontroll og tilsyn i folkevaltoppløringa
- Kontrollutvalet meir synleg på heimesida
- Dialogmøte mellom nytt og gamalt utval for å overføre informasjon

## Arbeidsplan for 2019 – Kontrollutvalet i Aukra

Det vert gjort følgjande oppdateringar i planen

### Oppgåver knytt til tilsyn med revisjonen

25.09.19      ~~Openheitsrapport frå revisjonen~~  
06.05.19      Openheitsrapport frå revisjonen

Oddvar Hoksnes  
leiar

Ole Rakvåg  
nestleiar

Oddbjørg Sporsheim  
medlem

Håkon Inge Sporsheim  
medlem

Wilhelm Andersen  
medlem

Jane Anita Aspen  
sekretær



## Saksframlegg

<b>Utvallssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 22/19	Kontrollutvalet	25.9.2019

### REFERAT OG ORIENTERINGAR

#### Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

#### Bakgrunn for saka

#### Referatsaker:

- RS 23/19 **Tilsyn -Aukra kommune Pleie og Omsorg, heimetenesta open omsorg**, melding om at (2) pålegg er oppfylt, Brev frå Arbeidstilsynet datert 5.2.2019 til Aukra kommune (vedlagt).
- RS 24/19 **AMU – Møteinnkalling 11.6.2019** (vedlagt)
- RS 25/19 **AMU – Protokoll 11.6.2019** (vedlagt)
- RS 26/19 **Val av revisjonsordning, Val av revisor** Særutskrift, Aukra kommunestyre 18.6.2019 sak 37/19 (vedlagt).
- RS 27/19 **Valg av kontrollutvalg for perioden 2019-2023**, brev datert 1.7.2019 frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) til kommunane (Vedlagt).
- RS 28/19 **Innkalling til stiftingsmøte Møre og Romsdal Revisjon SA 23.8.2019**, brev datert 9.8.2019, samt forslag til vedtekter (vedlegg).
- RS 29/19 **Nye vedtekter for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal**, Særutskrift, Aukra kommunestyre 27.8.2019 sak 50/19 (vedlagt).
- RS 30/19 **Rapportering finansforvaltning pr 30.04.2019** – Rådmannen sitt saksframlegg og rapport til kommunestyret 27.8.2019, K-sak 56/19 (vedlagt)
- RS 31/19 **Protokoll fra styremøte Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 4.9.2019** (vedlagt)
- RS 32/19 **AMU – Møteinnkalling 27.9.2019** (vedlagt)

#### Orienteringssaker:

- OS 11/19 **Oppfølging av politiske vedtak**

Utvalet har bede om statusrapport frå arbeidet med rapporten som Miljøfaglig Utredning AS på Tingvoll skulle lage; 1. Forvaltningsplan for Aukraskogen, 2. Gjennomgang av leplanting.

OS 12/19      **Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»**

Utvalet har bede om ein ny statusrapport for arbeidet med oppfølging av tilrådingane.

Jane Anita Aspen  
daglig leder



AUKRA KOMMUNE PLEIE OG OMSORG  
Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA

Orgnr 989095765

## TILSYN - AUKRA KOMMUNE PLEIE OG OMSORG | 989095765

Vi viser til tilsyn den 23.05.2018 med deres virksomhet AUKRA KOMMUNE HEIMETENESTA ÅPEN OMSORG | orgnr. 974013606.

### Oppfylte pålegg

Arbeidstilsynet mottok 01.02.2019 tilbakemelding fra enhetsleder Nina Kristin Tomren. Innholdet i denne var i tråd med vilkårene i pålegget. Pålegget anses derfor oppfylt.

### Pålegg - HMS-arbeid - kartlegging og risikovurdering

I tilbakemeldingen ble det redegjort for hvilke tiltak virksomheten har utført. Arbeidstilsynet har mottatt kopi av gjennomført kartlegging og risikovurdering, med tilhørende tiltaks-/ handlingsplan. Førstnevnte inneholder en grovvurdering av relevante arbeidsmiljøbetingelser. I tillegg har virksomheten gjennomført en systematisk tilnærming for å vurdere organisatoriske betingelser. Basert på disse vurderingene har virksomheten etablert to handlingsplaner. Tiltakene som listes opp er konkrete og tidfestet, og det er satt opp ansvarlige personer for tiltakene. Planen viser også at virksomheten har identifisert et behov for å kartlegge og risikovurdere spesifikke faktorer, eksempelvis kjemisk helsefare, biologiske faktorer, samt vold og trusler. Virksomheten har selv satt opp frister for når dette skal være gjennomført i handlingsplanen.

På bakgrunn av tilbakemeldingen mener Arbeidstilsynet at punktet er oppfylt.

### Gi informasjonen videre til verneombudet

Verneombudet skal gjøres kjent med vedtak fra Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at du som arbeidsgiver gir en kopi av dette brevet til verneombudet.

Se arbeidsmiljøloven §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttende ledd.

Ta kontakt hvis dere har spørsmål



Har dere spørsmål om kravene i regelverket, se [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) eller ring oss på telefon 73 19 97 00. Dere kan svare på dette brevet og sende inn dokumentasjon til oss digitalt via eDialog. Les mer på [www.arbeidstilsynet.no/post](http://www.arbeidstilsynet.no/post). Husk å oppgi referansenummer 2018/5525. Har dere spørsmål om denne saken så kontakt saksbehandleren (se øverst på første side).

Med hilsen

Arbeidstilsynet


Harald Gran  
tilsynsleder  
(sign.)

Kjell Roger Jæger  
seniorinspektør  
(sign.)

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:

AUKRA KOMMUNE HEIMETENESTA ÅPEN OMSORG, Nyjordvegen 12, 6480 AUKRA

	<b>Aukra kommune</b>	<b>Møteinnkalling</b>
---	----------------------	-----------------------

Utval:	<b>Arbeidsmiljøutvalet</b>
Møtestad:	Kommunehuset
Dato:	11.06.2019
Tid:	10:00 – 12:00

Forfall meldast til utvalssekretær som sørger for innkalling av varamedlemmar.  
Varamedlemmar møter ved nærare innkalling.





**Saksliste**

Saksnr.:	Arkivsaksnr.:	Innhold:
PS 9/19		Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 10/19		Referatsaker
	2013/343	Planar for HMS arbeid i Aukra kommune
PS 11/19	2016/486	Status på arbeidet med heiltidskultur 1.1.2018 - 30.4.2019
PS 12/19	2016/670	Årsrapport bedriftshelseteneste 2018
PS 13/19	2018/1116	Orientering om oppretting av lokalt AMU ved Julsundet skole
PS 14/19	2019/234	Vernerunde i Tverrlia vassverk



PS 9/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 10/19 Referatsaker

## **Planer for eget HMS arbeid**

Aukra kommune har pålagt sine avdelingsledere å utarbeide skiftelige planer for sitt HMS-arbeid.

Gjennom kontrakten som Aukra kommune har med Stamina Helse har avdelingslederne tilgang til kompetanse som kan ha nytteverdi i HMS-arbeidet. Når det er pålagt å utarbeide HMS-planer så er det også hensiktsmessig at aktuell bruk av denne kompetansen er inkludert i planen.

Tidligere har bedriftshelsetjenesten gjennomført møter med leder og verneombud for hver avdeling, men for 2019 ønskes det en annen modell for planleggingen.

Det er nå opp til den enkelte enhet sin vurdering om de ønsker møte med bedriftshelsetjenesten for å inkludere BHT-kompetansen i sine HMS-planer.

HMS-planene sendes uansett til personalsjef og vil bli gjennomgått på møte med personalsjef, hovedverneombud og bedriftshelsetjenesten.

**Fra:** Hans Kristian Furnes <[hans.furnes@staminagroup.no](mailto:hans.furnes@staminagroup.no)>

**Sendt:** 14. februar 2019 11:22

**Til:** Sporsheim, Rannveig Høgghaug <[rannveig.hogghaug.sporsheim@aukra.kommune.no](mailto:rannveig.hogghaug.sporsheim@aukra.kommune.no)>; Helset, Mette Gjerde <[mette.helset@aukra.kommune.no](mailto:mette.helset@aukra.kommune.no)>

**Emne:** VS: Planer for HMS arbeid i Aukra komm 2019

Hei

Jeg viser til tidligere utsendt arbeidsdokument vedr lokale HMS-planer og bruk av BHT. Kan dette legges ved innkalling til AMU som det er eller bør det redigeres?

Vennlig hilsen

**Hans Kristian Furnes**

Yrkeshygieniker/KAM

Mobil: 97006569



**Fra:** Hans Kristian Furnes

**Sendt:** 7. februar 2019 09:20

**Til:** Sporsheim, Rannveig Høgghaug; Helset, Mette Gjerde

**Emne:** Planer for HMS arbeid i Aukra komm 2019

Hei

Jeg viser til møte 31.januar og oversender et arbeidsdokument for info om hvordan lokale HMS-planer også omfatter bruk av bedriftshelsetjeneste. Det er godt potensiale for forbedring av teksten før det legges fram i AMU. Tanker og innspill?

Vennlig hilsen

**Hans Kristian Furnes**


Yrkeshygieniker/KAM

**Stamina Helse**


Frænavegen 16

6415 Molde

Mobil: 97006569



[www.staminagroup.no](http://www.staminagroup.no)

	<b>Aukra kommune</b>	Arkivsak: 2016/486-16
		Arkiv: 406
		Saksbeh: Rannveig H. Sporsheim
		Dato: 29.04.2019

## Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
11/19	Arbeidsmiljøutvalet	11.06.2019
	Administrasjonsutvalet	

### Status på arbeidet med heiltidskultur 1.1.2018 - 30.4.2019

#### Rådmannen si tilråding:

#### Særutskrift:

#### Bakgrunn:

Retningslinjer for heiltidskultur i Aukra kommune 2016 – 2018 vart vedtatt i adm.utvalet 28.11.16. Overordna mål for retningslinjene er å skape ein heiltidskultur som er i tråd med krava i lovverket og gjeldande tariffavtale. Talet på tilsette med deltid skal ytterlegare bli redusert og utviklinga av ein heiltidskultur skal vekse fram.

I Hovudtariffavtalen kap. 2 står følgjande:

*«Det skal som hovedregel tilsettes i full stilling. Unntak drøftes med de tillitsvalgte med mindre det er åpenbart unødvendig. Ved ledighet foretas en gjennomgang av arbeidsplaner og oppgavefordeling for å vurdere sammenslåing av deltidsstillinger. Ved ledig stilling skal deltidstilsette ved intern utlysning i kommunen tilbys utvidelse av sitt arbeidsforhold inntil hel stilling, dersom vedkommende er kvalifisert for stillingen.»*

#### Utgreiing:

Planen skal reviderast i løpet av hausten og det er da viktig å sjå om tiltak har vore gjennomført og om det har skjedd ei positiv endring i tida etterpå.

Følgjande spørsmål er sendt til einingane:

1. Vert bruken av deltid drøfta med tillitsvalde, jfr arbeidsmiljøloven § 14-1 a)
2. Korleis blir fortrinnsrett for deltidstilsette gjort kjent og behandla? Viser her til aml § 14-3 og hovudtariffavtalen kap 2. Side 4 i retningslinjene.



3. Kva er gjort med følgjande punkt i retningslinjene, sjå side 5 ?
  - auke kunnskap om heiltidskultur blant dei tilsette
  - samarbeid mellom folkevalde, leiarar og dei tilsette. Blir det tatt med i årsrapporten frå eininga?
4. kor mange har fast deltidsstilling pr. 1.5.19
  - ønska
  - uønska
5. Oversikt over fast tilsette (namn blir ikkje med i saka) som har fått auka stillingsprosenten sin i perioden 1.1.18 – 30.4.19
 

Namn	frå dato	stl % før	stl % etter
6. Kor mange heiltidsstillingar er oppretta ved eininga?
7. Kva er gj.snittleg stillingsstorleik?

**Særskilt for Pleie og omsorg (treng ikkje svare på 6 og 7):**

	Andel heiltidsstillingar %	Gj.snittleg stillingsstorleik %
Pleie og omsorg, totalt	42	
Pleie og omsorg, turnus		

Vi har fått svar frå følgjande einingar:

**Gossen barne- og ungdomsskole:**

1. Alle behov, utlysningar og tilsettingar blir drøfta med tillitsvalde
2. På møta vi har med dei tilsette
3. Vi opplever at dei som er deltidstilsett her, er det fordi dei ønskjer det
4. Ønska: 11  
Uønska: 1
5. 1 tilsett: 13%-67%
6. 36 kvinner og 9 menn, totalt 45
7. 90,65%

**Barnebo barnehage:**

1. Vert drøfta ved utarbeiding av utlysingar, ved rigging av personalkabal for komande barnehageår.
2. Fortrinnsrett vert gjort kjent for den enkelte. Enten ved henvendingar frå enkelttilsette – eller ved at einingsleiar tek kontakt med enkelttilsette om det høve dei har til å auke stillinga si. For eksempel ved utlysingar av ledige stillingar.
3. Det er allment kjent at det er ønskeleg.
4. Alle har stillingsprosent som ønska av dei fast tilsette.  
Ingen uønska deltidstillingar som styrar kjenner til for fast tilsette.

Dette er kvalitetssikra gjennom medarbeidersamtalar. Vi har fleire på tidsavgrensa arbeidsavtalar knytt til sjukefråver, som både ønskjer seg fast arbeid og større stillingsprosent, jf oversikta som eg tidlegare har fått tilsendt. Alle er vikarar.

5. 1 - 2 stk

6. Det er 30 stillingsheimlar  
Alle stillingar som har vore lyst ut eller oppretta siste 5 åra har vore 100 % stillingar.
7. Ca 85 %

### **Pleie og omsorg:**

1. Vi diskuterer alle utlysninger med tillitsvalgte. Vi har i løpet av de siste tre årene gitt tilbud til alle som har hatt ønske om å auke sin stilling (og som har utdanning, eller er underveis 100% eller ønsket stillingsprosent).
2. Vi har ikkje gjort noen spesifikt oppmerksom på fortrinnsrett. Dette har ikke vært noe problem internt i enheten da alle har fått tilbud om oppjustering. Jeg er kjent med at det er nedbemanning i andre enheter og at det kan være noen med fortrinnsrett til annen stilling i kommunen. Jeg mener da at personen selv, eller personalavdelingen må ta kontakt hvis personer med rett kompetanse har fortrinnsrett.
3. Turnuskurs med Ressurssenteret for omorganisering. Vi har med arbeidstakere i prosessen med å lage turnuser slik at de ser kva som skal til for å auke stillingsprosenten. Alle har innsett at de må ta ekstra timer på helg for å auke kompetanse og kvalitet i hele turnusperioden.
4. - ønska / og eller tilrettelagt eller delvis utføre:  
- uønska- Ingen fagutdannede på uønsket deltid pr 01.05.2019

### **5. Særskilt for Pleie og omsorg (treng ikkje svare på 6 og 7):**

Vil bli lagt fram på møtet.

	Andel heiltidsstillingar %	Gj.snittleg stillingsstorleik %
Pleie og omsorg, totalt	42 %	
Pleie og omsorg, turnus		

### **Heimetenesta:**

Det same gjeld for Heimetenesta. Vi har faste møte med tillitsvalde i tillegg til at vi kontaktar dei før kvar enkelt utlysning. Det er ikkje uønska deltid i HET. Heiltidskultur er nemnd i årsrapporten. Fortrinnsrett kan ein seie noko om i utlysningsteksten i den generelle delen, der ein pålegg den tilsette om å krevje fortrinn når dei søkjar stillinga.

Stab/støtte, Innvandring og integrering, NAV, Helse og Teknisk med unntak av eigeomsavdelinga har stort sett fulle stillingar.

### **Administrative konsekvensar:**

Ingen

### **Folkehelsekonsekvensar:**

Ingen

### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

Ingrid Husøy Rimstad

Rannveig H. Sporsheim



	<b>Aukra kommune</b>	<b>Arkivsak:</b> 2016/670-42
		<b>Arkiv:</b> 441
		<b>Saksbeh:</b> Rannveig H. Sporsheim
		<b>Dato:</b> 29.04.2019

## Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
12/19	Arbeidsmiljøutvalet	11.06.2019
	Administrasjonsutvalet	

## Årsrapport bedriftshelseteneste 2018

### Rådmannen si tilråding:

Årsrapporten 2018 frå Stamina Helse vert tatt til orientering.

### Vedlegg

- 1 Årsrapport frå Stamina Helse 2018

**Særutskrift:** Verneomboda. Stamina Helse v/Hans Kristian Furnes

### Bakgrunn:

I årsrapporten er det orientert om dei oppgåvene bedriftshelsetenesta har utført etter lov og forskrift og i tråd med inngått avtale med Aukra kommune.

### Utgreiing:

I årsrapporten vert det vist til følgjande:

- Arbeidsmiljølovens § 3-3: «Bedriftshelsetjeneste»
- Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning kapittel 13: «Bedriftshelsetjeneste»
- Forskrift om systematisk HMS-arbeid § 5: «Innholdet i det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet. Krav til dokumentasjon»

Vi har hatt tilgang på 10 rådgjevarar frå Stamina Helse. Desse er legar, bedriftssjukepleiarar, rådgjevarar innan psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø, livsstilsansvarleg/fysioterapeut og ergoterapeut.

Det er brukt mest ressursar innan psykososialt og organisatorisk arbeid, systematisk HMS-arbeid og helsekontrollar.

Stamina Helse sender ut rapportar frå helseundersøkingar. Desse bør leiarar legge fram for AMU, både lokalt og i det sentrale AMU.

Årsrapporten viser til lokale AMU på Gossen BU og Aukraheimen og i tillegg er det og etablert ved Julsundet skole. Sentralt AMU vil bli invitert til å drøfte kva dei lokale utvala skal orientere og rapportere vidare om.

Tilrådingar frå Stamina Helse – til drøfting i AMU:

- AMU kan vere ein pådrivar for å få planlagt og gjennomført utarbeiding av lokale handlingsplanar.
- Tilbod om «livsstil og helse i bedriftsperspektiv» som ein variant til reine arbeidshelsekontrollar. Presentert og drøfta i AMU 2018
- HMS-opplæring av verneombod og AMU/LAMU-medlemar
- Fagleg innlegg på sentral HMS-dag.

**Administrative konsekvensar:**

Årsmeldinga er ein rapport og har ingen administrative konsekvensar.

**Folkehelsekonsekvensar:**

Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim  
Personalsjef

# Årsrapport 2018 for Aukra kommune

RAPPORT FRA STAMINA HELSE

**Oppdragsgiver**  
Aukra kommune

**Distribuert til**  
Rannveig Sporsheim, personalsjef

**Utarbeidet av**  
Hans Kristian Furnes, KAM/yrkeshygieniker

Oversendt kunde: 28.januar 2019

## Innhold

1. <u>Innledning</u> .....	3
2. <u>Rådgivere fra Stamina Helse</u> .....	3
3. <u>Aktivitetsoversikt for 2018</u> .....	4
4. <u>Samarbeidet i 2018</u> .....	4
5. <u>Anbefalte tiltak for 2019</u> .....	5
6. <u>Konklusjon</u> .....	5
7. <u>Referanser</u> .....	5

## 1. Innledning

Årsrapporten er en oppsummering av de tjenester Stamina Helse har bistått med gjennom året. Tjenesten skal dekke virksomhetens behov for HMS-oppfølging og bistand i henhold til Arbeidsmiljølovens § 3-3, Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning kapittel 13 og Forskrift om systematisk HMS-arbeid § 5.

Rapporter/notater som beskriver utførte oppdrag er oversendt løpende i året som er gått.

## 2. Rådgivere fra Stamina Helse

Kundeansvarlig i 2018 har vært Hans Kristian Furnes

Andre rådgivere som har bistått i 2018 er:

- Vegard Ansok, bedriftslege Stamina
- Ingunn Bergheim Ranheim, bedriftslege Stamina
- Lia Hamberg Magnusson, bedriftssykepleier/førstehjelpsinstruktør Stamina
- Elisabeth Torhus, HMS-rådgiver, psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø Stamina
- Silje Nyland, HMS-rådgiver, psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø Stamina
- Ragnhild Nes, HMS-rådgiver, livsstilsansvarlig/fysioterapeut, Stamina
- Silvia Stranden, HMS-rådgiver bedriftssykepleier Stamina
- Hanne Hestad, HMS-rådgiver/bedriftssykepleier Stamina
- Sølvi Torgnes, HMS-rådgiver/ergoterapeut Stamina




### 3. Aktivitetsoversikt for 2018

*Diagram 1: Viser leverte tjenester i 2018 i prosent for de ulike tjenesteområdene*

*Tabell 1: viser leverte tjenester i 2018 i timer for de ulike enhetene*

**AUKRA KOMMUNE**  
Periode: 01.01.2018 - 31.12.2018



#### AUKRA KOMMUNE

Periode: 01.01.2018 - 31.12.2018

Rapportdato: 25.01.2019

	Antall
Behandling	
Volum	377,00
AUKRA KOMMUNE	66,00
Psykososialt og organisatorisk	17,00
Systematisk HMS arbeid	49,00
Innvandring og integrering	2,50
Arbeidshelse	1,00
Systematisk HMS arbeid	1,50
Oppvekst og kultur	153,00
Arbeidshelse	22,50
Ergonomi	2,50
Helsekontroll (HK)	49,00
Kurs	1,00
Psykososialt og organisatorisk	49,25
Systematisk HMS arbeid	26,75
Yrkeshygiene	2,00
Plan og utvikling og TEB	15,50
Arbeidshelse	1,50
Ergonomi	11,00
Systematisk HMS arbeid	3,00
Pleie omsorg og velferd	133,25
Allmennhelse	1,50
Arbeidshelse	2,00
Psykososialt og organisatorisk	70,75
Systematisk HMS arbeid	59,00
STAB/støtte-sentraladministrasjon	6,75
Psykososialt og organisatorisk	4,00
Systematisk HMS arbeid	2,75

### 4. Samarbeidet i 2018

De områdene det har vært mest samarbeid om i 2018 har vært psykososialt/organisatorisk, Systematisk HMS og helsekontroller. Vi ser at det er stor variasjon i mengde og fagområde på bestillingene fra de ulike enhetene, men vi har her gitt ett mer samlet oversiktsbilde. Det blir ikke gitt en beskrivelse av alle de enkelte oppdragene fordi dette ville vært u hensiktsmessig for denne rapporten, men dette er ofte informasjon som er tatt opp i LAMU, eller informert om i AMU

Psykososialt og organisatorisk har hatt høy prioritet på to av einingene og leveransen har omfattet lederstøtte i prosesser og i enkeltsaker, samlinger og arbeid i grupper, kartlegging av psykososialt arbeidsmiljø, individoppfølging. Det er inntrykk at den psykososiale fagkompetansen i Stamina har hatt nytteverdi og at oppdragsgivers bruk av BHT har bidratt til effektivitet og kvalitet i både planlegging, gjennomføring og resultat.

Systematisk HMS omfatter fast og aktiv deltakelse i AMU og LAMU, handlingsplaner, årsrapporter, vernerunde, HMS-rådgiving på individ- og organisatorisk, bistand til risikovurderinger på vold og trusler. Det er tilbakemeldinger både fra Aukra kommune og internt i Stamina på at opprettelsen av LAMU på Gossen BUS og på Aukraheimen er verdifullt og nyttig i forhold til det systematiske HMS arbeidet.

Helsekontroller gjennomføres ihht avtale for ansatte som har forskriftsmessig krav til dette. I 2018 er det i tillegg gjennomført helsekontroll med livsstilfokus for ansatte som ønsket dette. Gjennomføringen var avgrensa til en lokalisasjon og det var ca. 50 som deltok. Resultat og rådgiving var gitt på individnivå og kan nyttes i individuelt tilpassa livsstils fremmende tiltak. Lignende livsstils prosjekt er drøfta i LAMU på Gossen BUS.

## 5. Anbefalte tiltak for 2019

På overordnet plan i Aukra kommune (AMU) settes rammene for bruk av BHT 2019 innenfor disse rammene setter den enkelte enhet eller lokalisasjon opp sine lokale HMS-planer som er tilpasset det behov som fremgår av lokale risikoforhold og belastninger.

Utarbeidelse av lokale handlingsplaner er vesentlig i forhold til å få målretta og effektiv bruk av bedriftshelsetjenesten sin kompetanse. Det anbefales at AMU kan være en pådriver for å få planlagt og gjennomført dette.

Livsstil og helse i bedriftsperspektiv er et tilbud fra Stamina som har vært presentert og drøftet i AMU 2018 og anbefales fordi informasjon om livsstil og helse er viktig for å komme i gang med en endring i livsstil. Dette gir nytteverdi for arbeidstakere gjennom bedre helse og høyere levealder og arbeidsgiver får nytteverdi i forhold til redusert sykefraværskostnad, økt fokus og effektivitet i arbeidet.

HMS- opplæring av verneombud og AMU/LAMU medlemmer er et krav i forskrift og nødvendig for å gi rett kompetanse til å utføre sitt verv på forsvarlig måte. Dette har vært gjennomført sentralt i kommunen.

Faglig innlegg på sentral HMS dag. Dette er gjennomført tidligere og vi anbefaler at kommunen gjør seg nytte av de HMS faglige ressursene i Stamina helse.

## 6. Konklusjon

Det er god variasjon i typer tjenester som er levert i 2018 og vi ser enkelte enheter bruker BHT mer enn andre. Gitte tilbakemeldinger tyder på at mottaker opplever at tjenestene har hatt nytteverdi i HMS arbeidet i 2018.

På vegne av Stamina Helse takker jeg for samarbeidet i året som gikk, og ser frem til et godt, helsefremmende og konstruktivt samarbeid i 2019.

## 7. Referanser

Arbeidsmiljølovens § 3-3

Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning kapittel 13

Forskrift om systematisk HMS-arbeid (internkontrollforskriften) § 5



	<b>Aukra kommune</b>	Arkivsak: 2018/1116-3
		Arkiv: 440
		Saksbeh: Rannveig H. Sporsheim
		Dato: 06.05.2019

## Saksframlegg

<b>Utv.saknr.:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Møtedato:</b>
13/19	Arbeidsmiljøutvalet	11.06.2019

### Orientering om oppretting av lokalt AMU ved Julsundet skole

#### Rådmannen si tilråding:

#### Særutskrift:

#### Bakgrunn:

Lokalt AMU vart etablert 07.12.2018.

#### Utgreiing:

Orientering frå rektor Hanna Valved Korsvik:

Sidan det skal vere like mange arbeidstakarar som arbeidsgjevarar i utvalet, vart det totalt fire representantar: To frå leiinga, verneombodet og plasstillitsvalde frå Utdanningsforbundet som er den største fagforeininga vår.

Personalsjefen deltok på det konstituerande møtet.

Saker som er aktuelle å ta opp kan vere:

Forsvarleg arbeidsmiljø

Vernerundar

Sjukefråvær

IA avtale

Medarbeidarundersøking (10 faktor)

Skademeldingar

Avviksmeldingar

Gjennomgang av rapportar frå bedriftshelsetenesta

Saker vi til no har drøfta er arbeidsplassar for tilsette i småskolen og avviksmeldingar.

Ein ser for seg eit møte annankvar md.

Vi trur at dette organet kan verte til nytte for å fremme eit godt arbeidsmiljø på Julsundet skole

Til drøfting i møte 21. mai:

Kva ønsker AMU av orientering/rapportering frå dei lokale arbeidsmiljøutvala?

**Administrative konsekvensar:**

Ikkje for denne saka

**Folkehelsekonsekvensar:**


Positivt for arbeidsmiljøet at skolen har eit lokalt AMU.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ikkje for denne saka.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim  
Personalsjef

	<b>Aukra kommune</b>	Arkivsak: 2019/234-2
		Arkiv: 440
		Saksbeh: Gerd Nerbø
		Dato: 07.05.2019

## Saksframlegg

<b>Utv.saksnr.:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Møtedato:</b>
14/19	Arbeidsmiljøutvalet	11.06.2019

### Vernerunde i Tverrlia vassverk

#### Rådmannen si tilråding:

1. Arbeid med å gå gjennom og gjere endingar i rutinar og prosedyrer vert sett i gang snarast.
2. Det vert arbeidd ut eit kostnadsoverslag slik at ein får ein oversikt over nødvendige investeringar før budsjettprosess 2020 startar.

#### Vedlegg

- 1 Forslag til handlingplan etter vernerunde i Tverrlia vassverk
- 2 Fotodokumentasjon etter vernerunde i Tverrlia vassverk

#### Særutskrift:

#### Bakgrunn:

Det vart gjennomført ei vernerunde i Tverrlia vassverk 31/10-2018. Deltakarar var verneombod Geir Varhaugvik, tilsettrepresentant Jan Ove Varhaugvik, teknisk sjef Gerd Nerbø og representant frå Stamina.

#### Utgreiing:

Aukra kommune har fire operatørar som driftar vassverket. Dei går i vakt kvar fjerde veke og utfører i vaktveke ein del rutineoppgåver i vassverket. Utanom vaktveke vert det utført ein del nødvendig vedlikehaldsarbeid i anlegget. I tillegg vert dei varsla ved feilsituasjonar i anlegget, og slike kan oppstå heile døgnet. Det varierer om det er ein eller fleire tilsette saman som utfører arbeid i Tverrlia.

Vernerunda vart gjennomført 31/10, og arbeidsrutiner og heile det fysiske anlegget vart gjennomgått. Vernerunda avdekkar ein del forhold som ein ville sjå nærare på:

- Skilting kring vatnet

- Løfteanordningar generelt
- Sikring og merking
- Rekkverk og sikring av pumpehuset
- Fare for forgiftning – kjemikalier/gass
- Kommunikasjon og varsling ved eventuelle ulykker
- Prosedyrer/beskrivelser av arbeidsoperasjoner
- Bruk av verneutstyr

Det vart utarbeidd ei ROS-analyse det ti ulike sansynnlige hendingar vart identifiserte og følgjande fire hendingar krevde tiltak:

Fare for fall ved klatring i leidere  
 Fare for fall ved klatring i kummer  
 Fare for ulykker ved tunge løft  
 Akutt sjukdom når ein er åleine i vassverket.

På bakgrunn av ROS-analyse er eit forslag til handlingsplan utarbeidd. Denne viser 11 tiltak som reduserer sannsynleghet for at hendinga oppstår, eller reduserer konsekvensen av ei mogleg hending.

**Administrative konsekvensar:**

Tilakslista vert fulgt opp i interne møter.

**Folkehelsekonsekvensar:**

Formålet er å forhindre skader, ulykker og sjukdom som følgje av arbeidsmiljøet.

**Økonomiske konsekvensar:**

Nokon av tiltaka krev budsjettvedtak, medan andre kan løysast gjennom endra rutiner og prosedyrer.

Ingrid Husøy Rimstad  
 Rådmann

Gerd Nerbø  
 Teknisk sjef

# Forslag til handlingsplan etter vernerunde Tverrlia

Tiltak	Tekst	Kven	Når
God kommunikasjon	Kommunikasjon i alle deler av anlegget.		
Jamlege helsekontrollar	Avtale med bedriftshelsetenesta		
Unngå risikofylte arbeidsoppgåver	Berre utføre rutineoppgåver når ein er åleine i anlegget		
Varsle ved oppdrag i Tverrlia åleine utanom arbeidstid	Kollegaer skal kjenne til at ein operatør et åleine på oppdrag		
Alltid to	Alltid være to ved klatring i kummar		
Sikring	Alltid ha på godkjent sikringsutstyr		
Ingen gjenstandar ved lukene	Halde det ryddig kring luker		
Sikring	Alltid bruke godkjent sikringsutstyr		
Pkt. 12. Det er enighet i styret om at en kanskje ikke har vurdert sårbarhet godt nok. Hva gjør en dersom en av sekretærene slutter, eller ved sykdom? Det kan være en idé å inngå avtale med et annet sekretariat om bistand ved slike situasjoner?

Pkt. 15 og 16: Et styremedlem gav uttrykk for at det kan være behov for å klargjøre bedre ansvarsfordelingen mellom styre og daglig leder. Styret bør systematisk kvalitetssikre at daglig leder har kontroll på det som er daglig leders ansvarsområde som for eksempel internkontroll og avtaler. Dette bør kanskje gjøres årlig, i alle fall i hver valgperiode.

Pkt. 18. Ett styremedlem foreslår at det legges ut bilder av styremedlemmene, samt at hjemmesiden også bør ha nyhetssaker for å få flere besøk.

Daglig leder tar med gode innspill til forbedringer til neste valgperiode.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling (8 voterende).

ST 22/19	REFERAT OG ORIENTERINGER
----------	--------------------------

### **Styrets vedtak**

Referat- og orienteringssakene tas til orientering.

### **Styrets behandling**

RS 08/19 **Nye vedtekter for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal**, Særutskrift, Vestnes kommunestyre 20.6.2019 sak 52/2019

RS 09/19 **Nye vedtekter for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal**, saksprotokoll, Fellesnemda nye Molde kommune 26.6.2019 sak 22/19.

RS 10/19 **Nye vedtekter for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal**, saksprotokoll, Aukra kommunestyre 27.8.2019 sak 22/19.

RS 11/19 **Kostnader for etablering av saks- og arkivsystem**, brev fra Molde kommune v/dokument og arkivtjenesten datert 27.8.2019.

### **Orienteringssaker:**

OS 01/19      **Resultat av lokale forhandlinger**

Styreleder informerte styret om resultatet fra lokale forhandlinger for daglig leder og rådgiver.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling (8 voterende).

ST 23/19	EVENTUELT
----------	-----------

Under Eventuelt ble følgende tema tatt opp:

- **Statusrapport fra sekretariatet**

- Saks- og arkivsystem - Vi har fått et kostnadsanslag for etableringen. Vi har en oppryddingsjobb i gammelt arkiv + det vil også være behov for kurs/opplæring i nytt system.
- Vestlandssamling – Sekretariatet, sammen med kontrollsjefen i Møre og Romsdal fylkeskommune er i år vertskap for årlige samlingen for sekretariatene fra Trøndelag til Rogaland. 3.-4.10.2019. Daglig leder gjennomgikk programmet.
- Opplæringssamling for nye kontrollutvalg – Vi forsøker, i samarbeid med kontrollsjefen i Møre og Romsdal fylkeskommune, å få til en samling for nye kontrollutvalg i slutten av november.
- Folkevalgtopplæring – Daglig leder opplyser at sekretariatet kan tilby kommunene å bistå i folkevalgtopplæringen med informasjon om kontrollutvalgenes rolle og arbeidsmåter. Styret støtter at dette blir gjort.

### Avslutning

Siden dette er siste styremøte i denne perioden, så takket styreleder styremedlemmer og daglig leder for samarbeidet.

Daglig leder takket styreleder og det øvrige styret for innsatsen og for godt samarbeid, og overrakte blomster til styreleder.

Lars Ramstad  
nestleder

Stig Holmstrøm  
styreleder

Trygve Grydeland  
styremedlem

Øyvind Gjøen  
styremedlem

Oddvar Hoksnes  
styremedlem

Jostein Øverås  
styremedlem

Synnøve Egge  
varamedlem

Odd-Helge Gravem  
varamedlem

Jane Anita Aspen  
sekretær

	<b>Aukra kommune</b>	<b>Møteinnkalling</b>
---	----------------------	-----------------------

Utval:	<b>Arbeidsmiljøutvalet</b>
Møtestad:	Kommunehuset
Dato:	18.09.2019
Tid:	09:00

Forfall meldast til utvalssektretær som sørger for innkalling av varamedlemmar.  
Varamedlemmar møter ved nærare innkalling.



**Saksliste**

Saksnr.:	Arkivsaksnr.:	Innhold:
PS 15/19		Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 16/19		Referatsaker
PS 17/19	2015/586	Revisjon: Retningslinjer for Akan 2019 - 2024
PS 18/19	2013/677	Revisjon: Seniorpolitiske retningslinjer
PS 19/19	2019/790	Fråværsstatistikk for perioden 1.1.19 - 31.8.19
PS 20/19	2019/773	Retningslinjer ved dødsfall
PS 21/19	2017/209	Val av medlemar til AMU 2019 - 2021





PS 15/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 16/19 Referatsaker

	<b>Aukra kommune</b>	<b>Arkivsak:</b> 2015/586-6
		<b>Arkiv:</b> 444
		<b>Saksbeh:</b> Ingunn Misund
		<b>Dato:</b> 02.09.2019

## Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
17/19	Arbeidsmiljøutvalet	18.09.2019
	Administrasjonsutvalet	

### Revisjon: Retningslinjer for Akan 2019 - 2024

#### Rådmannen si tilråding:

Administrasjonsutvalet vedtek reviderte retningslinjer for Akan i Aukra kommune 2019 - 2024

Vedlegg

1 Revisjon: Retningslinjer for Akan 2019 - 2024

#### Særutskrift:

#### Bakgrunn:

Retningslinjene for Akan arbeidet i Aukra kommune står for revisjon.

#### Utgreiing:

Gjeldande retningslinjer for Akan vart vedteke i 2016 og står for revisjon. Det har vore utfordrande å komme skikkeleg i gang med Akan-arbeidet i perioden 2015-2019, men det er no tatt tak i og utvalet har hatt sitt første møte. Akan-utvalet består av hovudverneombod, rettleiar frå NAV med ansvar for rus og folkehelsekoordinatoren i Aukra kommune. I tillegg er det ein hovudkontaktperson. Denne funksjonen er lagt til spesialsjukepleiar innan helse og rus. Akan sentralt er kontakta då vi ønsker ei felles innføring i Akan-arbeid for utvalet, men og der einingsleiarar og andre kan få ei god innføring i rus- og spel avhegnadsproblematikken. Dette er eit dagskurs som skal verte gjennomført i haust og forhåpentlegvis gje ein god start på arbeidet.

Retningslinjene er lagt frem for Akan-utvalet og følgjande merknader er innkomme:

Frå folkehelsekoordinator:

Det første eg tenkte på når eg las denne gongen er at det er veldig hardt og brutalt rett på når det gjeld Aukra sin politikk i AKAN arbeidet. – «Misbruk..... Kan føre til opphøyr av arbeidsforholdet.»

Det mildaste i dette avsnittet er «Føremålet med AKAN -arbeidet er å få til eit rehabiliteringsopplegg som gjer at arbeidstakarar kan halde fram i sitt arbeid i kommunen.»

Dette bør stå øvst, og vi burde kanskje hatt med nokre linjer om AKAN arbeid som innleiing.

Eg ville hatt «Kap 2. Organisering» som punkt 1. etter ei kort innleiing.

Grunngjevinga for dette er at det kanskje er lettare å melde inn saker om ein veit at arbeidstakarane kan få hjelp. Det er ikkje sikkert at folk les vidare etter det strenge punkt 1.

3. Hovudretningslinjer kan vere til sist slik som det står. Kanskje det kan stå «ved misbruk» på slutten av setninga i overskrifta.

#### Små ting:

I kap. 1. strekpunkt 4 står der en «ha» foran spelaktivitet.

I kap.2, punkt 4 Bedriftshelsetenesta kan det stå medisinfaglege rådgjevarar.

Rådmannens kommentar: Retningslinjene er ikkje meint for brukar, men skal vere ei rettesnor for arbeidsgjevar i handtering av misbruk og mistanke om misbruk. I samsvar med retningslinjer for rusmiddelbruk og spel og retningslinjer for kritikkverdige høve, pliktar alle tilsette å melde ifrå til leiar om uregelmessigheiter som påverkar arbeidssituasjonen og kan føre til fare for liv og helse.

2 pkt 4: Bedriftshelsetenesta har den medisinfaglege rådgjevarfunksjonen.

#### **Administrative konsekvensar:**

Legge til rette for kurs haust 2019

#### **Folkehelsekonsekvensar:**

Det er viktig så tidleg som muleg å fange opp signalar på rusmisbruk som påverkar arbeidet og dermed komme i gang med hjelpetiltak tidleg. I ytterste konsekvens kan rusmisbruk føre til fare for liv og helse. Spelavhengigheit er eit aukande problem i samfunnet og kan ha store sosiale og økonomiske konsekvensar for dei som vert råka.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Kursavgift til Akan sentralt i første omgang.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim  
Personalsjef



# Retningslinjer for AKAN Aukra kommune 2019 -2024

E-phorte: sak 2015/586-7

Vedteke: PS

# RETNINGSLINJER FOR AKAN-ARBEIDET

## 1. Aukra kommune sin politikk i AKAN-arbeidet

Misbruk av alkohol, narkotiske stoff og medikament kan føre til opphøyr av arbeidsforholdet. Det same kan alle former for spelaktivitet som skaper problem for det arbeidet ein skal gjere. Med misbruk forstås ein:

- Møte til arbeid påverka av rusmidlar eller medikament
- Bruk av rusmiddel i arbeidstida
- All form for spelaktivitet som påverkar arbeidet
- Bruk av rusmiddel eller ha spelaktivitet utanfor arbeidstida slik at det anten fører til fråvær frå arbeidet, at vedkomande ikkje kan utføre arbeidet på ein tilfredsstillande måte, at krav til sikkerheit og kvalitet ikkje vert teken i vare eller at det fører til negativt omdøme for kommunen . Dette gjeld og i høve til jobbreise, seminar og representasjon.

Det skal gjerast unntak frå kommunen sitt tilsetjingsreglement og arbeidsreglement om arbeidstakaren deltek i det behandlings- og ettervernsopplegget som blir bestemt.

Føremålet med AKAN-arbeidet er å få til eit rehabiliteringsopplegg som gjer at arbeidstakar kan halde fram i sitt arbeid i kommunen.

## 2. Organisering

1. AKAN-utvalet skal bestå av tre medlemmar: Hovudverneombod, rettleiar frå NAV med ansvar for rus og folkehelsekoordinator. I tillegg er sekretærfunksjonen lagt til organisasjonsavdelinga. AKAN er hovudansvarleg for verksemda sitt rus- og avhengnadsarbeid. Utvalet har ansvar for følgjande hovudoppgåver:
  - Planlegge, organisere, gjennomføre og oppdatere AKAN-arbeidet i Aukra kommune
  - Legge til rette for at leiarar, personal/HR-tilsette, tillitsvalde, verneombod og AKAN-kontaktar kan opparbeide naudsynt kompetanse.
  - Opplysningsarbeid, informasjon om rusmiddel/skadeverknadar og kommunen sin politikk i AKAN-arbeidet
  - Sjå til at arbeidet blir lagt til rette på ein forsvarleg måte i tråd med retningslinene
  - Utarbeide årlege handlingsplanar for AKAN-arbeidet. Rapportere om utvalet sine aktivitetar til AMU. Sende årsstatistikk til AKAN kompetansesenter.

Det skal vere ein Hovudkontaktperson. Funksjonen som Hovudkontaktpersonen er lagt til Spesialsjukepleiar innan helse og rus (Heimetenester) og skal delta i møter ved handsaming av saker i høve til AKAN.

2. Hovudkontaktpersonen skal hjelpe til med gjennomføringa av behandlingssopplegget i samråd med eventuell bedriftshelseteneste. Enkelt saker skal bli handsama i samsvar med pkt 3 i retningslinjene. Vidare skal AKAN-kontakten:
  - Ha kunnskap om AKAN-modellen og kva for tiltak som finns.
  - Ha ei oversikt over kven som er ansvarlege i kommunen i forhold til rusførebygging på dei ein skilde einingane.
  - Være tilgjengeleg for leiarar og kollegaer som ønskjer å rådføre seg om spørsmål knytt til rusmiddelbruk i arbeidet, alle former for spelaktivitet som utgjør eit problem og som påverkar den daglege arbeidssituasjonen og/eller arbeidsmiljøet.
  - Ha kjennskap til korleis den naudsynte samtalen skal verte gjennomført for å kunne støtte leiarar når dei må ha slike samtalar.

3. Leiarar har eit særskilt ansvar for å etterleve kommunen sin rusmiddelpolitikk. Dei skal:
  - Informere om og gjere kjent kommunen sin rusmiddelpolitikk og forhold til spelaktivitet (Sjå retningslinjer for rusmiddelbruk og spel)
  - Tilby tilsette mulegheit for bevisstgjerjing omkring eigen alkoholbruk på verksemd- og individnivå.
  - Bruke medarbeidersamtalar til dialog med dei tilsette om korleis alkoholkulturen vert opplevd. Ta opp bruk av anna rusmiddel og spelaktivitet.
  - Ha klare haldningar og omsorg for medarbeidarane for å fange opp tidlege signal
  - Ha det formelle ansvar for at arbeidsreglementet vert overhalde. Ved brot på reglementet: Gje åtvaring etter gjeldande retningslinjer. Ein arbeidstakar som møter rusa på jobb vert sendt heim på ein trygg måte. Så snart som muleg følgjer leiar opp med ein personleg samtale.

I eit Akan-opplegg:

- Ha ansvaret for det individuelle opplegget og vere med på utforminga av, oppfølginga av og samarbeidet rundt individuelle AKAN-opplegg
  - Vurdere behov for endringar (arbeidsoppgåver, ansvar, arbeidstid)
  - Sjå til at den tilsette møter opp presis, er i forsvarleg form og gjer jobben som avtalt.
4. Andre HMS aktørar sitt ansvar:
    - Tillitsvalde har eit ansvar for å fremme eit godt arbeidsmiljø og medverke til at intensjonane i rusmiddelpolitikken vert teke i vare. Dei skal sikre hjelp og sakleg oppfølging av den aktuelle tilsette.
    - Verneombodet skal ta i vare dei tilsette sine interesser i saker som vedgår arbeidsmiljøet, varsle om forhold som kan føre med seg ulykke- og helserisiko. Skal bli tatt med på råd i planlegging og gjennomføring av HMS arbeidet.
    - Bedriftshelsetenesta er medisinfaglege rådgjevar. Dei er rådgjevarar i det førebyggjande og i det individretta AKAN-arbeidet. Dei skal gje leiinga og dei tilsette rettleiing, informasjon og opplæring i rusmiddel-, pengespel- og AKAN-faglege spørsmål.


### **3. Hovudretningslinjer for gjennomføring av tiltak**

1. Alle som opptrer i påverka tilstand, nyttar alkohol, rusmiddel eller andre medikament i arbeidstida, skal straks visast bort frå arbeidsplassen. Det skal verte sørgja for ein trygg transport heim.
2. Ved første gongs misbruk (jfr def av misbruk i pkt 1) eller ved mindre alvorlege overtramp skal næraste overordna gje munnleg åtvaring, samt orientere om behandlingstilbod. Dersom den tilsette ønskjer det, skal tillitsvald vere med. Den overordna skal gje vidare melding til hovudkontaktpersonen for AKAN og eventuelt bedriftshelsetenesta.
3. Ved andre gongs misbruk gjev næraste overordna skriftleg åtvaring til vedkomande med kopi til organisasjonsavdelinga. Åtvaringa skal innehalde eit pålegg om å ta kontakt med hovudkontakten for AKAN. Hovudkontakten og eventuelt bedriftshelsetenesta legg opp eit behandlingstilbod i samarbeid med vedkomande. I den samanheng vert det valt ein personkontakt som skal stå i nær kontakt med vedkomande i den vidare oppfølginga av behandlingssopplegget. Arbeidstakaren må skrive under ei erklæring om behandling.
4. Ved ytterlegare misbruk skal overordna gje nok ei skriftleg åtvaring. Kopi av denne skal sendast hovudkontakten for AKAN, eventuelt bedriftshelsetenesta, tillitsvald og organisasjonsavdelinga som kjem saman og drøftar saka med næraste overordna. Saka skal drøftast av hovudkontakten, personkontakten, eventuelt bedriftshelsetenesta og næraste overordna. I tilfelle ein vurderer saka slik at



behandlingsopplegget ikkje vil gje ønska resultat, vert saka sendt over til organisasjonsavdelinga for vidare handsaming. Saka vert då handsama som ordinær personalsak.

5. Hovudkontakten for AKAN og personkontakten har eit spesielt ansvar for å følgje opp hjelpetilbodet og gje melding om eventuelle avvik/brot på behandlingsopplegget.
6. Alle som deltek i AKAN-arbeidet har teieplikt utover det som retningslinene seier om samarbeid og meldeplikt.



Vedlegg 1:

### Individuell Akan-avtale i Aukra kommune

Denne avtalen er inngått mellom \_\_\_\_\_ (*arbeidstakar*) og

Aukra kommune v/ \_\_\_\_\_ (hovudkontakt)

Avtalen gjeld frå dags dato og to år framover \_\_\_\_\_.

Avtalen vurderes første gang (*dato*) \_\_\_\_\_

Følgjande personar deltek i oppfølginga:

\_\_\_\_\_ (*arbeidstakar*)

----- (*næraste leiar*)

----- (*BHT*)

----- (*Akan-kontakt*)

Begge partar forpliktar seg til å følgje sin del av avtalen i avtaleperioden. Justering av avtalen kan bli aktuelt undervegs etter vurdering frå dei involverte partane.

Fastlege: \_\_\_\_\_

Fastlegen orienterast om Akan-avtalen. Sjukemelding kan bare bli gitt av fastlegen.

\_\_\_\_\_ (*arbeidstakar*) skal melde frå til næraste leiar om fråvær, uansett årsak, så tidleg som muleg etter arbeidsdagens start.

Alle som underteiknar dette dokumentet, forpliktar seg til eit gjensidig samarbeid.

Alle som er involvert i Akan-avtalen, har teieplikt utover det som naturleg inngår i samarbeid og melderutiner.

Det er ein føresetnad at det blir gitt fullmakter til naudsynt og relevant informasjonsutveksling og samarbeid mellom dei som er involverte og eventuelle eksterne behandlarar.

Stad \_\_\_\_\_, \_\_\_\_/\_\_\_\_ 20\_\_\_\_

---

Arbeidstakar

Akan-hovudkontakt

BHT Leiar

#### Tiltak

Herunder vert det gjort greie for kva konkrete tiltak (behandling, tilrettelegging av arbeidsoppgåver, turnus, ansvar m.m.) som blir avtalt. Tiltak skal bli avtalt for ein bestemt periode, og bli vurdert undervegs i perioden. Om det er behov for nye tiltak eller justeringar av avtalte tiltak, skal Akan-avtalen bli oppdatert skriftleg.

Signatur

Vedlegg 2:

## Åtvaring for brot på arbeidsreglementet i samsvar med Retningslinjer for rusmiddelbruk og spel i Aukra kommune

Til: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

På bakgrunn av at du \_\_\_\_\_ (dato) har brote vårt arbeidsreglement/reglement for rusmiddelbruk og spel ved å (konkret skildring av hendinga):

har du med dette fått ei åtvaring.

Aukra kommune vil tilby deg ein individuelt tilpassa Akan-avtale i samsvar med våre retningslinjer for rusmiddelbruk og spel. Eg ber deg møte til samtale (sted, dato og klokkeslett):

\_\_\_\_\_

Om du ønsker det, kan tillitsvald delta. Ønsker du meir informasjon før du bestemmer deg for om du vil ta imot tilbudet om ein individuell Akan-avtale, kan du ta kontakt med Akan-kontakt, HR/personalavdeling eller bedriftshelsetenesta og fastlege.

(leiar) \_\_\_\_\_


*Orientering om denne åtvaringa er gitt til Akan-kontakt, BHT og tillitsvald.*

Eg stadfester å ha mottatt åtvaring datert \_\_\_\_\_

Eg ønsker/ønsker ikkje (stryk det som ikke passar) å inngå ein individuell Akan-avtale med Aukra kommune i samarbeid med bedriftshelsetenesta, Akan-kontakt/ressursperson og leiar.

(dato) \_\_\_\_\_

signatur

	<b>Aukra kommune</b>	<b>Arkivsak:</b> 2013/677-24
		<b>Arkiv:</b> 144
		<b>Saksbeh:</b> Ingunn Misund
		<b>Dato:</b> 19.08.2019

## Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
18/19	Arbeidsmiljøutvalet	18.09.2019
	Administrasjonsutvalet	

### Revisjon: Seniorpolitiske retningslinjer

#### Rådmannen si tilråding:

Administrasjonsutvalet vedtek reviderte seniorpolitiske retningslinjer med verknad frå 01. oktober 2019.

#### Vedlegg

- 1 Revisjon: Forslag til Seniorpolitiske retningslinjer 2019 - 2024

#### Særutskrift:

#### Bakgrunn:

Gjeldande seniorpolitiske retningslinjer står for revisjon i 2019.

#### Utgreiing:

Dei seniorpolitiske retningslinjene vart vedteke i 2014. Dei har no vore gjeldande i snart 5 år og tiltaka for seniorfasen som vart skissert har fungert. Gjennomsnittleg avgangsalder, eit mål på gjennomsnittsalderen for avgang frå arbeidslivet, var 65,8 år i 2018 i Aukra kommune. I følgje NAV er gjennomsnittsalderen på landsnivå 65,7 år og avgangsalderen har siden 2001 stege med 2 år. Forventa pensjoningssalder er eit mål på når folk som fortsatt var i arbeid ved fylte 50, i gjennomsnitt tar ut alderspensjon, AFP eller uføretrygd. Denne var i 2018 62,7 år. I Aukra kommune var pensjoningssalderen på 64,5 år i 2018. Dette viser at kommunen har jobba godt med målsettingane i retningslinjene frå 2014 og det er ønskeleg å vidareføre denne innsatsen i komande 5 års-periode.

I den nye IA-avtalen er seniorane ikkje eit eksplisitt satsingsområde. Men personar i yrkesaktiv alder som står i fare for ikkje å komme tilbake i arbeid etter sjukefråver skal bli fulgt opp for å hindre overgang til uføre- eller tidlegpensjoning.

Medarbeidersamtalane er eit viktig element i arbeidet med å motivere tilsette over 62 år til å fortsette i arbeidet. Kommunen arrangerer anna kvart år eit pensjonskurs der tilsette i KLP kjem og orienterar. Kurset er for alle over 58 år og alle over 60 år kan få personlege samtalar om eigen ståstad i pensjonsspørsmål.

**Administrative konsekvensar:**

Alle leiarar skal ha årlege samtaler med sine seniorar 62+ og saman skal dei vurdere tiltak som kan gje dei som ønsker det, mulegheit til å stå lenger i arbeid.

**Folkehelsekonsekvensar:**

Det er helse i arbeid og så lenge ein tilsett har motivasjon og mulegheit, er god tilrettelegging ein helsebringande faktor.

**Økonomiske konsekvensar:**

Alle som fyller 60 år har tillegg i lønna på kr 5.000.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim  
Personalsjef



# Retningslinjer for Seniorfasen for tilsette I Aukra kommune 2019 - 2024

ePhorte: 13/677

Vedteken:



# Retningsliner for seniorfasen for tilsette i Aukra kommune 2019 -2024.

## 1. Innleiing

Seniorar er nemninga på medarbeidarar som har opparbeidd seg mykje kunnskap og erfaring og har lang fartstid i yrkeslivet bak seg. På denne bakgrunn representerer dei ein viktig ressurs for kommunen. Personalpolitikk er retningsgjevande for forvaltning av menneskelege ressursar og utøving av leiing og skal legge til rette for ein mest muleg effektiv og rasjonell organisasjon. Seniorfasepolitikk er derfor ein naturleg del av kommunens personalpolitikk

Etter innføringa av fleksibel uttaksalder for alderspensjon er det muleg for kvar enkelt arbeidstakar å avgjere når dei vil ta ut pensjon i aldersintervallet 62 – 75 år utan å være med i AFP-ordninga. I den nye pensjonsordninga er det lagt inn incentiver til å stå i arbeid lengst muleg da den årlege pensjonen vil bli lågare ved tidleg uttak enn om uttak av pensjon vert utsett.

Motivasjon for å ha ein god seniorfasepolitikk:

- **Arbeidskraft:** - det er låg vekst i arbeidsstyrken og delen av seniorar er aukande i kommunesektoren og generelt i samfunnet som følgje av den demografiske utviklinga. Dette fører med seg ein kamp om arbeidskrafta framover.
- **Kompetanse:** - seniorar har høg kompetanse om yrkeslivet generelt, og om eigen arbeidsplass spesielt. Dagens seniorar er stabil arbeidskraft som i høg grad føler ansvar og er lojale. Dei innehar ein "Tacit knowledge" (stilletiande kunnskap) som er viktig for kommunen å ivareta. I eit livsfaseperspektiv er seniorane kome i overføringsfasen kor den fagkunnskapen dei sit inne med skal overførast til yngre og mindre erfarne kollegaer. Ei aktiv satsing på seniorane som rettleiarar er derfor viktig.

Forsking og undersøkingar viser at den viktigaste årsaka til at eldre fortset i arbeidslivet er at arbeidet deira vert verdsett og at dei vert sett og oppmuntra av kollegaer. **Kvalitet** og **arbeidsglede** er verdier som vert sett høgt.

- **Økonomi:** arbeidsgjevar har stor interesse av at arbeidstakarar som er motiverte skal stå lengst muleg i arbeid. Dette reduserer pensjonskostnaden samtidig med at ein utnyttar tileigna kunnskap lengst muleg. Seniorar som mentorar gjev ein økonomisk gevinst og det skal vere lønnsamt for kommunen at flest muleg står lengst muleg i jobb.

Kostnadane med seniorpolitiske tilpassingar skal sjåast i samanheng med kommunen sine kostnadar ved at arbeidstakarar går av med tidlegpensjon. I 2018 var den gjennomsnittlege avgangsalderen i Aukra kommune 65,5 år.

## 2. Målsetting

Retningsliner for seniorfasen skal inngå i kommunens generelle personalpolitikk. God forvaltning av personalpolitikken er det beste grunnlaget for at tilsette skal ønske å halde fram i arbeidet lengst muleg.

Retningsliner for seniorfasen i Aukra kommune har følgjande hovudmålsettingar:

- Auke den generelle alder for uttak av pensjon i kommunen
- Arbeidsgjevar skal legge til rette for at tilsette får mulegheit til halde fram i arbeidet i kommunen lengst muleg.
- Aukra kommune skal oppmuntre eldre arbeidstakarar til å halde fram i arbeidet **sitt** i kommunen så lenge dei er motiverte for arbeidet og sørge for at dei er fagleg oppdaterte.

## 3. Tiltak

Det er det systematiske arbeidet med arbeidsmiljø, førebygging av yrkesskadar og oppfølging av sjukemeldte som er viktig for å få tilsette til å trivast og å halde fram i arbeidet. Alle i organisasjonen og spesielt leiarar har eit ansvar for å medverke i dette arbeidet. Måla i den nye handlingsplanen for IA er reduksjon av sjukefråværet og reduksjon av fråfallet i arbeidslivet. Arbeidet med inkludering har regjeringa lagt til ei ny satsing, Inkluderingsdugnaden som Regjeringa har ansvar for.

- Seniorar skal vurderast på lik linje med andre tilsette når det gjeld tilbod om fagleg oppdatering og deltaking på kurs/opplæring.
- Seniorar i Aukra kommune skal ha høve til å påverke arbeidssituasjonen. Det kan gjerast avtale om individuelle tilpassingar.
- **Individuelle tilpassingar kan vere:**
  - Kompetanseheving
  - Lengre tid til å utføre arbeidsoppgåver
  - Redusert arbeidsmengde
  - Tilbod om redusert arbeidstid (redusert stillingsprosent + delvis uttak av pensjon)
  - Nye/andre arbeidsoppgåver som ikkje skal medføre auka arbeidsbelastning, men virke motiverande i arbeidet.
  - Tilbod om mentorfunksjon

I medarbeidersamtalar frå fylte 58 år skal seniorpolitikk vere eit tema og det skal leggjast spesielt vekt på å diskutere arbeidstakaren sine planar/behov/ønske for åra fram til

pensjonsalder. Ein skal og gå inn på kva plikter og rettar arbeidsgjevar og arbeidstakar har i høve til inngått avtale.

I denne samtalen skal den tilsette få orientering/gjennomgang av kommunen sine målsettingar for seniorane, dei tilretteleggingstiltak som kan være avlastande i samband med utføring av arbeidsoppgåver, eventuelt endring av arbeidsoppgåver, kompetanseheving og informere om aktuelle pensjonsordningar.

«Lærere har rett til å få redusert undervisningen med inntil 6 % fra skoleårets begynnelse det kalenderåret de fyller 57 år. Lærere har rett til å få redusert undervisningen med inntil 12,5 % fra skoleårets begynnelse det kalenderåret de fyller 60 år.

Lærere over 60 år disponerer den frigjorte tiden til for- og etterarbeid og faglig ajourføring på skolen, dersom man ikke blir enige om noe annet.» (SFS 2213 pkt 6)

Seniorpolitiske tilpassingar medfører ingen lønnsreduksjon om ein ikkje vel redusert stillingsbrøk og uttak av delvis AFP.

Seniorpolitiske tilpassingar skal ikkje medføre auka arbeidsbelastning for andre tilsette.

Seniorpolitiske tilpassingar skal gje større rom for rekruttering og opplæring innanfor dei ulike arbeidsområda.

Det skal så langt det er muleg leggest til rette for at det skal være overlapping i stillingar som krev spesiell kompetanse når ein tilsett sluttar og ein ny skal tilsettast. (overføring av kunnskap)

Overlapping og overføring av kompetanse ved medarbeidarskifter skal styrke kommunen.

#### **4. Omfang**

Tiltaka gjeld for faste tilsette frå 62 år som har 80 % stilling eller meir og som ikkje tek ut AFP. Tiltaka gjeld ikkje for vikarar og mellombels tilsette.

#### **5. Iverksetting**


Medarbeidarsamtalen før 62 år er grunnlag for avtalen som vert inngått med den enkelte arbeidstakar. Avtalen skal underskrivast av medarbeidar og næraste overordna.

Den individuelle avtalen om tilpassing tas opp til vurdering og eventuell revidering ved den årlege medarbeidarsamtalen. Avtalen kan seiast opp av medarbeidar med 14 dagars varsel. Avtalen kan seiast opp av Aukra kommune med 3 månadars varsel.

Forøvrig gjeld fylgjande:

- Redusert arbeidstid skal fordelast over heile året (ref pkt 3).
- Ved uttak av AFP eller annan tidlegpensjon fell retten til seniorpolitiske tilpassingar bort.



	<b>Aukra kommune</b>	Arkivsak: 2019/790-1
		Arkiv: 460
		Saksbeh: Rannveig H. Sporsheim
		Dato: 11.09.2019

## Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
19/19	Arbeidsmiljøutvalet	18.09.2019
	Administrasjonsutvalet	

### Fråværsstatistikk for perioden 1.1.19 - 31.8.19

#### Rådmannen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek orienteringa til vitande.

#### Særutskrift:

#### Bakgrunn:

Arbeidsmiljølova § 3.1 pålegg arbeidsgjevar å utføre eit systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid. Arbeidsgjevar er pliktig til å sørge for eit systematisk arbeid med førebygging og oppfølging av sjukefråvær.

AMU skal ha rapport på sjukefråværet til sine møter. Denne rapporten er for sjukefråværet til og med 31.8.2019.

#### Utgreiing:

Arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for å følge opp sjukefråværet i verksemda. I Aukra kommune er det daglege ansvaret delegert til einingsleiar og på dei største einingane har avdelingsleiarar det daglege oppfølgingsansvaret.

I ny intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv er arbeidsgjevar gitt ansvar for ei særskild oppfølging av barnehagane og sjukeheimen. Aukra kommune ønsker og å følgje opp reinhaldarane.

Mottoet i intensjonsavtalen er «Et arbeidsliv med plass for alle» og målet er å legge til rette for at så mange som muleg kan arbeide så mykje som muleg, så lenge som muleg. Det er lova meir spesifikk informasjon om korleis det vidare arbeidet skal skje, men dette er ikkje gjort kjent enno.

Samla fråvær pr 31.8.19 er på 9,1 %, 9,4 for kvinner og 7,6 for menn. For 2018 var tala 7,3 (8,4 for kvinner og 2,4 for menn).

Ei oversikt over fráværet på dei einskilde einingane:

	<b>31.8.19</b>	<b>kvinner</b>	<b>menn</b>	<b>31.8.18</b>
Stab/støtte :	2,6	3,7	0,5	6,2
Gossen barne- og ungdomsskole:	6,0	10,7	4,8	4,2
Julsundet skole:	4,5	5,3	2,6	5,9
Barnebo barnehage	13,4	13,4	0	18,3
Bergetippen barnehage	15	16,2	1,8	20,8
Innvandring og integrering	7,9	7,4	8,5	14,1
Kultur	4,0	5,0	1,3	1,6
Institusjonstenester	<b>9,8</b>	<b>10,3</b>	<b>4,7</b>	<b>7,0</b>
- Aukraheimen	11,5	11,5	0	7,0
- Bergtun + Avlasting	4,8	4,6	6,3	5,5
Heimetenesta + dagsenter	5,9	6,5	0	5,6
Helse	0,6	0,8	0	1,8
Nav	0	0	0	0
Tekniske tenester	<b>6,8</b>	<b>11,0</b>	<b>0,4</b>	<b>2,2</b>
- eigeomsavd	11,2	12,9	1,8	4
<b>Totalt</b>	<b>9,1</b>	<b>9,4</b>	<b>7,6</b>	<b>7,3</b>

Sjukefráværet hittil i år er høgare enn på mange år. Mange har gode tal og har redusert fráværet. Dei som ligg stabilt høgt, sjølv om tala er mykje betre i år, er barnehagane. Eigeomsavdelinga og Institusjonstenester har gått opp. Det er dei med flest tilsette som og har størst utfordringar ved høgt frávær og det er her positive endringar vil gjere størst utslag.

#### **Administrative konsekvensar:**

Dette er ei orienteringssak. Informasjon om fráværet er viktig i førebuing av IA-arbeidet der barnehagar og sjukeheim har fokus, men og at andre einingar med høgt frávær fortsatt må arbeide for å redusere det. Forsking viser at fokus på sjukefrávær bidreg til lågare frávær.

#### **Folkehelsekonsekvensar:**

Eit godt IA-arbeid med oppfølging av sjukefráværet og enkeltpersonar med lange og/eller hyppige frávær er viktig for folkehelsa. Det handlar om å bry seg om og vise merksemd overfor tilsette med utfordringar.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen i denne saka.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim  
Personalsjef

	<b>Aukra kommune</b>	<b>Arkivsak:</b> 2019/773-1 <b>Arkiv:</b> <b>Saksbeh:</b> Ingunn Misund <b>Dato:</b> 06.09.2019
--	----------------------	--

## Saksframlegg

<b>Utv.saksnr.:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Møtedato:</b>
20/19	Arbeidsmiljøutvalet	18.09.2019

### Retningslinjer ved dødsfall

#### Rådmannen si tilråding:

AMU vedtek retningslinjer ved dødsfall.

Vedlegg

1 Rutinar ved dødsfall

#### Særutskrift:

#### Bakgrunn:

Aukra kommune har ikkje retningslinjer for korleis leiarrolla skal bli utøvd når ein tilsett eller nær pårørende døyr.

#### Utgreiing:

Det skjer at tilsette eller deira nære pårørende døyr og då er det behov for å ha tilnærma like reaksjonsmåtar frå leiinga. Retningslinjene er ikkje uttømmende, men ei hjelp til leiarar for å vise informasjonsleiarskap og omsorgsleiarskap den første tida etter eit dødsfall. Etter kvart skal den tilsette komme tilbake i arbeid og då er det viktig å ha tankar om kva sorg er og kva den gjer med menneske. Motivasjonsleiarskap og omsorg vert viktige faktorar for at den tilsette skal fungere i arbeidssituasjonen.

#### Administrative konsekvensar:

Leiar må bruke tid på informasjon- omsorgsleiarskap den første tida etter eit dødsfall

**Folkehelsekonsekvensar:**

Det er viktig for den som er igjen at sorg vert akseptert og at leiar og kollegaer viser omsorg. Dette kan bidra til ein snarare gjenopptaking av arbeidet og hindre lengre sjukemeldingar.



**Økonomiske konsekvensar:**

Ei blomsterhelsing. Elles ingen.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim  
Personalsjef



# Rutinar ved dødsfall

ePhorte: 19/773

Gjeldande frå 01.10.2019

## **Når dødsfall rammar tilsette i Aukra kommune**

### **Ein tilsett i sorg**

Dei fleste arbeidsplassar vil oppleve at medarbeidarar mister nokon av sine kjære eller at ein medarbeidar går bort. Dette er ein situasjon som kan føre med seg ei stor belastning for den som mister, men det er og ein situasjon som kan vere vanskeleg å møte for leiarar og kollegaer. Sorg er ikkje berre ein indre kjensletilstand, men påverkar og blir påverka i samspel med andre menneske. Gevinsten av å få ein velfungerande medarbeidar tilbake i jobb vil komme både den etterlatte, kommunen og samfunnet generelt til gode. Det er difor viktig at arbeidsgjevar og kollegaer har innsikt i kva sorg gjer med eit menneske og korleis ein best muleg kan legge til rette arbeidssituasjonen.

### **Leiarskap når sorg rammar ein tilsett**

Målsettinga for ivaretaking av den tilsette når eit dødsfall rammer, er å sikre eit godt omsorgsklima for den tilsette som kjem tilbake og dermed ein lettast muleg retur til arbeidsplassen og arbeidsoppgåvene. Det er viktig at leiing og arbeidskollegaer viser ein reell interesse og omsorg for den tilsette. Om den tilsette vert møtt med unngåing, unnfallegheit eller manglande forståing og tilrettelegging, kan den han/ho få påkjenninga forsterka. Dette kan føre med seg ei stor tilleggsbelastning i arbeidssituasjonen og ende med sjukemelding.

Som leiar for ein tilsett som oppleve å miste eit familiemedlem må leiar vise både informasjonsleiarskap, omsorgsleiarskap og motivasjonsleiarskap. Dette gjeld og overfor tilsette som mister ein god kollega og samarbeidspartnar.

### **Leiar sine oppgåver**

Når sorg rammar ein tilsett, har næraste leiar med personalansvar fleire viktige oppgåver som:

- Formidle støtte og omsorg frå arbeidsplassen
- Finne ut kva den tilsette ønsker å gjere kjent om dødsfallet
- Formidle denne informasjonen vidare til medarbeidarane
- Representere eininga i gravferda
- Støtte og legge til rette for retur til arbeid
- Mobilisere kollegastøtte
- Tilpasse arbeidsoppgåver
- Følgje opp og støtte over tid
- Hente intern eller ekstern fagleg hjelp om naudsynt

Ein leiar treng ikkje sjølv å utføre oppgåvene over, men har ansvaret for å sikre at dette vert gjort og at tilsette blir ivaretatt på ein god måte. Proaktiv planlegging inneber at leiar må legge til rette for ei oppfølging der den tilsette blir ivaretatt både i akutt-situasjonen og i perioden etterpå. Kva for støtte som skal bli utøvd må i stor grad bli styrt av den ramma. Det er den tilsette som må definere kor mykje støtte eller merksemd som er ønskeleg. Men det er mange formar for empati frå arbeidsplassen som blir opplevd som positivt og godt etter eit dødsfall. Telefonar, blomsterhelsing og at leiar og kollegaer møter opp i gravferda er eksempel på handlingar som varmar.


## KVA SKAL SKJE NÅR EIN LEIAR FÅR MELDING OM DØDSFALL

1. Informere rådmannen pr telefon og dei tilsette på eininga med ei melding på mail eller sms som førsteinformasjon. Gje utvida informasjon ved første høve. HUSK: Behovet for informasjon vil vere stort.
2. Einingsleiar tar ein telefon til den attlevande og vurderer blomsterhelsing frå eininga
3. Samlingsstund på eininga
  - Praktisk tilrettelegging av lokale (lys, blomster ol)
4. Dei første dagane etter dødsfallet: Einingsleiar/leiar med personalansvar:
  - Avklaringar i samband med gravferd og evt minnestund
  - Minneord (tale ved gravferd/minnestund)
  - Ha kontakt med dei pårørande/den tilsette i den grad det er ønsket og naudsynt
5. Informere eksterne fora/samarbeidspartnarar der det er naudsynt
6. Bestille krans/blomster til gravferda (Ønske frå pårørande/den tilsette må her bli respektert)
7. Vurdere flagging på gravferdsdagen
8. Sende informasjon om gravferd til dei tilsette på eininga. (e-post) Minnestund for dei tilsette på eininga
9. Vurdere behov for å stenge eininga under gravferda
10. Vurdere deltaking i gravferda og i minnestunda etterpå (kven skal delta)
11. Kontor/arbeidsplass skal bli rydda etter gravferda. Pårørande blir involvert etter behov for å hente personlege eigedelar

## ADMINISTRATIVE RUTINAR VED EIT DØDSFALL

Ansvar: Lønn og personal

1. Stans av lønn og sluttmelding
2. Melding til KLP/SPK om dødsfallet
3. Brev til pårørande med informasjon om:
  - utbetaling av lønn og feriepengar
  - gruppelivsforsikring
  - etterlattepensjon fra KLP/SPK
  - bringe, evt få henta, private eigedelar
  - Få innlevert ID-kort og nøklar
  - KLP/SPK sender brev til etterlatte
4. Ordinær rutine for avslutting av arbeidsforhold bli fulgt.

	<b>Aukra kommune</b>	Arkivsak: 2017/209-5
		Arkiv: X55
		Saksbeh: Rannveig H. Sporsheim
		Dato: 11.09.2019

## Saksframlegg

<b>Utv.saknr.:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Møtedato:</b>
21/19	Arbeidsmiljøutvalet	18.09.2019

### Val av medlemar til AMU 2019 - 2021

#### Rådmannen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet vel følgjande nye medlemar og varamedlemar for perioden 2019 – 2021:

#### Arbeidsgjevarsida:

Fast medlem                      varamedlem

#### Arbeidstakersida

Fast medlem                      varamedlem

Vedlegg

1 Amu-sak

4/17

#### Særutskrift:

#### Bakgrunn:

Viser til amu-sak 4/17 om fastsetting av møter og val av medlemar, jf vedlegg.

Arbeidsmiljølova kap 7 seier noko om plikt til å opprette arbeidsmiljøutval og oppgåvene til utvalet.

#### Utgreiing:

Medlemene blir vald for to år om gongen. Alle plassane, med unntak av representant frå øverste leiing og hovudverneombod kan vere opne for nyval annakvart år.

Arbeidsgjevar peikar ut sine representantar i utvalet og ein representant frå øverste leiing i verksemda skal alltid vere med i AMU.

Faste medlemmar:	Varamedlemar
Ingrid Husøy Rimstad	Geir Göncz
Sissel Oliv Garseth	Hanna Valved Korsvik
Siri Halvorsen	Roald Borthne

Varamedlem Hanna Valved Korsvik har slutta og nytt medlem må peikast ut.

Arbeidstakarsida:		
Faste medlemmar		Varamedlemar
Laila Hoem	?	
Geir Varhaugvik		Terje Ræstad
Rigmor Rørset		Selma Angel Hoem

Fast medlem Rigmor Rørset har bedd om avløyning. Det må og veljast vara for hovudverneombodet.

Arbeidstilsynet har følgjande skriv om val av medlemmar til arbeidstakarsida:

«Arbeidstakernes representanter velges normalt ved flertallsvalg. Hovedverneombudet skal være en av representantene for de ansatte. Alle ansatte, unntatt øverste ledelse, har stemmerett og er valgbare. Valget skal være skriftlig og hemmelig.

Der det finnes flere lokale fagforeninger som sammen organiserer et flertall av arbeidstakerne, kan de avtale at valget skal skje som forholdstallsvalg eller at fagforeningene kan utpeke de ansattes representanter.»

Hovudverneombodet sender ut melding til verneombod og hovudtillitsvalde om val av nye medlemmar til arbeidstakarsida i amu.

**Administrative konsekvensar:**

Ingen særskilde.

**Folkehelsekonsekvensar:**


Ingen særskilde.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen særskilde.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim  
Personalsjef

	<b>Aukra kommune</b>	Arkivsak: 2017/209-2
		Arkiv: X55
		Saksbeh: Rannveig H. Sporsheim
		Dato: 17.02.2017

## Saksframlegg

<b>Utv.saksnr.:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Møtedato:</b>
4/17	Arbeidsmiljøutvalet	22.02.2017

### AMU – fastsetting av møter og val av medlemar

#### Rådmannen si tilråding:

AMU sine medlemar er utpeika/vald for minst 2 år om gongen. AMU skal ha ca 4 møter årleg. Arbeidstakarsida skal gjennomføre val til minst 2 nye vara no. Nyval til AMU skjer annakvart år og første gongen hausten 2017.

**Særutskrift:** : Molde bedriftshelsetjeneste, Verftsgt 10, 6416 Molde

#### Bakgrunn:

Det er behov for ei stabil medlemsgruppe i AMU og oppsett av faste møter på lik linje med andre utval. Dette vil ha ein positiv verknad på arbeidet i utvalet.

#### Utgreiing:

AMU består av 3 arbeidsgjevarrepresentantar og 3 arbeidstakarrepresentantar. Dette er i tråd med arbeidsmiljølovens krav om lik representasjon frå begge sider. Det har vore vanleg at arbeidstakarsida har bestått av verneombod, men det kan og vere tillitsvalde eller andre tilsette.

Medlemane i AMU skal sitte minst 2 år. Det betyr at dei ikkje skal gå ut av utvalet sjølv om dei ikkje lenger innehar verv i løpet av denne 2-årsperioden. Det er sjølsagt og positivt at medlemar sit lenger enn 2 år og at ikkje alle går ut samtidig. For å få stabilitet i utvalet kan det vere greitt å gjere val samtidig med kommunestyrevalet og stortingsvalet.

Frå 2016 er det sett av faste tidspunkt for møta. Desse er ca 2 veker før møte i administrasjonsutval/formannskap. Da får ein til ei god og riktig rekkefølge i saksbehandling av saker som skal opp i fleire utval.



Pr i dag består AMU av:

Fast medlem:

Ingrid Husøy Rimstad  
Sissel Oliv Garseth  
Jorunn Hurlen  
Geir Varhaugvik (fungerande hovudverneombod)  
Oddny Sporsem  
(Geir Varhaugvik)

Vara:

Geir Göncz  
Hanna V Korsvik  
Roald Borthne  
Ingen  
Ingen  
Ingen

Geir Varhaugvik var fast medlem i AMU og pga at han er fungerande hovudverneombod og tek den plassen i AMU, manglar vi eitt medlem på arbeidstakersida. Dersom han går tilbake som fast medlem og det kjem på plass ny hovudverneombod, manglar vi 2 vara.

I arbeidstilsynets nettside står følgande om utvalet:

*«Arbeidsgiver utpeker sine representanter i utvalget. En representant fra øverste ledelse i virksomheten skal alltid være med i AMU.*

*Arbeidstakernes representanter velges normalt ved flertallsvalg. Hovedverneombudet skal være en av representantene for de ansatte. Alle ansatte, unntatt øverste ledelse, har stemmerett og er valgbar. Valget skal være skriftlig og hemmelig.*

*Der det finnes flere lokale fagforeninger som sammen organiserer et flertall av arbeidstakerne, kan de avtale at valget skal skje som forholdstallsvalg eller at fagforeningene kan utpeke de ansattes representanter.*

*Medlemmene velges for to år av gangen.*

*Utvalgets leder velges for ett år. Leder velges blant medlemmer i AMU, og annen hver gang fra arbeidsgiver- og arbeidstakersiden. Dersom partene ikke blir enige om leder skal være fra arbeidsgiver- eller arbeidstakersiden det første året, skal dette avgjøres ved loddtrekning.»*

**Administrative konsekvensar:**

Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim  
Personalsjef



## Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 23/19	Kontrollutvalet	25.9.2019
	Kommunestyret	

### FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «BRUKERMEDVIRKNING I PLEIE OG OMSORG»

#### Sekretariatet si tilråding

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten «**Brukermedvirking innen pleie og omsorg**» til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar frå kontrollutvalet:
  - Kommunen skal ha meir fokus på brukarmedverking ut mot tenesteytarane. Dei tilsette skal bli minna om kvar dei skriftlege prosedyrane er lagra og kva som er kommunen sin strategi for korleis brukarmedverking skal gjennomførast under den daglege utføringa av tenesta.
  - Kommunen skal vurdere om det er meir dei kan gjere for at brukarar og brukarorganisasjonar skal bli gitt enda meir medbestemming, i saker som ser ut til å vere viktig for dei.
  - Aukra kommune skal etablerer eit system for innhenting av pasientar og brukarar sine erfaringar og synspunkt. Det vil vere nyttig for kommunen å gjennomføre brukarundersøking i pleie- og omsorg jamleg, for eksempel annakvart år.
  - Aukra kommune skal sikre at erfaringar frå brukarar, som er innhenta på systemnivå gjennom brukarundersøkingar, blir brukt til etterarbeid som har som mål å vidareutvikle og forbetre tenesta.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt første møte i 2020.

#### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova § 77, nr. 4 og Forskrifter for kontrollutval, kap. 5.

Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultata av disse til kommunestyret, jf. kontrollutvalforskrifta § 11.

Frå konstituerande møte i kommunestyret 2019, trer ny kommunelov og forskrift om kontrollutval og revisjon i kraft. Det er då kommunelova §§ 23-3 og 23-5 som regulerer dette

ansvaret, samt §§ 4 og 5 i forskrifta som bl.a. seier at kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret sine vedtak om forvaltningsrevisjon blir følgt opp. Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyre om gjennomførte forvaltningsrevisjonar, og om vedtaket er følgt opp.

Kontrollutvalet i Aukra vedtok i møte 25.2.2019, sak 03/19, å bestille forvaltningsrevisjon av «Brukarmedverking innan helse og omsorg».  
Prosjektet er bestilt gjennomført av Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Plan for forvaltningsrevisjon viser innafør kva tema forvaltningsrevisjon skal gjennomførast. Kontrollutvalet i Aukra vedtok sin Plan for forvaltningsrevisjon 2016 -2019 i møte 15.9.2016, sak 22/16.

Aukra kommunestyre gjorde endeleg vedtak 11.10.2016, K-sak 77/16 Overordna analyse-Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019.

*Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen eller prioritere andre tema for forvaltningsrevisjons-prosjekt, dersom desse uføresett oppstår i planperioden.*

Brukarmedverking er ikkje eit tema som ut frå risiko- og vesentlegvurderinga er særleg aktuelt for forvaltningsrevisjon i perioden, men det er tatt med i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 som eit tema som kan vere aktuelt.

Revisjonen skriv i den overordna analyse at «Brukerinvolvering og brukerperspektivet er fortsatt dårlig ivaretatt i mange kommuner.».

Det vart i samband med bestillinga peika på at dette er eit prosjekt som også kan ha nytteverdi for andre sektorar i kommune, då brukarperspektivet er viktig i all tenesteproduksjon i kommunen. Utvalet har i løpet av valperioden blitt kontakta av fleire pårørande til brukarar i kommunen, som gjer at utvalet har vurdert dette området som eit risikoområde som det er grunn til å undersøke nærare.

Utvalet bad revisjonen å ta utgangspunkt i følgjande problemstillingar ved utforming av prosjektplanen:

- Får pasient og brukarar medverke til gjennomføring av helse og omsorgstenestene dei mottek, og vert tenestetilbodet utforma i samarbeid med pasient, brukar og pårørande?
- Har kommunen eit system for å innhente erfaringar frå brukarar, pasientar og pårørande av helse og omsorgstenester i kommunen?
- Blir erfaringar frå brukarar og pårørande brukt til å planlegg og forbetre helse- og omsorgstenestene i Aukra kommune?

I følgje RSK 001, Standard for forvaltningsrevisjon, skal det i starten av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt utarbeidast ein prosjektplan som skal danne grunnlag for gjennomføring av prosjektet.

Prosjektplanen vart godkjent av kontrollutvalet i sak 11/19, 1.4.2019.

Utvalet kom i møte med innspel til forvaltningsrevisor om forhold som ein burde vere oppmerksom på når ein skulle inn å vurdere brukarmedverking:

- Gjennomtrekk hos tilsette.
  - Vedlegg til avtalane er «Gjennomføring av regnskapsrevisjon», «Gjennomføring av forvaltningsrevisjon», «Reglement for kontrollutvalet», «Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019» og «Honorar for gjeldande år»

Slike avtalar bidreg til ei tydelegare avklaring av roller og kva kontrollutvalet kan forvente av revisor.

7. Revisor er underlagt fleire faglege standardar for korleis eit revisjonsoppdrag skal planleggast, gjennomførast og rapporterast. Det skal blant anna utarbeidast ein overordna revisjonsstrategi (revisjonsplan) for kvart revisjonsoppdrag.

Det er naturleg at kontrollutvala blir orientert om revisjonsstrategien så tidleg som mogleg i revisjonsåret. Revisor presentere dei overordna vurderingane som er gjort i forhold til risikobildet for revisjonsoppdraget, korleis revisjonen er planlagt gjennomført og eventuelle risiko- og fokusområder for revisjonsoppdraget.

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet, så revisor skal også gjennom året gje tilbakemelding om revisjonsarbeidet følgjer oppsett plan, eller om det er grunnlag for å endre revisjonsstrategien på noko område. Revisor gir kontrollutvalet ein presentasjon frå interimrevisjonen.

Revisor skal presentere ein oppsummering av årets revisjon med funn og vurderingar i samband med revisjonsberetninga vert lagt fram og forut for kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen.

Oppdragsavtalen mellom kontrollutval og revisjon regulerer rapporteringane.

8. I forskrifta er det krav om at revisor i brev skriftleg skal peike på nærare nemde forhold overfor kontrollutvalet. Rådmannen skal ha kopi av brevet. Reglane er ikkje til hinder for at revisor sjølv vurderer om det er andre forhold som også bør rapporterast til kontrollutvalet.

Det er lista opp sju forhold som krev slik rapportering:

- 1) Manglar ved plikta til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
- 2) Feil og manglar ved organiseringa av den økonomiske internkontrollen
- 3) Mislegheiter
- 4) Feil som kan medføre feilinformasjon i årsrekneskapen
- 5) om det ikkje er gjort greie for vesentlege avvik mellom beløpa i den revisjonspliktige sitt årsrekneskap og regulert budsjett slik det går fram etter gyldige vedtak/endingar fatta på rett avgjerdsnivå
- 6) grunngjeving for manglande underskrift ved stadfesting overfor offentlege myndigheiter som vert gjeve i etter lov eller forskrift
- 7) grunngjeving for å seie frå seg oppdraget etter § 16.

Forholda som er lista opp i § 4 er av alvorleg karakter. Slike forhold skal følgjast opp i revisjonsarbeidet, og kontrollutvalet kan be om rapportering frå revisor om rådmannen sørgjer for at det blir satt i verk korrigerande tiltak

Kontrollutvalet bør som ledd i det å halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet, vurdere om det er tenleg å få tilsendt anna viktig korrespondanse mellom revisor og administrasjonen.

9. Revisor skal gjennom revisjonen bidra til å forebygge og avdekke mislegheiter og feil. Dersom revisor konstaterer mislegheiter, skal det straks sendast ein skriftleg, foreløpig rapport til kontrollutvalet. Når saksforholdet er nærare klarlagt, skal kontrollutvalet ha endeleg rapport. Rådmannen skal ha kopi av rapporten. Mislegheiter er nemnd som eitt av dei sju punkta, som krev nummerert brev frå revisor til kontrollutvalet.

Rapportering om mislegheiter kan gjerast munnleg så lenge revisor ikkje har brakt klarheit i om det er mislegheiter eller ikkje.

Etter ISA 240 Revisors oppgaver og plikter til å vurdere misligheter ved revisjon av regnskaper skal revisor spørre leiinga om vurdering av risiko for mislegheiter og etablerte kontrollar for å hindre og avdekke mislegheiter. Kontrollutvalet kan be om å bli orientert om leiinga og revisor sine vurderingar på dette området.

10. Kontrollutvala skal gje ein uttale om årsrekneskapen etter at revisor har gjeve revisjonsberetninga, men før rekneskapen vedtakast av kommunestyret. Revisor skal gje sin revisjonsberetning innan 15. april, med kopi til kontrollutvalet.

Sida ein normalberetning ikkje gjev særleg informasjon utover sjølve stadfestinga av rekneskapen, skal revisor i møte kor kontrollutvalet gjev sin uttale summere opp året sin revisjon og kommentere forhold knytt til rekneskapen. Her vil revisor også kommentere forhold som bør følgjast opp for å betre kvaliteten. Revisor bør også avklare om det ved årsavslutninga ligg føre uavklarte forhold som etter revisor si meining er tenleg at kontrollutvalet også føl opp.

11. Revisor har plikt til å møte i kommunestyret når det behandlar saker som er knytt til revisorsitt oppdrag. Elles har oppdragsansvarleg revisor møterett i kommunestyret. Oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett i kontrollutvalet sine møter.

Kontrollutvalet og revisor bør uavhengig av forskrifta, ta stilling til om det om det enkelte møte er naudsynt med revisor si deltaking. Dette avhenger av saker og orienteringar der det er behov for at revisor er tilstades.

12. Revisor har, når dette er kravd, opplysningsplikt overfor medlemmer av kommunestyret og kontrollutvalet om forhold som revisor har fått kjennskap til gjennom revisjonen. Revisor har ikkje plikt til å gi opplysningane til enkeltmedlemmer, men kan krevje å få gitt disse til utvalet som kollegium.

## FORVALTNINGSREVISJON

Anbefaling	Vurdering revisjonsåret 2018 – Kontrollutvalet i Aukra
1. Krav til kompetanse for oppdragsansvarlig revisor – RF § 11 Forskrifta stiller krav om at oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor skal ha minimum tre års utdanning frå universitet/høgskole	Når det gjelder oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor, så vil dette variere frå prosjekt til prosjekt. På forvaltningsrevisjonsprosjektet «Brukermedvirkning – Aukra kommune», så var det Einar Andersen som var oppdragsansvarleg revisor. Han tilfredsstillter krava gitt i revisjonsforskrifta § 11. Alle oppdragsansvarlege revisorar oppfylte NKRF sitt krav til etterutdanning i 2018.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg RF § 12	Dei oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorane knytt til Aukra kommune tilfredsstillter krava gitt i forskrifta § 12.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengighet – RF § 15	Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Einar Andersen legg fram sin uavhengighetserklæring datert 10.05.19 i møte 25.09.19, sak 23/19 (Revisjonsåret 2019).
4. Generelt om revisors uavhengighet og objektivitet - RF § 13 & 14	I tillegg til at oppdragsansvarleg revisor leverer uavhengighetserklæring til kontrollutvalet, jf. pkt. 3, så rapporterer alle revisorane i revisjonsteama sin uavhengigheit til oppdragsansvarleg revisor.
5. Grunnlaget for gjennomføring av et forvaltningsrevisjonsprosjekt – Kommuneloven (KL) §§ 77-78, RF § 6-8  Forvaltningsrevisjonen skal basere seg på NKFRs standart for forvaltningsrevisjon (RSK 001) NKRF har også utarbeidet en veilere for forvaltningsrevisjon.	Alle forvaltningsrevisjonar vert gjennomført på bakgrunn av bestilling frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet bestiller prosjekt gjennomført av MRR. Bestillinga tek utgangspunkt i Overordna analyse - Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019, vedtak i Aukra kommunestyre 11.10.2016, sak 76/2016.
6. Prosjektplan  Prosjektplanen bør inneholde følgende pkt: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bakgrunn for prosjektet</li> <li>- Målsetting og problemstillinger</li> <li>- Revisjonskriterier eller grunnlag for disse</li> <li>- Metodisk tilnærming</li> <li>- Organisering og ansvar, ressursbehov og tidsplan</li> </ul>	På bakgrunn av bestillinga, lager revisjonen en prosjektplan. Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt «Brukermedvirkning Aukra kommune» vart behandla i møte 01.04.19, sak 11/19. Prosjektplan vart utarbeidd i tråd med RSK 001. Kontrollutvalet godkjente framlagte prosjektplan, med dei merknader og tillegg som framkom i møte. Prosjektplanen danna grunnlag for gjennomføring av prosjektet.
7. Endringar i prosjektplanen Dersom det oppstår behov for å gjere vesentlege endringar i forhold til prosjektplanen, skal endringane leggst fram for kontrollutvalet for godkjenning	Det ble ikkje gjort endringar i vesentleg grad i dette prosjektet.
8. Orientering til kontrollutvalet undervegs Ved omfattande prosjekt kan kontrollutvalet ha behov for orientering frå revisor undervegs om korleis	Prosjektet har holdt planlagt framdriftsplan, og skal behandlast i sak 23/19, 25.09.19 (revisjonsåret 2019).

prosjektet utviklar seg, for å forsikre seg om at det er i tråd med bestilling og framdriftsplan	
<p>9. Kvalitetskontroll</p> <p>Kontrollutvalet bør forsikre seg om at forvaltningsrevisjonsprosjektet vert gjennomført i samsvar med krava i RSK 001 <i>Standard for forvaltningsrevisjon</i>.</p> <p>Det er sekretariatet si oppgåve å rettleie kontrollutvalet i denne vurderinga.</p>	Møre og Romsdal Revisjon IKS hadde ikkje ekstern kvalitetskontroll innan forvaltningsrevisjon i 2018.
<p>10. Framlegging av ferdig rapport</p> <p>Kontrollutvalet må kontrollere at rapporten er i tråd til bestillinga, og at alle problemstillingane er svara ut.</p> <p>Dersom kontrollutvalet vurderer at revisor sin rapport ikkje er god nok eller ikkje svarar på bestillinga, bør dette avklarast gjennom dialog med revisor</p>	Det har ikkje blitt lagt fram forvaltningsrevisjonsrapportar i revisjonsåret 2018. Bestilt rapport blir lagt fram i møte 25.09.19, sak 23/19 (Revisjonsåret 2019)
<p>11. Misligheter – RF § 3, RF § 8, KF § 8</p> <p>Kontrollutvalet bør forsikre seg om at revisjonen har rutinar som sikrar ein forsvarleg handtering av mislegheiter og feil som blir avdekka i samband med forvaltningsrevisjon.</p>	Vi har den oppfatning av at MRR følgjer reglane som er gitt i forhold til mislegheiter. Det er ikkje behandla saker knytt til mislegheiter i 2018.
<p>12. Revisors møteplikt og møterett – RF § 19, KF § 19.</p> <p>Revisor har plikt til å møte i kommunestyret når det vert handsama saker som er knytt til revisor sitt oppdrag. Utover dette har oppdragsansvarleg revisor møterett i kommunestyret. Oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett i kontrollutvalet sine møter.</p>	Forvaltningsrevisor er tilstades i kommunestyret sitt sitt møte når forvaltningsrevisjonsrapportar vert handsama. Dersom ordførar ønskjer det, kan revisor orientere kommunestyret om rapporten, og eller svar på. Dersom kontrollutvalet skal kunne følge opp dette punktet er det viktig at det går fram av kommunestyreprotokollen når revisor er tilstades, slik at dette blir dokumentert. Det blir gjort i Aukra kommune.
13. Revisors opplysningsplikt – RF § 20	Kontrollutvalet får dei opplysningane som det vert bede om. Det er vanskeleg å vurdere om revisor skulle gitt ytterlegare opplysningar.



## Saksframlegg

<b>Utvallssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 26/19	Kontrollutvalet	25.9.2019
	Kommunestyret	

### **KONTROLLUTVALET SIN RAPPORT TIL KOMMUNESTYRET OM UTVALET SI VERKSEMD I VALPERIODEN 2015-2019**

#### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet godkjenner vedlagte rapport om utvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 som vert sendt over til kommunestyret med følgjande tilråding:

Kommunestyret tek framlagt rapport om kontrollutvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 til vitande.

#### **Bakgrunn for saka**

I medhald av KommuneLOVEN § 77, pkt. 6 skal kontrollutvalet rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer løpande til kommunestyret om arbeidet dei utfører, både gjennom årsmeldingar og ved framlegging av forvaltningsrevisjonsrapportar. I tillegg vert protokollar frå kontrollutvalet fortløpande lagt fram for kommunestyret som referatsaker. Kommunestyret har med dette høve til å stille spørsmål til kontrollutvalet sine medlemmer i kommunestyret.

Som eit ledd i denne rapporteringa vil kontrollutvalet legge fram ein rapport for kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden og vurdere om utvalet har nådd dei lovmessige krav som er sett til kontrollutvalet si verksemd.

Vedlagt følgjer:

- Eigenevaluering av kontrollutvalet sitt arbeid – Valperioden 2015 – 2019

#### **VURDERING**

Føremålet med rapporten er frå kontrollutvalet si side å informere om utvalet si rolle og funksjon, og at ein på den måten kan gje føringar og signal om lovmessige krav og om føremålet med utvalet si verksemd i valperioden.

Rapporten inneheld innleiingsvis ein kort presentasjon av kontrollutvalet og kontrollutvalet si rolle. Vidare gir den ein kortfatta oversikt over kontrollutvalet sine oppgåver slik dei går fram av dei gjeldande lovreglar om tilsyn og kontroll i kommunelova og i forskriftene om revisjon og kontrollutval.

Rapporten er utforma på ein måte som kan gjere den eigna til grunnlag for informasjon om tilsyn og kontroll til nytt kontrollutval og nytt kommunestyre.

Sekretariatet viser til vedlagt rapport om utvalet si verksemd i valperioden 2015-2019. Eventuelle forslag til endringar i rapporten som kjem fram i kontrollutvalet sitt møte vert innarbeidd i rapporten før den vert sendt over til kommunestyret.

Jane Anita Aspen  
daglig leder





**KONTROLLUTVALET I  
AUKRA KOMMUNE**

## **Eigenevaluering av kontrollutvalet sitt arbeid**

**Valperioden 2015 – 2019**

# 1. Innleiing

Valperioden 2015 – 2019 nærmar seg slutten. For å kunne summere opp eiga verksemd og for å kunne gje det påtroppande kontrollutvalet ei god innføring til sitt arbeid, ønskjer kontrollutvalet å gje ein evaluering av sitt eige arbeid i valperioden.

## 2. Om kontrollutvalet, mandat og samansetjing

Kontrollutvalet vert vald av kommunestyret og skal på vegne av kommunestyret føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Alle kommunar og fylkeskommunar er pliktig til å velje eit kontrollutval. Kontrollutvalet skal ha sekretærbistand i sitt arbeid og kommunestyret skal i medhald av kommunelova sørgje for dette.

### 2.1 Kontrollutvalet si samansetjing i perioden

Kontrollutvalet i Aukra kommune har for perioden 2015 – 2019 følgjande samansetjing:

Funksjon	Namn	Parti	Varamedlemmer	Nr	Namn	Parti
Leder	Oddvar Hoksnes*	Krf		1	Jørgen Svenheim	Sp
Nestleder	Ole Rakvåg*	H		2	Oddmund A. Varhaugvik	Krf
Medlem	Wilhelm Andersen	Ap		3	Øyvind Solem	Ap
Medlem	Oddbjørg Sporsheim	V				
Medlem	Håkon Inge Sporsheim	Frp				

\* medlem av kommunestyret.

Bjørgh Hukkelberg (Ap) fekk i kommunestyremøte 13.12.2016 fritak frå vervet som medlem i kontrollutvalet for resten av perioden 2015-2019.

Wilhelm Andersen vart valt som nytt medlem i kontrollutvalet. Oddmund Varhaugvik vart valt som 2. varamedlem og som nytt 3. varamedlem vart valt Øyvind Solem.

### 2.2 Rammer for utvalet sitt arbeid

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ, kor deira mandat har grunnlag i kommunelova si føresegn om internt tilsyn og kontroll § 77:

Kontrollutvalet sine oppgåver er i utgangspunktet gitt i kommunelova § 77, og i forskrift om kontrollutval av 15.06.2004, men kommunestyret kan konkret be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne. Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal ifølge kommunelova sørgje for at følgjande oppgåver blir utført:

- Rekneskapsrevisjon – sjå til at kommunen sine rekneskap reviderast på ein trygg måte, gje uttale om årsrekneskaper og sjå til at revisor sine merknader til årsrekneskaper blir følgt opp.
- Forvaltningsrevisjon –basert på ei overordna analyse utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, rapportere resultatane frå forvaltningsrevisjonsprosjekt til kommunestyret og følgje opp tilrådingane.

- Gransking eller undersøkingar – på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret, ta tak i forhold som kan oppfattast som uønskt eller i strid med mål om ei effektiv og forsvarleg forvaltning av kommunen sine ressursar.
- Selskapskontroll – utarbeide plan for selskapskontroll og føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap.
- Val av revisjonsordning – kontrollutvalet gjev innstilling om val av revisjonsordning til kommunestyret og eventuelt innstiller på val av revisor.
- Budsjett – utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen

Innan desse rammene skal kontrollutvalet utøve tilsynsrolla på vegne av kommunestyret, for å bidra til god tenestekvalitet, effektiv ressursutnytting og å sikre at politiske vedtak blir følgt opp.

### **Reglement for kontrollutvalet**

Det er vedtatt eit eige reglement for kontrollutvalet. Retningslinene vart vedteken i k-sak 71/11 i møte den 22.09.2011. Reglementet vart revidert i sak 75/15, 17.9.2015.

Reglementet gir retningsliner for samansetjing av utvalet, sakshandsaming, ressursar og oppgåver.

## **2.3 Kontrollutvalet sine ressursar**

### **Sekretariat**

Forskrifta fastslår at utvalet skal ha sekretariatsbistand tilpassa deira behov. Kontrollutvalet har sekretariatsbistand frå Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Sekretariatet vart etablert i 2005 etter vertskommunemodellen med Molde kommune som vertskommune. I 2013 vedtok medlemskommunane å endre organisasjonsforma for sekretariatet til eit Interkommunalt Samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 som eit eige rettssubjekt. Samarbeidet vart oppretta med verknad frå august 2013.

Sekretariatet skriv saksframstillingar, støttar kontrollutvalet med praktisk tilrettelegging og oppfølging av møter, samt vedtaksoppfølging. Sekretariatet er bindeledd mellom utval, revisjonsselskap, og administrasjon og utfører oppgåver på vegne av kontrollutvalet.

### **Revisjon**

Revisjonsordninga skal vere tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov, behov for oppfølging av særskilte vedtak, kompetansenivået i kommunen og kommunen si eigen organisering og internkontroll.

Ved starten av valperioden var Aukra kommune medeigar i og hadde avtale om levering av revisjonstenester frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal. Selskapet vart etablert i 1993 og leverte revisjonstenester til Aukra kommune samt 8 andre kommunar i Romsdal og på Nordmøre.

Våren 2015 fatta Aukra kommunestyre vedtak om å velje Møre og Romsdal Revisjon IKS som revisor for kommunen. Selskapet vart stifta etter vedtak i Møre og Romsdal fylkeskommune og dei 17 kommunane på Nordmøre og Romsdal. Av ulike årsaker vart etableringa forseinka og det nye

selskapet var først i drift frå februar 2017. Selskapet har sidan då levert revisjonstenester til kommunen.

Kommunestyret delegerte til kontrollutvalet ansvar for å inngå ein oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS, som regulerer dei tenestene som selskapet leverer.

I starten fordelte revisjonsselskapet ressursane sine i forhold til årleg honorar som vart betalt av medlemskommunane. Frå 1.1.2019 gjekk selskapet over til honorar etter medgått tid.

Selskapet har utført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for kommunen. Til rekneskapsrevisjon vert nytta det timetalet selskapet kvart år finn nødvendig for å kunne stadfeste kommunen sin årsrekneskap. Ressursane til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert brukt på bakgrunn av kontrollutvalet sine bestillingar av prosjekt, basert på plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll vedtatt av kommunestyret

### **Økonomi**

*Kontrollutvalet utarbeider et forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommune eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet/skommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.*

*Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 7 §18*

Kontrollutvalet har kvar haust lagt fram eit forslag til budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen. I dette budsjettet har inngått kostnader knytt til utvalet sjølv, sekretariatstenester og revisjonstenester. Budsjettet har fordelt seg slik:

2015	kr 564 700,-
2016	kr 572 000,-
2017	kr 570 000,-
2018	kr 563 500,-
2019	kr 968 500,-

Auken i budsjettet for 2019 skuldast auke i revisjonskostnader, då revisjonen gjekk over til fakturering etter medgått tid. Beløpet for 2019 er stipulert ut frå forbruk i 2018.

## **3. Arbeid i utvalet**

### **3.1 Møter**

Det har gjennom perioden vore halde 5-6 møter pr. år. Møtefrekvensen er tilpassa utvalet sin aktivitet og i forhold til omfanget av saker som har vore handsama. Kontrollutvalet sine møter er i hovudsak lagt til kommunehuset.

Utvalet har vore oppteken av å vere ein synleg del av organisasjonen og å halde seg oppdatert på kva som rører seg innan dei ulike verksemdsområde. Ved mange av kontrollutvalet sine møter har det vore gitt orienteringar frå administrasjonen knytt til ulike verksemdsområde i kommunen. Informasjon frå dei som arbeider i kommunen og som kjenner forholda best er vurdert som spesielt viktig for kontrollutvalet. På den måten har utvalet fått førstehands kunnskap og føresetnader for å gjere jobben dei er satt til.

Utvalet har i valperioden hatt følgjande orienteringar som alternativ til verksemdbesøk:

- Eining for innvandring og integrering (2016)
- Orientering om organisering og leing av utbyggingsprosjekt i Aukra kommune (2016)
- Barnevernstenesta for Molde, Aukra, Midsund og Eide (2017)

- Barnevernstenesta for Molde, Aukra, Midsund, Eide og Vestnes (2019)
- Utanforskap (2019)
- Informasjonstryggleik (2019)

### 3.2 Saker

Ein stor del av kontrollutvalet si sakshandsaming omfattar forhold dei er pålagd å arbeide med gjennom krava i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kva fokus som veljast i dei ulike arbeidsoppgåvene, er i stor grad opp til utvalet sjølv å definere. Gjennom forvaltningsrevisjonar er det internkontroll og rutinar i kommunen som peiker seg ut som det området som har fått størst merksemd, sjå eget avsnitt om gjennomførte forvaltningsrevisjonar i perioden. Kontrollutvalet har i tillegg hatt fokus på Fylkesmannen sine tilsynsrapportar og kommunen si oppfølging av desse.

Kontrollutvalet si sakshandsaming er samanfatta i eit årshjul (Arbeidsplan). Det er eit visst mønster frå år til år, når det gjeld kva for slag saker som kjem opp til handsaming.

I tillegg til dei kjente saksområda, hender det at utvalet får førespurnader frå innbyggjarane eller tilsette i kommunen, som rører ved områder som kan være innanfor kontrollutvalet sitt myndigheitsområde. Slike førespurnader handsamast seriøst uavhengig om det er eit forhold som blir undersøkt vidare, eller at kontrollutvalet finn at dette ikkje er ei sak som høyrer til deira funksjon å sjå på.

Utvalet har i perioden bla motteke handvendingar knytt til:

- Rutinar for Norges Vells medalje
- Evaluering av løysingsforlaga for Aukra omsorgssenter
- Tilsetjingsrutinar
- Korleis fungerer AMU i Aukra kommune
- Arbeidsmiljøet ved Aukraheimen
- Innkrevjing av gebyr ved Aukra legekontor
- Manglande institusjonsplass
- Mitt første møte med elderomsorgen i Aukra kommune.

Kontrollutvalet har gjennom valperioden gått gjennom store deler av kommunen si verksemd og handsama 46 saker i 2015, 41 saker i 2016, 38 saker i 2017, 39 saker i 2018 og 31 saker så langt i 2019 (siste møte for det sittande kontrollutvalet er 25.9.2019).

### 3.3 Deltaking i relevante fora

For å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for utvalet si oppgåveløysing, deltek medlemmene på konferansar og samlingar, når det vert vurdert som relevant og mogeleg. Det har vore vanleg at utvalet årleg har vore representert på:

- Nasjonal konferanse for kontrollutval i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF).
- Årsmøte og fagkonferanse Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

Aukra kommune er medlem i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) og utvalsmedlemmer har deltatt på årsmøta til FKT som arrangerast i samband med nasjonal fagkonferanse.

I tillegg har det i perioden vore arrangert årlege fagsamlingar for kontrollutvals- og varamedlemmer i dei 9 medlemskommunane som er knytt til Kontrollutvalgssekretariatet for

Romsdal. Samlingane har hatt tema som er aktuelle for kontrollutvalsmedlemmer. Til dømes; Arbeid i kontrollutvalet, kommuneøkonomi og habilitet.

#### 4. Rekneskapsrevisjon

*”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte,(...)*

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget.*

*Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.”*

*Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 4*

Kontrollutvalet handsamar saker om rekneskapsrevisjon på fleire måtar gjennom året. Det er etablert rutinar for orienteringar frå oppdragsansvarleg revisor i samband med at det vert avlagt revisjonsmelding og anna rapportering.

I tillegg til å gje uttale årsrekneskapen, gjev kontrollutvalet si fråsegn til Aukra kommune sine investeringsrekneskap før dei vert sendt over til kommunestyret for behandling. Utvalet følgjer også den økonomiske utviklinga gjennom året ved gjennomgang av tertialvise rekneskapsrapportar som rådmannen gjev til kommunestyret.

Utvalet har i perioden gjeve uttale til følgjande investeringsprosjekt:

- **Gang sykkelveg Falkhytten-Horrem-Solem (2016)**
- **Tilbygg Bergtun, ny bueining (2016)**
- **Vassleidning Fræna-Hollingsholm (2016)**
- **Gjenbruk av skolebygg (2016)**
- **Vatn – utskifting av asbestsementrør Sanden-Hukelberg (2017)**

#### Revisjon av årsrekneskapen

Kontrollutvalet har gitt si fråsegn til kommunen sine årsrekneskap i valperioden som er framlagt for formannskapet og som har inngått som grunnlag for kommunestyret sine avgjersler når kommunestyret har vurdert om kommunen sin rekneskap skal godkjennast.

Kontrollutvalet har gjeve følgjande fråsegn til rekneskapen for Aukra kommune i valperioden:

**2015: Sak 10/16:** Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2015 viser kr 284 194 000,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 14 795 000.-. Netto driftsresultat er positivt med kr 82 463 000.-. Årets bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen er på 14,4 mill. kroner, medan overføringane til investeringsrekneskapet utgjer kr 0,- som er i samsvar med budsjett. Disposisjonsfondet pr. 31.12.15 er på kr 221 336 976.-. Av dette utgjer Fond for fastlandsløysing 117,6 mill. kroner, opplyser økonomisjefen.

Mange av einingane har hatt mindreforbruk, men nokre av einingane har hatt utfordringar med å halde budsjettet i 2015.

Kontrollutvalet har merka seg at revisor skriv i sitt brev til kontrollutvalet at kommunen har hatt stor auke i utgifter dei seinare åra og har ei utfordring med å begrense utgiftene.

**2016: Sak 13/17:** Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2016 viser kr 261 753 000,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 11 918 000.-. Netto driftsresultat er positivt med kr 142 023 000.-. Årets bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen er på 8,6 mill. kroner, medan overføringane til investeringsrekneskapet

utgjer kr 0,- som er i samsvar med budsjett. Disposisjonsfondet pr. 31.12.16 er på kr 362 540 801.-. Av dette utgjer Fond for fastlandsløysing kr 203 850 630.-.

Nokre einingar har hatt mindreforbruk, og nokre einingar har hatt utfordringar med å halde budsjettet i 2016. Samla viser det økonomiske resultatet eit meirforbruk på 2 302 000.- på drift av tenestene.

**2017: Sak 16/18:** Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2017 viser kr 276 735 000,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 467 000.-. Etter revisjonen si vurdering burde det vore gjort ein reduksjon med kr 3 448 013.- på grunn av endeleg avslag på tilskot frå IMDI Integrerings og mangfolds direktoratet og kr 2 234 562.- grunna manglande dokumentasjon av innvilga tilskot. Dette ville medført at ein ville gått frå eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 467 493.- til eit meirforbruk på kr 3 215 365.-. Netto driftsresultat er positivt med kr 120 941 000.-. Med endringa beskrive over, så ville netto driftsresultat blitt kr 115 258 403.-.

Etter revisjonen si meining er årsrekneskapen, med unntak av verknaden av forholdet som er beskrive i revisjonens melding under avsnittet «Grunnlag for konklusjon med forbehold», avlagd i samsvar med lov og forskrifter.

Kontrollutvalet konstaterer at revisjonen har tatt eit atterhald i si revisjonsmelding. Utvalet vil følge opp at rådmannen set i verk tiltak for å sikre naudsynt kvalitetssikring av informasjon frå einingane, slik at ein unngår forhold som tidlegare beskrive.

Utvalet vil også oppmode om at eininga Innvandring og integrering, blir beskrive på ein meir utfyllande måte i årsrapport og tertialrapportar, med oversikt over kva ramme eininga rår over det einskilde år, og bruk av ramme.

**2018: Sak 17/19:** Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2018 viser 293 823 mill. kroner,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig meir/mindreforbruk på kr 0.-. Netto driftsresultat er på 135 221 mill. kroner.

Årets bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen er på 5,4 mill. kroner.

Disposisjonsfondet pr. 31.12.18 er på kr 524 792 000.-. Av dette utgjer Fond for Fastlandsløysing kr 439 900 649.-.

Nokre einingar har hatt mindreforbruk, og nokre einingar har hatt utfordringar med å halde budsjettet i 2018, men det er ikkje store avvik i forhold til endeleg budsjett.

Utvalet er nøgd med at administrasjonen har tatt tak i dei tilbakemeldingane revisjonen gav knytt til årsrekneskapen 2017.

## 5. Forvaltningsrevisjon

*”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon*

*Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.”*

*Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 5*

Kontrollutvalet skal utgreie behovet for, planleggje og bestille forvaltningsrevisjonar i kommunen og resultatata frå arbeidet skal rapporterast til kommunestyret.

Det er utarbeidd **Overordna analyse -Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 15.9.2016, sak 22/16 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 11.10.2016 i K sak 77/16.

Arbeidet med forvaltningsrevisjon har vore høgt prioritert i heile utvalsperioden. Kontrollutvalet har gjort mange vurderingar og hatt drøftingar for å finne gode arbeidsmetodar både i prioritering av prosjekt, samarbeid med revisjonsselskapet og i samband med handsaming av avlagte rapportar.

Frekvensen for utarbeiding av planer for forvaltningsrevisjon skal i medhald av kommunelova vere minimum ein gong i kvar valperiode. Aukra kommune har hatt rutinar for utarbeiding av slike planer, samt at det blir tatt ein gjennomgang av plana som er vedteken i samband med nye bestillingar.

Kontrollutvalet har hatt dialog med den politiske og administrative leiinga undervegs i prosessen med utforminga av plan for forvaltningsrevisjon og tatt med seg konstruktive innspel til planlegginga av forvaltningsrevisjonsarbeidet.

Ved bestilling av dei enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekta har utvalet lagt mykje arbeid i å få innretta bestillingane slik at dei skal ha fokus på dei forholda utvalet meiner er viktig. Samarbeidet og dialogen med revisor har vært av stor betydning.

Alle forvaltningsrevisjonar vert systematisk lagt fram for kontrollutvalet etter kvart som dei er ferdige. Alle rapportane er sendt vidare til kommunestyret for endeleg vedtak. Etter kommunestyret si handsaming og vedtak, er rapportane følgt opp med tanke på å sjå til at vedtaka blir realisert og arbeidd vidare med i administrasjonen.

## **5.1 Gjennomført forvaltningsrevisjon**

Kontrollutvalet har i valperioden handsama oppfølging av 1 tidlegare rapport og 3 nye forvaltningsrevisjonsprosjekt.

### **Sak 31/14: Kvalitet i sykehjemstjenester i Aukra kommune**

Funn: Forvaltningsrevisjonsprosjektet avdekkja noen forbettringspunkt. Dei forhold som revisjonen trakk fram som anbefalingar var:

1. Aukra kommune bør sikre tilstrekkeleg bemanning ved Aukraheimen.
2. Aukra kommune bør vidareføre arbeidet med å sikre at personalet ved Aukraheimen har tilstrekkeleg kompetanse.
3. Aukra kommune bør sikre at alarm- og telefonsystem ved Aukraheimen fungerer tilfredstillande.
4. Aukra kommune bør vidareføre og intensivere kvalitetsarbeidet ved Aukraheimen.

**Oppfølging:** Revisjonen konkluderte i sitt oppfølgingsbrev av 13.11.2015 at det vert henta inn oppdatert informasjon om oppfølging av anbefaling nr. 1 og 2. og anbefaler kontrollutvalet å halde seg orientert om utvikling innanfor følgjande områder:

- **å sikre tilstrekkeleg bemanning ved Aukraheimen**
- **å føre vidare arbeidet med å sikre at personalet ved Aukraheimen har tilstrekkelig kompetanse**

Kontrollutvalet valde å be revisjonen om å innhente og vurdere oppdatert informasjon som vart lagt fram i kontrollutvalet sitt møte i juni 2016. **Kontrollutvalet konkluderte med at det ikkje er behov for meir oppfølging og avslutta saka.**



Sak 24/15: **Forvaltningsrevisjonsrapport Informasjonssikkerhet i Aukra kommune.** Det var 10 tilrådingar i rapporten som kommunestyret fatta vedtak om at rådmannen skulle følgje opp:

1. Aukra kommune bør sikre at det utarbeidast sikkerheitsmål og sikkerheitsstrategi for informasjonssikkerheit og implementere dette i eigen organisasjon.
2. Aukra kommune bør klargjere arbeidsdeling gjeldande informasjonssikkerheit med ROR-IKT.
3. Aukra kommune bør utarbeide oversikt over personopplysningar som handsamas i kommunen. Oversikta bør gjerast kjend for dei med ansvar for informasjonssikkerheit og aktuelle tilsette i organisasjonen.
4. Aukra kommune må utarbeide rutinar for sikkerheitsrevisjon og gjennomføre jamleg sikkerheitsrevisjonar.
5. Aukra kommune bør utarbeide og implementere rutinar for melding om avvik frå føresegn om informasjonssikkerheit. Leiinga bør formidle klare forventningar om at det meldast avvik knytt til informasjonssikkerheit.
6. Aukra kommune bør utarbeide oppdatert organisasjonskart i forhold til behandlingsansvaret etter personopplysningsloven og gjennom dette tydeleggjere ansvarslinene knytt til informasjonssikkerheit.
7. Aukra kommune bør gjennomgå og revidere tiltak som er innført for å hindre uautorisert bruk av informasjonssystema. Aukra kommune bør innføre system som sikrar at alle tilsette jamleg går gjennom desse tiltaka.
8. Aukra kommune bør utarbeide dokument som tydeleggjer tiltak som skal hindre uautorisert innsyn. Vidare bør det utarbeidas system som sikrar implementering og vedlikehald av slik kunnskap.
9. Aukra kommune bør gjennomgå og revidere tiltak som skal hindre uautorisert endring av personopplysningar. Aukra kommune bør innføre system som sikra at alle tilsette jamleg får vedlikehalde og oppdatere kunnskap om dette.
10. Aukra kommune bør endre praksis gjeldande post der mottakaren sitt namn er angitt før kommunenamn. Slik post skal sendast uopna til namngitt mottakar.

**Oppfølging:** Kontrollutvalet tok administrasjonen si oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet «**Informasjonssikkerhet i Aukra kommune**, medrekna revisjonen si vurdering av kommunen si oppfølging datert 24.1.2017, til orientering.

Revisjonen skriv til kontrollutvalet at dei registrere at hovudtyngda i arbeidet med å følgje opp forvaltningsrevisjonsprosjektet er gjennomført. Revisjonen hadde forståing for at arbeidet måtte gjennomførast over tid. Kontrollutvalet ønska å følgje opp attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering. Til møte 1/2018 hadde kontrollutvalet bede rådmannen om status for attståande arbeid. Utvalet fekk ei skriftleg tilbakemelding, samt munnleg orientering i møte frå rådmann og servicesjef Aaslaug Søreide. Utalet uttrykte at det var viktig at rådmannen følgjer opp at dei einingane som ikkje har gjennomført risikoanalyse og internkontroll gjennomfører dette. **Kontrollutvalet avslutta oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet i 2018**, men har ført opp **Informasjonssikkerheit** som eit tema på utvalet si oppfølgingsliste. Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR).

Sak 10/18: **Forvaltningsrevisjonsrapport «Aukra kommune – Offentlige anskaffelser**  
Prosjektet vart endeleg handsama av kommunestyret i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Aukra kommune – Offentlige anskaffelser** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:

**Tiltak for etterleving av regelverket**

- Aukra kommune bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon får skriftleg fullmakt med beløpsgrense.
- Aukra kommune bør sikre at tilsett med bestillarfunksjon får naudsynt opplæring i regelverket om offentlege anskaffingar. Den opplæring som vert gitt bør dokumenterast.
- Aukra kommune bør sikre at alle innkjøp/anskaffingar blir kontrollert.
- Aukra kommunestyre ber om at forslaget frå Katrine Rindarøy vert innarbeidd i retningslinjer og regelverk mot sosial dumping i byggeprosjekt, jamfør «Telemarksmodellen» som er utarbeid av Telemark fylkeskommune

#### **Anskaffingar etter regelverket**

- Kommunen bør sikre at alle anskaffingar inntil 100 000 også blir gjort med konkurranse ved at det blir henta inn tilbod frå fleire tilbydarar.
- Kommunen sitt innkjøpsreglement bør oppdaterast i forhold til beskriving av EØS sine terskelverdiar og det nye regelverket frå 1.1.2017.
- Aukra kommune bør dokumentere anskaffingsprosessane og utarbeide protokoll der det er krav om dette etter regelverket.
- Kommunen bør følgje opp sine reglar om saksdokumentasjon knytt til ei kvar anskaffing under alle fasar av anskaffinga, skal oppbevarast samla, systematisk ordna i eit tenleg arkivsystem.
- Kommunen bør sikre at det blir tatt omsyn til miljømessige konsekvensar under planlegging av kvar enkelt anskaffing

#### **Bruk av rammeavtalar**

- Kommunen bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon veit kvar dei kan finne rammeavtalar og at dei blir oppmoda til å bruke desse ved bestilling av forbruksmateriell.
- Aukra kommune bør styrke opplæringa i e-handel og oppmode dei som bestiller til å bruke e-handel ved innkjøp av forbruksvarer.

#### **Organisering av området**

- Aukra kommune bør vurdere om organisering av innkjøpsområdet er tenleg, under dette tal på personar med bestillarfunksjon.

**Oppfølging:** Rådmannen sin plan for oppfølging av tilrådingane vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 14.6.2018, sak 21/18. Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak:

*Kontrollutvalet er tilfreds med det arbeidet som så langt er gjort.*

*Kontrollutvalet ser med interesse fram til å motta ein statusrapport for arbeidet til første kontrollutvalsmøte i 2019.*

Økonomisjef Erna Varhaugvik gav i møte 25.2.2019 utvalet ein statusrapport for arbeidet med å følgje opp tilrådingane. Innkjøpsreglementet er no i tråd med regelverket. Det er ikkje funne ei løysing for organisering av innkjøpsområdet enno. Det vert påpeika at det også er behov for ei rolleavklaring mot ROR-innkjøp. Varhaugvik gjev uttrykk for at det er avsett lite ressursar i Aukra kommune til å følgje opp eit så tungt område. Organisasjonsforma som kommunen har valt er krevjande, noko som også speglar seg att på dette området. Kontrollutvalet ønskjer å følgje med på arbeidet vidare.

#### **Sak 23/19: Forvaltningsrevisjonsrapport «Brukermedvirkning innen pleie og omsorg»**

Utvalget bestilte prosjektet i sak 03/19, 25.2.2019. Brukarmedverking er ikkje eit tema som ut frå risiko- og vesentlegvurderinga er særleg aktuelt for forvaltningsrevisjon i perioden, men det er tatt med i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 som eit tema som kan vere aktuelt. Revisjonen skriv i den overordna analyse at «*Brukerinvolvering og brukerperspektivet er fortsatt dårlig ivaretatt i mange kommuner.*».

Utvalet valde å bestille prosjekt ut frå ei vurdering av ein risiko som viste seg i løpet av valperioden.

Utvalet bad revisjonen å ta utgangspunkt i følgjande problemstillingar ved utforming av prosjektplanen:

- Får pasient og brukarar medverke til gjennomføring av helse og omsorgstenestene dei mottok, og vert tenestetilbodet utforma i samarbeid med pasient, brukar og pårørande?
- Har kommunen eit system for å innhente erfaringar frå brukarar, pasientar og pårørande av helse og omsorgstenester i kommunen?
- Blir erfaringar frå brukarar og pårørande brukt til å planlegg og forbetre helse- og omsorgstenestene i Aukra kommune?

Prosjektplan vart handsama i sak 11/19, 1.4.2019. Kontrollutvalet har 6.9.2019 fått oversendt Forvaltningsrevisjonsrapport «Brukermedvirkning innen pleie og omsorg». Rapporten skal behandlast av kontrollutvalet i siste møte denne perioden, 25.9.2019. Revisjonen kjem med følgjande tilrådingar i rapporten:

- Kommunen bør ha mer fokus på brukermedvirkning mot tjenesteyterne. De ansatte bør bli minnet om hvor de skriftlige prosedyrene er lagret og hva som er kommunens strategi for hvordan brukermedvirkning skal gjennomføres under den daglige utførelsen av tjenesten.
- Kommunen bør vurdere om det er mer de kan gjøre for at brukere og brukerorganisasjoner skal bli gitt enda mer medbestemmelse, i saker som ser ut til å være viktig for dem. Slik som at beboerne er for passive, beboere bør få mulighet til å være med på aktiviteter og underholdning. De savner også mer oppmerksomhet fra pleierne.
- Revisjonen anbefaler at Aukra kommune etablerer et system for innhenting av pasienters og brukeres erfaring og synspunkter. Det vil være nyttig for kommunen å gjennomføre brukerundersøkelse i pleie- og omsorg jevnlig, for eksempel annethvert år.
- Aukra kommune bør sikre at erfaring fra brukere, som er innhentet på systemnivå gjennom brukerundersøkelser, blir brukt til etterarbeid som har mål om å videreutvikle og forbedre tjenestene.

Utvalet tilrår at det nye kontrollutvalet har ei vidare oppfølging av desse forvaltningsrevisjonsprosjekta.

## 5.2 Granskingar eller undersøkingar

Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter oppmodning frå kommunestyret gjennomføre granskingar eller undersøkingar. Dette har ikkje vore ein sentral del av utvalet si verksemd i valperioden, då dei fleste større undersøkingar er organisert som ordinære og planmessige forvaltningsrevisjonar.

Utvalet har ikkje gjennomført nok eigne undersøkingar på området, men vil likevel nemne nokre saker som i stor grad har opptatt kontrollutvalet. Utvalet har fått fleire orienteringar både frå arbeidsgjevar- og arbeidstakersida.

- **Arbeidsmiljøutvalet AMU** – Kontrollutvalet merka seg, i Aukra kommune sin årsrapport for 2016, at AMU i 2016 ikkje hadde møter og at AMU i 2015 berre hadde 2 møter og 4 saker. Kontrollutvalet hadde difor i fleire møter i 2017 og 2018 hatt dialog med både arbeidsgjevar og arbeidstakersida om korleis ein skal få dette utvalet til å fungere. Det vert no gjennomført AMU møter. Det er frå rådmannen si side opplyst at leiinga har fått ansvar for å melde inn saker, og einingane har fått ansvar for å involver seg meir. Kontrollutvalet gav tilbakemelding om at dei forventar at det vert sett inn

ressursar både frå leiinga og dei tilsett på å få arbeidsmiljøutvalet til å fungere, men det vert understreka at hovudansvaret ligg hos leiinga.

- Utvalet mottok i 2017 signal på at det er **arbeidsmiljøutfordringar ved Aukraheimen**. Kontrollutvalet har etter dette fått fleire orienteringar og har halde seg orientert om resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga som Administrasjonsutvalet bestilte frå bedriftshelsetenesta i 2017. Kontrollutvalet har gitt uttrykk for at det er viktig å få opp i dagen utfordringane og at partane set seg ned saman og tek tak i desse. Kontrollutvalet synes det er positivt at det no er oppretta eit eige AMU ved institusjonstenestene og at verneombod er kome på plass. Når ein har på plass formelle strukturar som AMU og verneombod, så har ein eit apparat til å handtere utfordringar før dei utviklar seg.

## 6. Selskapskontroll

*”Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.”*

*Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 6*

Det er utarbeidd **Overordna analyse - Plan for selskapskontroll 2016 – 2019** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 15.09.2016, sak 23/16 og endeleg vedteke av Aukra kommunestyre 11.10.2016 i K sak 76/16.

Gjennomføring av eigarskapskontroll føreset at kommunen har utarbeidet eigarskapsmelding (retningslinjer for forvaltning av kommunen sine interesser i selskap samt eigarstrategiar for kvart enkelt selskap). Aukra kommune har utarbeidet eigarskapsmelding del I som vart vedtatt av kommunestyret 31.03.2011.

Gjennomføring av eigarskapskontroll føreset at kommunen har utarbeida eigarskapsmelding (retningslinjer for forvaltning av kommunens interesser i selskap samt eigarstrategiar for kvart enkelt selskap). Eigarskapsmelding for Aukra kommune vart vedteke av kommunestyret i møte 31.03.2011 i K-sak 21/11 og revidert i K-sak 80/16.

Kontrollutvalet har ikkje vorte varsla om at det er halde representantskapsmøter i interkommunale selskap (IKS) eller generalforsamlingar i kommunalt heileigde aksjeselskap (AS).

Etter kommunelova § 80 skal kontrollutvalet og kommunen sin revisor varslast og har rett til å være tilstades på selskapa si generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarande organ.

Kontrollutvalet har i perioden ikkje gjennomført nokon selskapskontroll, men i utvalet sitt møte 8.5.2018, fekk kontrollutvalet ei orientering frå **Molde og Romsdal Hamn IKS**. Orienteringa vart gjeve av Olav Akselvoll, havnedirektør og Dagrun K. Stakvik, økonomileiar i selskapet.

Det vart gjeve orientering om følgjande:

- Generell informasjon om verksemda til selskapet
- Økonomien i selskapet

- Informasjon om forhold som særskilt er knytt til Aukra kommune.

## 7. Påsjåansvar overfor revisjon

*”Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.”*

*Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 3*

Med bakgrunn i å vere folkevalte lekfolk, utan nokon revisjonsfagleg bakgrunn, opplevast det utfordrande å ha ansvar for at kommunen har ein god revisjonsordning.

Når det gjelder rekneskapsrevisjonen gir kontrollutvalgsforskrifta meir innhald til kva som ligger i omgrepet forsvarleg revisjonsordning:

*”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.”*

*Forskrift om kontrollutvalg § 6*

For forvaltningsrevisjon og selskapskontroll seier ikkje kontrollutvalgsforskrifta noko bestemt om kva for slags kvalitetskrav som skal leggjast til grunn for arbeidet. Forskrift om revisjon peiker likevel på at :

*”Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standarder på området, og det skal etableres revisjonskriterier for det enkelte prosjekt”*

*Forskrift om revisjon § 7*

Det er i forskrifta fastsett formelle krav som skal stillast til valt revisor, medrekna krav til utdanning, vandel, sjølvstende og objektivitet. Desse forholda kviler det eit ansvar på revisor å dokumentere, og det er etablert rutinar for at dette skjer.

Det som kan opplevast som ei større utfordring er å følgje med på at innhaldet i revisjonsarbeidet skjer på ein tilfredsstillande måte, og finne gode ordningar for korleis utvalet kontinuerleg kan vere oppdatert og vere trygg for at revisjonsordninga er tilfredsstillande.

Kontrollutvalet i Aukra har inngått ein oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS, for høvesvis rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet i Aukra godkjente oppdragsavtalen med MRR i møte 20.11.2017, sak 34/17.

I avtalen vert det føreset bl.a. at revisjonen skal legge til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt ansvar for tilsyn med revisjonen. I dette ligg det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjonsstandardar.

For å følgje opp sitt ansvar slik det går fram av formelle krav i forskriftene og i dei omtalte avtalane, har kontrollutvalet lagt vekt på ein god dialog med revisor. Revisor skal gje kontrollutvalet informasjon om det løpende revisjonsarbeidet og enkeltprosjekt.

For forvaltningsrevisjon føregår dialogen i hovudsak knytt til prosjekt og knytt til førebuingar til plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har lagt vekt på at kommunikasjon med revisor skal bidra til at undersøkingane får det fokus utvalet ønskjer. Utover planlegging og

framlegging av prosjektplan og rapportar, deltek forvaltningsrevisor i møter på førespurnad frå utvalet.

Kontrollutvalet meiner å ha funne gode samarbeidsordningar og etablert rutinar som set utvalet i stand til å ha nødvendig informasjon om revisjonsarbeidet til å ha tryggleik for at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

I tillegg har kontrollutvalet hausten 2018, for første gang, handsama ein systematisk gjennomgang av revisjonen sitt arbeid. Denne vart gjennomført med bakgrunn i Norges kommunerevisors forbund sine rettleiarar «Kontrollutvalgets påseansvar for regnskapsrevisjon» og «Kontrollutvalgets påseansvar for forvaltningsrevisjon».

- **Vurdering av kontrollutvalgets tilsynsansvar for revisjon – revisjonsåret 2017.**

Ut frå gjennomgangen som vart gjort, vart det vurdert at revisjonsordninga som Aukra kommune har hadde revisjonsåret 2017, var forsvarleg.

Tilsvarande behandlar kontrollutvalet i møte 25.9.2019

- **Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for revisjon - revisjonsåret 2018.**

## **8. Erfaringar frå arbeidet i denne valperioden**

### **8.1 Forholdet til politisk leiing**

Kontrollutvalet utfører tilsynsfunksjonen på vegne kommunestyret, som har det overordna ansvaret for kontroll og tilsyn. Utvalet har gjennom heile perioden vore oppteken av å ha god dialog med den politisk leiinga og oppdatert kjennskap til kva som til kvar ein tid er kommunestyret sine behov. Ordføraren informerast ved kopi av innkallingar til kontrollutvalet sine møter. Ordførar har ved nokre høver delteke i kontrollutvalet sine møter. Det er å håpe at kommunestyret signaliserer dei ønskjer dei har med kontrollutvalet, slik at utvalet vert opplevd som deira eige organ og en ressurs for kommunestyret sitt tilsynsansvar. Saker frå kontrollutvalet vert løpande lagt fram for kommunestyret, anten det er rapporter frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar, årsmeldingar, planer for selskapskontroll eller forvaltningsrevisjon eller andre saker.

### **8.2 Forholdet til administrativ leiing**

Kontrollutvalet opplever å ha konstruktive relasjonar til administrativ leiing og stor nytte av dialogen om generelle forhold i kommunen og i samband med konkrete prosjekt og oppgåver. Administrasjonen gir informasjon og deltek i møter når kontrollutvalet ber om det og gir uttrykk for å ha forståing for kontrollutvalet si rolle og arbeid.

Utvalet har lagt vekt på å lytte til signaler frå administrasjonen, mellom anna ved å ha samtalar og å vere opne for innspel i arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. På den måten har det framkome viktig kunnskap frå dei som kjenner organisasjonen best og ein har hatt høve til å avstemme oppfatningar rundt utfordringar og risiko i organisasjonen.

Kontrollutvalet har ansvar for oppfølginga av kommunestyret sine vedtak i kontroll- og tilsynssaker. I dei tilfella der vedtaka set krav til administrasjonen si oppfølging, overhaldast i stor grad fristar for oppfølging og rapportering. Administrasjonen synes å ha lojalitet til vedtaka.

Vedtaksoppfølginga er i hovudsak god og at administrasjonen si etterleving i kontroll- og tilsynssaker er i stor grad er tilfredsstillande.

### **8.3 Val av revisjonsordning. Val av revisor**

Sommaren 2018 tok KomRev3 IKS kontakt med Møre og Romsdal Revisjon IKS for å diskutere om det var mogeleg å få til ei samanslåing av selskapa Ved årsskiftet 2018/2019 vedtok representantskapa i de to selskapa å slutta seg til konklusjonar og innstilling om å etabler eit samvirkeforetak; Møre og Romsdal SA. Det vart sendt ei tilråding til eigarkommunar/fellesnemnder om å stifte selskapet.

Med heimel i kommunelova § 78 nr. 3 og 4, er kontrollutvalet tillagt innstillingsretten i spørsmål om val av revisjonsordning og revisor.

Når ein kommune har gjort val av revisjonsordning, så vert det vanlegvis ikkje gjort ei ny vurdering av dette utan at det blir tatt initiativ til det. Sjølv om det ikkje var tatt noko initiativ til å vurdere ei anna revisjonsordning, så vurderte sekretariatet at det var naturleg at kontrollutvalet og kommunestyret fekk ei beskriving av dei ulike alternativa som var å velgje. Det var eit naturleg krysspunkt å gjere ei slik vurdering, når det var tatt initiativ til å etablere eit nytt revisjonsselskap.

#### **Kontrollutvalet si tilråding**

1. Aukra kommunestyret godkjenner at Aukra kommune held fram med revisjon i eigenregi.
2. Aukra kommunestyre vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Aukra kommune, under føresetnad av at selskapet blir stiftet.
3. Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtaler med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kommunestyret i Aukra fatta vedtak i samsvar med innstillinga i møte 18.6.2019, sak 37/2019. I same møte vedtok også kommunestyret å etablere det nye revisjonsselskapet. Stiftingsmøte vart halde 23.8.2019.

## **9. Oppsummering**

Med bakgrunn i mandat og det arbeidet som kontrollutvalet har gjort for Aukra kommune valperioden 2015-2019, er utvalet sine medlemmer av den oppfatning at kontrollutvalet har ei viktig rolle i ein lærande organisasjon i stadig utvikling.

Kontrollutvalet har i valperioden hatt viktige og spanande oppgåver der ein har belyst mange av kommunen sine tenesteområder. Utvalet opplever stort sett at det er god forståing for kontrollorganet si rolle og funksjon i kommunen, noko som er avgjerande for at utvalet skal kunne gjere ein god jobb. Kontrollutvalet har i valperioden fått laga nødvendige plandokument: Plan for selskaps-kontroll og plan for forvaltningsrevisjon, som er blitt rullert årleg. Plan for kontrollutvalet si verksemd i perioden 2016-2019, kom også på plass. Planverket er såleis på plass og gjennomføringa er gjort i medhald av målsettingane som er satt.

Målet om å vere uavhengig i sitt arbeid meiner kontrollutvalet at dei har ivaretatt. I utvalet sine møter er det kontroll og tilsynsperspektivet som styrer diskusjon og vedtak, mens partipolitiske omsyn vert lagt til side. Sakene som er handsama i utvalet ber ikkje preg av å

vere politiske omkampar eller ha partipolitiske agendaer. Utvalet har vore bevisst på problemstillingar knytt til sjølvstende og satt dette høgt i sitt arbeid.

Avslutningsvis vil kontrollutvalet takke kommunestyret og administrasjonen i Aukra kommune for eit godt samarbeid i valperioden, som har bidrege til konstruktivt samarbeid og gode resultat.

Kontrollutvalet vil med dette ønskje det påtroppande kontrollutvalet lykke til i den neste valperioden der nye interessante og krevjande oppgåver venter.

Aukra, 25.9.2019.

Oddvar Hoksnes  
leiar

Ole Rakvåg  
nestleiar

Oddbjørg Sporsheim  
medlem

Håkon Inge Sporsheim  
medlem

Wilhelm Andersen  
medlem





# AUKRA KOMMUNE

## Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1547/04  
Arkiv: 033  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 16.9.2019

### Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 27/19	Kontrollutvalet	25.9.2019
	Kommunestyret	

## REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET I AUKRA

### Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet vedtek forslag til **Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune, slik det går fram av vedlegg til saka**. Saka vert lagt frem for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kommunestyret godkjenner **Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune**

### Bakgrunn for saka

I ny kommunelov, som trår i kraft etter det konstituerande kommunestyremøte i haust, er det § 5-13 som regulerer reglement for folkevalte organ.

*Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter*

- organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet*
- tidsperiode som organet er opprettet for*
- eventuelle andre sentrale bestemmelse om organets virksomhet*

For å klargjere rammene for og innhaldet i kontrollutvalet sine oppgåver, er det rådd til at kommunestyret vedtar eit eige reglement for kontrollutvalet. Reglementet seier noko om utvalet sine oppgåver og ansvarsområde, saksbehandling i utvalet og gjev informasjon om utvalet si verksemd. For å sikre at reglementet vert haldt oppdatert, bør det gjennomgåast og eventuelt reviderast minimum ein gang pr. valperiode.

I 2011 vart det utarbeidd eit reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune. Reglementet vart revidert i 2015. Utkastet til reglement som no er utarbeidd bygger på dette reglementet. Sekretariatet har likevel valt å ikkje omtale det som ei revidering, sidan det er ein god del endringar som følgje av ny kommunelov og ny forskrift om kontrollutval og revisjon.

Vanleg prosedyre er at kontrollutvalet, med bistand frå sekretariatet, utarbeider forslag til reglement. Reglementet for kontrollutvalet skal handsamast og vedtakast av kommunestyret på same måte som reglement for andre folkevalde organ.

Vedlagt saken følger:

- Utkast til Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune
- Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune, vedtatt 17.9.2015 i k-sak 75/15.

## VURDERING

Reglementet inneheld retningslinjer for utvalet si organisering, oppgåver, rammevilkår og saksbehandling. Det seier også noko om informasjon og rapportering, samt kontrollutvalet sin arbeidsmåte.

Sekretariatet vil her gjennomgå dei viktigaste endringane som er gjort frå tidlegare reglement for kontrollutvalet i Aukra:

## **§ 2 Val og samansetjing**

Kravet i kommunelova er at minst 1 medlem vert valt blant kommunestyret sine medlemmar, dette har også vært regelen i Aukra kontrollutval sitt reglement. I valperioden 2015-2019 har det vore vald 2 medlemmer til kontrollutvalet blant kommunestyret i Aukra sine medlemmar. Ein av desse var også valt til leiar av utvalet. Sidan kontrollutvalet opptre på vegne av kommunestyret, så er samarbeidet mellom kommunestyre og kontrollutval viktig. Erfaringar viser at dette i dei fleste tilfelle best kan ivaretaast gjennom at leiar av kontrollutvalet også er medlem av kommunestyret. På grunnlag av gode erfaring frå denne valperioden, har sekretariatet rådd til å endre reglementet slik at det står at minst 2 medlemmer vert valt blant kommunestyret sine medlemmar, og at ein av desse bør veljast til leiar i kontrollutvalet.

Vidare er det tatt inn dei nye reglane i kommunelova om at leiar ikkje kan vere medlem av same parti eller høyre til same gruppe som ordførar, samt at personar som har leiande stilling eller er styre/varamedlem eller medlem av bedriftsforsamling i eit selskap kommunen har eigarinteresser i, ikkje er valbar til kontrollutvalet. Tilsvarande gjelder for interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefelleskap.

## **§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver**

Her er reglementet supplert med oppgåvene Etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, som er ei ny oppgåve, jf. ny kommunelov. Internkontroll er også lagt inn. Dette er ikkje ei ny oppgåve, men låg ikkje inne i tidlegare reglement. Når det gjeld Forvaltningsrevisjon så er det her supplert med at kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret korleis tilrådingane i forvaltningsrevisjonar vert følgt opp. Dette ansvaret er framheva i forarbeida til *Forskrift om kontrollutvalg og revisjon*. Påsjåansvar over for revisor er lagt inn som eit nytt ansvar i reglementet. Ansvaret er ikkje nytt, men det har ikkje tidlegare gått tydeleg fram av reglementet.

Eigarskapskontroll erstattar tidlegare selskapskontroll. Dette i tråd med ny kommunelov og forskrift om kontrollutval og revisjon. Det er også her lagt inn i reglementet at kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret korleis tilrådingar i eigarskapskontrollar er følgt opp. Innsyn og undersøkingar i selskap er lagt inn som ei eiga oppgåve. På dette området har den nye kommunelova gitt kontrollutvalet utvida rett til også å foreta undersøkingar overfor andre verksemdar som utfører oppgåver på vegne av kommune. Ikkje berre avgrensa til selskap som heilt eller delvis er eigd av kommunen.

## **§ 4 Kontrollutvalet sine ressursar og rammevilkår**

Under avsnittet revisjonsordning og revisor, er det lagt til at kontrollutvalet inngår oppdragsavtale med revisjonen.

## **§ 5 Saksbehandling i kontrollutvalet**

Det er lagt inn at kontrollutvalet minimum bør ha 5 møter i året. Det har i perioden blitt gjeve tilbakemelding om at det har vore mykje saker/saksdokument til nokre av møte. Det har kanskje vore behov for å utvide til 6 møter i året. Med formuleringa *minimum*, så kan nytt utvalet vurdere behovet sjølv, når budsjett for påfølgande år vert foreslått.

## **§ 6 Kontrollutvalet sin arbeidsmåte**

Det er vurdert at det er behov for å synleggjere noko meir i reglementet korleis kontrollutvalet arbeider. Dette gjelder både retten til innsyn i informasjon der det gjeld teieplikt, avgrensingane i kontrollutvalet si mynde og korleis kontrollutvalet behandlar kontakt frå andre enn kommunestyret.

## **§ 7 Informasjon og rapportering**

Her er det supplert med at kontrollutvalet utarbeider ein plan for kontrollutvalet si verksemd i valperioden, som vert godkjent av kommunestyret. Dette vart satt i verk undervegs i gjeldande valperiode, og har derfor ikkje tidlegare vore omtala i reglementet.


## **§ 8 Samspelet mellom kontrollutvalet og kommunestyret.**

Kontrollutvalet sin leiar har møte- og talerett i kommunestyret når saker frå kontrollutvalet skal behandlast. Endringa i reglementet er knytt til at *Forskrift om kontrollutvalg og revisjon* no seier at utvalet sin leiar kan la eit av dei andre medlemmane i utvalet utøve denne retten på sine vegne. Tidlegare så var formuleringa i kommunelova avgrensa til at kontrollutvalet sin leiar hadde ein slik rett. I det gjeldande reglementet i Aukra, er det ei formulering om at kontrollutvalet sin leiar eller nestleiar har ein slik rett. No vert det tilrådd at ein følgjer den nye forskrifta si formulering på dette området.

Kontrollutvalet får her høve til å kome med forslag til endringar i utkast til reglement, basert på erfaringar frå arbeidet denne valperioden.

Jane Anita Aspen  
daglig leder

# **Reglement for kontrollutvalet**



**Aukra kommune**

**Vedtatt av Aukra kommunestyre xx.xx.2019 i k-sak xx/19**



# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

## § 1. Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt eige kontroll- og tilsynsorgan. Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessantar har tillit til Aukra kommune, og at kommunen leverer sine tenester effektivt og målretta i medhald av lov, forskrifter, statlege føringar og kommunestyret sine intensjonar og vedtak.

## § 2. Val - samansetting

Kontrollutvalet i Aukra kommune består av 5 medlemmer.

Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer, og blant medlemmene leiar og nestleiar. Funksjonstida følgjer valperioden. Minst 2 av medlemmene skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer, og ein av desse bør vere leiar av utvalet. Leiar kan ikkje vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordførar. Begge kjønn skal vere representert i utvalet med minst 40 prosent. Kontrollutvalet skal veljast i kommunestyret sitt konstituerande møte etter val av formannskap og ordførar/varaordførar.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem til formannskap, medlem og varamedlem av folkevald organ med avgjerdsmynde, medlem og varamedlem av kommunestyrekomité, tilsette i kommunen, personar som har leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamling i eit selskap kommunen har eigarinteresser i, personar som har leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap.

## § 3. Kontrollutvalet sine oppgåver

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova §§ 23-2 til 23-6 og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet har ei sentral rolle i kommunen sin eigenkontroll. Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre løpande kontroll med den kommunale forvaltninga og påsjå at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet kan krevje at kommunen legg fram ei kvar opplysning, utgreiing eller dokument som utvalet fin naudsynt for å utføre sine oppgåver på vegne av kommunestyret.

Kontrollutvalet skal sørge for at følgjande oppgåver blir utført:

- **Rekneskapsrevisjon**

Dette omfattar bestilling av rekneskapsrevisjon frå valt revisor. Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og påsjå kommune sine årsrekneskap og årsberetningar blir revidert på ein forsvarleg måte. Kontrollutvalet skal påsjå at rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3 i forskrift om kontrollutval og revisjon. Kontrollutvalet skal påsjå at rekneskapsrevisor sine merknadar blir retta eller følgt opp. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret sitt vedtak om rekneskapsrevisjon blir følgt opp og skal rapportere til kommunestyre om vedtaket er følgt opp. Kontrollutvalet skal gje uttale til kommunestyret om årsrekneskap og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Rekneskapsrevisor skal utarbeide revisjonsberetning for årsrekneskap og årsberetning til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet seinast 15. april året etter rekneskapsåret. Kontrollutvalet skal gje sin uttale til kommunen sine investeringsrekneskap i tråd med kommunen sitt økonomireglement.

- **Etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga**

Kontrollutvalet skal føre kontroll med at den økonomiske forvaltninga skjer i samsvar med gjeldande reglar og vedtak. Rekneskapsrevisor skal sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak skjer i samsvar md reglar og vedtak. Revisor skal basere oppgåva på ei risiko og vesentlegvurdering som skal leggast fram for kontrollutvalet. Revisor skal innhente tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det føreligg brot på lover, forskrifter eller vedtak, der brotet er av vesentleg betydning for økonomi forvaltninga. Revisor skal seinast 30. juni gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

- **Internkontroll**

Kommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lovar og reglar vert følgt. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal systematisk tilpassast verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Kontrollutvalet ser til at det er etablert og vert vedlikehalde ein internkontroll, samt at direktøren rapporterer til kommunestyret om internkontroll minst ein gang i året, når denne regelen i kommunelova trer i kraft.

- **Forvaltningsrevisjon**

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, regeletteleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Kontrollutvalet skal minst ein gang i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan som skal viser på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Planen skal basere seg på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og resultatet av desse. Kontrollutvalet skal innstille til kommunestyret om tilrådingar til forbetringar og læringspunkt der dette er konklusjonane frå forvaltningsrevisjonsrapporten. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret sitt vedtak ved behandling av rapporten vert følt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtak er følgt opp.

- **Eigarskapskontroll**

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Kommunen skal minst ein gang i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret.

Kontrollutvalet skal minst ein gang i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan som skal viser på kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planen skal basere seg på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret om gjennomførte eigarskapskontrollar og resultatet av desse. Kontrollutvalet skal innstille til kommunestyret på anbefalingar il forbetringar og læringspunkt der dette er konklusjonane frå eigarskapskontollen. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret

sitt vedtak ved behandling av rapporten vert følgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtak er følgt opp.

- **Innsyn og undersøkingar i selskap**

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningar som er naudsynt for å gjennomføre sin kontroll, frå interkommunale selskap etter IKS-lova, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, aksjeselskap der ein kommune åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar. Kontrollutvalet kan gjere undersøkingar i verksemda om det er naudsynt. Kommunestyret kan fastsetje reglar om kontrollutvalet sin kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er nemnt, og om kva for dokument mv. som skal sendast kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere tilstades i desse møta.

Kontrollutvalet sin innsynsrett og rett til å gjennomføre undersøkingar gjeld på tilsvarande måte overfor verksemdar som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsynet og undersøkingane skal likevel berre omfatte det som er naudsynt for å undersøke om kontrakten vert oppfylt.

- **Granskingar eller undersøkingar.** Kontrollutvalet kan enten på eige initiativ, eller etter vedtak i kommunestyret, foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.
- **Påsjåansvar overfor revisor**  
Det er kontrollutvalet sitt ansvar å påsjå at revisor utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og anna kontroll som er bestemt av lov eller i medhald av lov. Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere resultatet av sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Revisor skal rapportere som sitt arbeid og resultat av sin revisjon til kontrollutvalet.  
Den som utfører revisjon eller anna kontroll for kommunen skal løpande vurdere sin uavhengigheit. Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet.
- **Høyringar.** Kontrollutvalet kan avvikle høyringar innafor det ansvarsområdet som er gitt utvalet i medhald av kommunelova. Med høyring er meint eit møte i kontrollutvalet der utvalet mottar munnlege forklaringar frå personar som er innkalla for å få belyst ei spesiell sak eller saksområde. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan med heimel i kommunelova si føresegn om møteoffentlegheit, gjere vedtak om at heile eller delar av høyringa kan vere lukka, når det ligg føre lovbestemt teieplikt.
- **Verksemdsbesøk.** Kontrollutvalet kan gjennomføre verksemdsbesøk for å bli betre kjent med og få eit godt innblikk i forvaltninga av kommunen si verksemd, i kommunale heil- eller deleigde selskap og i kommunale føretak.

#### **§ 4. Kontrollutvalets ressursar og rammevilkår**

Kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjett til kommunestyret

Utvalet må ha eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde, og må sikrast ei sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sine behov.

- **Kontrollutvalssekretariat**

Sekretariatet skal førebu sakene til kontrollutvalet og påsjå at dei sakene som vert behandla av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at utvalet sine vedtak blir sett i verk. Sekretariatet skal vere uavhengig av kommunen sin administrasjon og av den som utfører revisjon av kommunen. Den som utfører sekretariatsoppgåver er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som utvalet gjev. Kommunestyret vel sjølv sekretariat for kontrollutvalet etter innstilling frå kontrollutvalet.

- **Revisjonsordning og revisor**

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov, behov for oppfølging av særskilte vedtak, kompetansenivået i kommunen og kommunen si eiga organisering og internkontroll.

Kommunestyret avgjer sjølv om kommunen skal tilsetje eigen revisor, delta i eit interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtal med anna revisor (revisjonsordning). Kommunestyret vel sjølv revisor. Vedtak vert gjort etter innstilling frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet inngår oppdragsavtale med revisjonen.

## **§ 5. Sakshandsaming i kontrollutvalet**

Kommunelova sine reglar i kapittel 11 om saksbehandling i folkevalde organ gjeld også for kontrollutvalet. Utvalet treff sine vedtak i møte, og det vert ført protokoll frå møta. Utvalet sine møter vert avvikla i medhald av vedtatt møteplan. Møteinncalling, med sakliste og sakspapir, vert sendt utvalet sine medlemmer, alle varamedlem, ordførar, kommunedirektør og revisor ei veke før møtet finn stad. Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet. I tillegg vert kontrollutvalet si møteinnkalling og sakspapir, samt protokollar, sendt til Aukra kommune sitt postmottak og er tilgjengeleg på kommunen si heimeside. Dokumenta vert også gjort tilgjengeleg på heimesida til Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal.

Protokollar skal sendast til utvalet sine møtedeltakarar for gjennomsyn. Merknader skal meldast sekretariatet, som i samråd med leiaren tek avgjerd om endringar skal gjerast i utkastet. Etter evt. endringar er godkjent av møteleiaren, så vert protokollen gjort offentleg. Protokollen skal endeleg godkjennast av kontrollutvalet i neste møte.

Kontrollutvalet sine møter er opne for publikum, men skal vedtakast lukka når det ligg føre lovbestemt teieplikt.

Dersom det vert teken avgjer om at eit møte skal haldast for lukka dører, skal avgjerda førast i møteboka med heimel for avgjerda. Det same gjeld for avgjerd om eit medlem av organet er ugild.

For at kontrollutvalet skal kunne utføre og følgje opp dei oppgåver som er nødvendig for å sikre forsvarleg kontroll og tilsyn, bør utvalet ha minimum 5 møter pr. år. Det vert utarbeidd ein møteplan med oversikt over møtetidspunkt og faste oppgåver for det enkelte år, som vert vedtatt av kontrollutvalet.

## **§ 6. Kontrollutvalet sin arbeidsmåte**

Kontrollutvalet skal halde seg orientert om den administrative og politiske verksemda i Aukra kommune. Gjennom sitt arbeid skal utvalet legge vekt på samarbeid og opptre på ein uavhengig og politisk nøytral måte. Kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar som er gjort av kommunen sine folkevalde organ eller kommunale organ. Kontrollutvalet vil særleg legge vekt på å følgje opp kommunen sine avgjerdssystem, rutinar og organisasjonen si eiga kvalitetssikring.

Gjennom ein aktiv og synleg arbeidsmåte vil kontrollutvalet bidra til at feil og uregelmessige forhold vert førebygd, men i den grad slike forhold kjem føre, vil utvalet påpeike dette.



Teieplikt er ikkje til hinder for at kontrollutvalet kan gjennomføre kontrolltiltak og undersøkingar som utvalet meiner er naudsynt. Kontrollutvalet har rett til å vere tilstades i lukka møter i folkevalde organ i kommunen. Kommunestyret kan sjølv avgjere at denne retten ikkje gjeld i møter i kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret. Dersom kontrollutvalet gjennom sitt arbeid ser behov for pålegg, så må dette rapporterast til kommunestyret. Det er berre kommunestyret som har mynde til å gje pålegg, kontrollutvalet kan berre oppmode eller tilrå.

Om kontrollutvalet skal behandle ei sak, vil vere avhengig av om saka ligg innafør kontrollutvalet sitt mandat. I tillegg må kontrollutvalet vurdere om saka representerer ein tilstrekkeleg risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving og vedtaksoppfølging.

Kontrollutvalet kan også behandle kontaktar frå innbyggjarar eller andre aktørar som meiner dei har ei sak for kontrollutvalet. Kontrollutvalet avgjer sjølv om det kontakten gjeld, høyrer inn under kontrollutvalet sine oppgåver. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan.

Kontrollutvalet skal arbeide for

- å sikre god kvalitet i kommunen sine tenester
- å sikre god produktivitet og ein effektiv ressursutnytting
- å ivareta innbyggjarane sin rettstryggleik i deira kontakt med den kommunale forvaltninga
- å sikre at politiske vedtak i Aukra kommune vert følgd opp.

## **§ 7. Informasjon og rapportering**

Som ledd i sitt førebyggjande arbeid skal kontrollutvalet prioritere rettleiing og informasjon. Utvalet skal leggje vekt på å vere løysingsorientert og bidra til læring i organisasjonen. Kontrollutvalet skal ha ein aktiv og nær dialog med kommunestyret som kommunen sitt øvste tilsynsorgan, og vil fremje aktuelle saker og rapportere til kommunestyret jf. krav i lov og forskrift.

Det vert utarbeidd ein plan for kontrollutvalet si verksemd i valperioden. Planen vert utarbeidd innan 1 år etter val, og vert godkjent av kommunestyret.

Det vert utarbeidd ei årsmelding med oppsummering av kontrollutvalet sitt arbeid for det enkelte år som vert lagt fram for kommunestyret. På slutten av kvar valperiode skal det leggst fram ein rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd og gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar i valperioden. Rapporten byggjer på kontrollutvalet sin verksemdsplan.

Kontrollutvalet sin leiar, eller den leiaren måtte gje mynde, tek i vare kontakten med media.

## **§ 8. Samspelet mellom kontrollutvalet og kommunestyret**

God forståing og respekt for kvarandre sine roller, er avgjerande for eit godt samspel mellom kontrollutvalet og kommunestyret. Kontrollutvalet arbeider på oppdrag frå kommunestyret som kan oppmode eller pålegge kontrollutvalet å greie ut konkrete saker på eigne vegne.


Kontrollutvalet sin leiar har møte- og talerett i kommunestyret når saker frå kontrollutvalet skal handsamast. Utvalet sin leiar kan la eit av dei andre medlemmane i utvalet utøve denne retten på sine vegne.

Saker som kontrollutvalet fremjar til kommunestyret skal behandlast før dei politiske sakene for å tydeleggjere at dette er tilsyns- og kontroll saker, der andre kriteria enn dei politiske er førande for debatten og konklusjonen. Presentasjon av sakene vil bidra til å synleggjere kontrollutvalet sitt arbeid overfor kommunestyret.

## **§ 9. Iverksetjing**

Reglementet for kontrollutvalet i Aukra kommune vert sett i verk etter vedtak i kommunestyret.

# **Reglement for kontrollutvalet**



**Aukra kommune**

**Vedtatt av Aukra kommunestyre 22.09.2011 i k-sak 71/11**

**Revidert i kommunestyret 17.09.2015 i k-sak 75/15**



# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

## § 1. Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet er kommunestyrets eige kontroll- og tilsynsorgan. Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Aukra kommune, og at kommunen leverer sine tenester effektivt og målretta i medhald av lov, forskrifter, statlige føringar og kommunestyrets intensjonar og vedtak.

## § 2. Val - samansetting

Kontrollutvalet i Aukra kommune består av 5 medlemmer.

Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer, og blant medlemmene leiar og nestleiar. Funksjonstida følgjer valperioden. Minst 1 av medlemmene veljast blant kommunestyrets medlemmer. For å sikre den politiske balansen og samansetting i utvalet, bør leiar av kontrollutvalet tilhøyre opposisjonen, mens nestleiar bør tilhøyre posisjonen. Begge kjønn skal vere representert i utvalet. Kontrollutvalet veljas i kommunestyrets konstituerande møte etter val av formannskap og ordførar/varaordførar, jf. Kommuneleven § 17, 2.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem til formannskap, medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynde, medlem av kommuneråd, medlem og varamedlem av kommunestyrekomité etter § 10 a og tilsette i kommunen.

## § 3. Kontrollutvalet sine oppgåver

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommuneloven kap. 12 og forskrift om kontrollutval og har ei sentral rolle i kommunens eigenkontroll. Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet kan foreta dei undersøkingar som det finn nødvendig for å ivareta si kontrolloppgåve på vegne av kommunestyret.

Kontrollutvalet skal sørge for at følgjande oppgåver blir utført:

- **Rekneskapsrevisjon**, som omfattar bestilling av rekneskapsrevisjon frå revisor og å sjå til at rekneskapa blir revidert på ein trygg måte, gje si uttale til kommunen sitt årsrekneskap og å sjå til at revisors – og kommunestyret sine påpeikingar til årsrekneskapa blir følgt opp. Kontrollutvalet skal også føre kontroll med at den økonomiske forvaltninga gjeng føre i samsvar med gjeldande føresegn og vedtak. Kontrollutvalet skal òg gje si uttale til kommunen sine prosjektrekneskap.
- **Forvaltningsrevisjon**, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon. Vidare skal utvalet årleg bestille og følgje opp forvaltningsrevisjon hos revisor. Utvalet rapporterer resultatane av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- **Selskapskontroll**, som er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa vert underlagd demokratisk styring og kontroll. Dette inneber at kontrollutvalet er pålagt å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapa. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet bestille selskapskontroll i medhald av plan og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.

- **Granskingar eller undersøkingar.** Kontrollutvalet kan enten på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.
- **Høyringar**  
Kontrollutvalet kan avvikle høyringar innafor det ansvarsområde som er gitt utvalet i medhald av kommuneloven. Med høyring er meint eit møte i kontrollutvalet der utvalet mottar munnlege forklaringar frå personar som er innkalla for å få belyst ei spesiell sak eller saksområde. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan med heimmel i kommunelova si føresegn om møteoffentlegheit, vedta at heile eller deler av høyringa kan vere lukka når det ligg føre lovbestemt teieplikt.
- **Verksemdsbesøk.** Kontrollutvalet kan gjennomføre verksemdsbesøk for å bli betre kjent med og få eit godt innblikk i forvaltninga av kommunen si verksemd, i kommunale heil- eller deleigde selskap og i kommunale føretak.

#### **§ 4. Kontrollutvalets ressursar og rammevilkår**

Kontrollutvalet gir tilråding til budsjett for kontroll og tilsyn i Aukra kommune. Kontrollutvalet si tilråding til budsjettamme for kontroll- og revisjonsarbeidet vert sendt formannskapet og følgjer formannskapet si budsjettinnstilling til kommunestyret.

Utvalet må ha eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde, og må sikrast ei sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sine behov. Til å hjelpe seg i arbeidet har kontrollutvalet eit uavhengig og sakkyndig sekretariat som førebur sakshandsaminga i utvalet, tar hand om sekretariatsfunksjonen i utvalet sine møter og følgjer opp saker på vegne av utvalet. Sekretariatet skal sikre at saker som handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utarbeidd og forberedt.

Kontrollutvalet legger opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov, behov for oppfølging av særskilte vedtak, kompetansenivået i kommunen og kommunens eigen organisering og internkontroll. Revisjonsfunksjonen for kommunen og eventuelt tilknytte selskap ivaretakast av eigen revisor / revisjonsselskap som kommunestyret vel etter innstilling frå kontrollutvalet.

#### **§ 5. Sakshandsaming i kontrollutvalet**

Utvalet treffer sine vedtak i møte, og det føres protokoll frå møta. Utvalet sine møter vert avvikla i medhald av vedtatt møteplan. Møteinnkalling, med sakliste og sakspapir, sendes utvalet sine medlemmer, aktuelle varamedlem, ordføraren, rådmannen og revisor ei uke før møtet finner sted. Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet. Kontrollutvalet si møteinnkalling og sakspapir, samt protokollar sendast til Aukra kommune og er tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Møteboka skal sendast utvalets medlemmer/varamedlemmer for gjennomsyn. Merknader skal meldast sekretariatet, som i samråd med leiaren tek avgjerd om endringar skal gjerast i utkastet. Møteboka skal endeleg godkjennast av kontrollutvalet i neste møte.

Kontrollutvalet sine møter er opne for publikum, men skal vedtakast lukka når det ligg føre lovbestemt teieplikt.

Dersom det tas avgjerd om at eit møte skal haldast for lukka dører, skal avgjerda føres i møteboka med heimmel for avgjerda. Det same gjeld for avgjerd om eit medlem av organet er inhabilt.

For at kontrollutvalet skal kunne utføre og følge opp dei oppgåver som er nødvendig for å sikre forsvarleg kontroll og tilsyn, bør utvalet ha minimum 5 møter pr. år. Det vert utarbeida ei møteplan med oversikt over møtetidspunkt og faste oppgåver for det enkelte år som vedtas av kontrollutvalet.

#### **§ 6. Kontrollutvalets arbeidsmåte**

Kontrollutvalet skal halde seg orientert om den administrative og politiske verksemda i Aukra kommune. Gjennom sitt arbeid skal utvalet legge vekt på samarbeid og opptre på ein uavhengig og politisk nøytral måte. Kontrollutvalet vil særleg legge vekt på å følge opp kommunen sine avgjerdssystem, rutinar og organisasjonens eigen kvalitetssikring. Gjennom ein aktiv og synleg arbeidsmåte vil kontrollutvalet bidra til at feil og uregelmessige forhold vert førebygd, men i den grad slike forhold kjem føre, vil utvalet påpeike dette.

Kontrollutvalet skal arbeide for

- å sikre god kvalitet i kommunens tenester
- å sikre god produktivitet og ein effektiv ressursutnytting
- å ivareta innbyggjaranes rettstryggleik i deira kontakt med den kommunale forvaltninga
- å sikre at politiske vedtak i Aukra kommune følgjast opp.

#### **§ 7. Informasjon og rapportering**

Som et ledd i sitt førebyggjande arbeid skal kontrollutvalet prioritere rettleiing og informasjon. Utvalet skal leggje vekt på å være løysningsorientert og bidra til læring i organisasjonen. Kontrollutvalet skal ha ein aktiv og nær dialog med kommunestyret som kommunens øvste tilsynsorgan, og vil fremme aktuelle saker og rapportere til kommunestyret ved behov.

Det utarbeidast ei årsmelding med oppsummering av kontrollutvalet sitt arbeid for det enkelte år som leggst fram for kommunestyret. På slutten av kvar valperiode skal det leggst fram ein rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd og gjennomført forvaltningsrevisjon i valperioden.

Kontrollutvalets leiar, eller den leiaren måtte gje mynde, tek i vare kontakten med media.

#### **§ 8. Samspelet mellom kontrollutvalet og kommunestyret**

God forståing og respekt for kvarandre sine roller er avgjerande for eit godt samspel mellom kontrollutvalet og kommunestyret. Kontrollutvalet arbeider på oppdrag frå kommunestyret som kan oppmode eller pålegge kontrollutvalet å greie ut konkrete saker på eigne vegne.

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når saker frå kontrollutvalet skal handsamast.

Saker som kontrollutvalet fremjar til kommunestyret skal behandlast før dei politiske sakene for å tydeleggjere at dette er tilsyns- og kontroll saker, der andre kriterier enn dei politiske er førande for debatten og konklusjonen. Presentasjon av sakene vil bidra til å synleggjere kontrollutvalet sitt arbeid overfor kommunestyret.

#### **§ 9. Iverksetjing**

Reglementet for kontrollutvalet i Aukra kommune vert sett i verk etter vedtak i kommunestyret.



# AUKRA KOMMUNE

## Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1547/04  
Arkiv: 210 & 13  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 17.9.2019

### Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 28/19	Kontrollutvalet	25.9.2019
	Formannskap	
	Kommunestyre	

## FORSLAG TIL BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I AUKRA KOMMUNE 2020

### Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2020 med ei ramme på kr 995 800.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

### Bakgrunn for saka

Med heimel i § 18 i Forskrift for kontrollutval, skal utvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjettamme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapet si budsjettinnstilling til kommunestyret.

Budsjettforslaget skal synleggjere kontrollutvalet sine egne kostnader og kostnader knytt til revisjon og sekretariatstenester.

Aukra kommune kjøper sekretariatstenester for kontrollutvalet hos *Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal* som er eit interkommunalt samarbeid heimla i kommunelova § 27.

Aukra kommune er eigar i *Møre og Romsdal Revisjon IKS* (MRR IKS), og har revisjonstenester frå dette selskapet. Frå 1.1.2020 vert MMR IKS samanslått med KOMREV 3 IKS. Det er då Møre og Romsdal Revisjon SA som vil levere revisjonstenester til Aukra kommune.

Vedlagt følgjer:

- Kostnadsfordeling sekretariatstenester for 2020
- Økonomirapport periode 1-8.

### VURDERING

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen der utgifter til utvalet si eiga verksemd, sekretariatsbistand og revisjon kjem fram.

Det er forskriftsfesta at kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontroll og tilsyn skal leggjast fram uforandra til kommunestyret. I kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar for kontrollutvalsarbeidet står det:

*«Budsjettforslag fra kontrollutvalget kan bare endres av kommunestyret. Grunnen til at kontrollutvalgets budsjett er i en særstilling, er at utvalget skal være fritt og uavhengig av de organene som utvalget skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller et organ som kontrollutvalget skal kontrollere og ha tilsyn med, for eksempel formannskapet eller administrasjonsutvalget, får innvirkning på tilsynsorganets budsjetttramme.»*

Kommunestyret kan sjølvsagt vedta eit anna budsjett enn det kontrollutvalet føreslår, men administrasjonen skal ikkje ha innverknad på kontrollutvalet si budsjetttramme.

I budsjettframlegget er det lagt opp til at kontrollutvalet avviklar inntil 6 møter i året.

Budsjettforslaget kan spesifiserast som følgjer:

Konto	Tekst	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap Periode 1-8
1080	Godtgjørsle folkevalte	50 000	38 000	0
1080	Tapt arbeidsforteneste	0	20 000	0
1099	Arbeidsgivaravgift	7 000	8 250	0
1100	Faglitteratur, aviser	2 200	2 200	2 125
1115	Beverting	2 241	2 300	1 165
1150	Opplæring og kursutgifter	40 000	35 000	15 980
1160	Bilgodtgjersle + diett (oppg.pl.)	1 000	2 500	87,50
1170	Utgiftsdekning reise	12 500	5 000	2 297
1195	Kontingenter	3 500	3 500	3 500
	<b>Sum kontrollutvalet si eigen verksemd</b>	<b>118 441</b>	<b>116 750</b>	
1475	Kjøp tenester Revisjons M&R revisjon IKS	700 000	750 000	*385 500
1475	Kjøp tenester KU-sekretariatet	177 359	111 750	111 750
	<b>Sum kontrollutval, sekretariat og revisjon</b>	<b>995 800</b>	<b>978 500</b>	

\*Revisjonsonorar fakturert pr. 1. halvår, brukt tal frå faktura, då dette ikkje går fram av rekneskapsrapport.

### **Kommentarar til nokre av budsjettpostane:**

**1080 Godtgjersle folkevalde** – Det er tatt høgde for at utvalet kan velje å avvikle 6 møter i året. Satsar er lagt inn i samsvar med Reglement for godtgjersle kommunale ombod i Aukra kommune 2019-2023.

**1080 Tapt arbeidsgodtgjersle**- Då det er uvisst kven som blir valt inn i utvalet, har sekretariatet valt å ikkje budsjettere inn midlar. Det må evt. gjerast ei budsjettkorrigering om det vert naudsynt.

**1100 Faglitteratur** – Kontrollutvalet sine medlemmer får medlemsbladet til Norges kommune revisorforbund (NKRF). Bladet har mange fagartiklar som er nyttig for arbeidet i kontrollutvalet. Bladet kostar 425,- pr. medlem.

**1150 Opplæring og kursavgift** – Det er budsjettert med at alle utvalsmedlemmer kan delta på ein konferanse i 2019. Det er viktig med opplæring første året i valperioden. I 2019 er det berre to personar som har deltatt på konferanse (FKT).

**1195 Kontingenter** - Dette er medlemskap i FKT. Størrelsen på kontingenten er bestemt ut frå innbyggjartal. Aukra kommune sin sats er på 3 500,-. den same som i 2019 og 2018.

**1375 – Kjøp fra IKS** – Møre og Romsdal Revisjon IKS har saman med Kommunerevisjonsdistrikt 3 IKS danna eit nytt selskap; Møre og Romsdal SA frå 1.1.2020. Samvirkeforetaket vart stifta 23.08.19. Frå 1.1.2019 har revisjonstenestene blitt fakturert etter medgått tid. Det er difor stipulert eit beløp på bakgrunn av erfaringstal for perioden august 2018 til juni 2019. Det stipulerte beløpet medfører ein reduksjon i budsjett til revisjon frå 2019 til 2020 på 50 000-. I budsjettet er det stipulert 450 000,- til rekneskapsrevisjon og



250 000,- til forvaltningsrevisjon. I budsjett til forvaltningsrevisjon ligg det inne noko arbeid med overordna analyse og evt. bestilling oppstart av eit nytt prosjekt.

1350 – Til andre kommunar/kommunale inst. - Styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal vedtok i møte 4.9.2019 budsjett for sekretariatet for 2020. Kommunestyret i Aukra godkjente i august nye vedtekter for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal, gjeldande frå 1.1.2020. I vedtektene var det endra kostnadsfordelingsmodell. Fordelinga i den nye modellen er 30 % fast beløp og 70 % fordeling etter folketal. Tidlegare var fordeling berre etter folketal. Selskapet har for 2020 budsjettert med bruk av kr 200 000,- frå disposisjonsfond, slik det også vart i 2018 og 2019. Ny modell for kostnadsfordeling er hovudårsaka til at Aukra kommune sine kostnader til sekretariatstenester aukar. Sekretariatet må ta atterhald om at alle kommunane godkjenner dei nye vedtektene med ny kostnadsfordelingsmodell.

Kontrollutvalgssekretariatet ser det som viktig at kostnader til kontroll og tilsyn vert synleggjort i kommunen sitt rekneskap. Kostnader til godgjerung, tapt arbeidsforteneste og arbeidsgjevaravgift er ikkje rekneskapsført der dei er budsjettert; på 110 kontroll og revisjon, Vi har difor ikkje oversikt over kor mykje som er brukt så langt i 2019.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som her er gjort og tilrår kommunestyret å vedta kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontrollarbeidet 2020 med ei netto ramme på kr 995 800,- som inkl. kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet. Saka vert lagt fram med ovannemnte forslag til vedtak.

Jane Anita Aspen  
daglig leder

## Kostnadsfordeling - Sekretariatstjenester for kontrollutvalgene 2020

<b>Kommune</b>	<b>Folketall 01.01.19</b>	<b>Fordeling %</b>	<b>70 % folketall</b>	<b>30 fast</b>	<b>Sum</b>
Aukra	3 539	5,0	79 730	97 629	177 359
Hustadvika *	13 233	18,0	287 027	97 629	384 656
Gjemnes	2 641	4,0	63 783	97 629	161 412
Nye Molde**	31 976	44,0	701 623	97 629	799 252
Rauma	7 487	10,0	159 460	97 629	257 089
Sunndal	7 106	10,0	159 460	97 629	257 089
Vestnes	6 536	9,0	143 514	97 629	241 143
<b>Sum</b>	<b>72 475</b>	<b>100,0</b>	<b>1 594 597</b>	<b>683 403</b>	<b>2 278 000</b>

\* Hustadvika = 1548 Fræna og 1551 Eide

\*\*Ny Molde= 1502 Molde, 1543 Nesset og 1545 Midsund



1 Aukra kommune (2019) - År/Periode 2019 1 - 8

	17.09.2019	
	Regnskap	Buds(end)
	2019	2019
<b>Ansvar: 1001 Kontrollutvalet</b>		
<b>Funksjon: 110 Kontroll og revisjon</b>		
10800 Godtgjering folkevalde	0,00	38.000
10802 Tappt arbeidsgodtgjersle	0,00	20.000
10990 Arbeidsgjevaravgift	0,00	5.358
11005 Faglitteratur, aviser	2.125,00	2.200
11151 Mat/bevertning tilsette/politikarar/gjestar	1.165,00	2.300
11500 Opplæring, kurs	15.980,00	35.000
11601 Bilgodtgjering, oppgavepliktig	87,50	2.500
11702 Ikkje innberetningspliktige reiseutgifter	2.297,00	5.000
11950 Avgifter, gebyrer, lisenser	3.500,00	3.500
12700 Konsulenttenester	55.875,00	0
13500 Til andre kommunar/kommunale inst.	55.875,00	111.750
14290 Mva. generell kompensasjonsordning	225,00	0
17290 Kompensasjon for merverdiavgift	-225,00	0
<b>Sum funksjon: 110 Kontroll og revisjon</b>	<b>136.904,50</b>	<b>225.608</b>
<b>Sum ansvar: 1001 Kontrollutvalet</b>	<b>136.904,50</b>	<b>225.608</b>
<b>TOTALT</b>	<b>136.904,50</b>	<b>225.608</b>



**AUKRA KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2019-1547/04  
Arkiv: 033  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 16.9.2019

**Saksframlegg**

<b>Utvallssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 29/19	Kontrollutvalet	25.9.2019

**OPPFØLGINGSLISTE**

**Sekretariatet si tilråding**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

**Bakgrunn for saka**

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr.6.5.2019

Det lagt opp til orienteringar frå administrasjonen knytt til følgjande saker på oppfølgingslista:

- **Oppfølging av politiske vedtak – (OS 11/19)**
- **Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune» (OS 12/19)**

**VURDERING**

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan desse verte fremma i møtet for oppføring på oppfølgingslista.

Jane Anita Aspen  
daglig leder

**SAKSOPPFØLGING**

(å jour pr.6.5.2019)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:
<p>25.02.15 <b>Oppfølging av politiske vedtak</b> Ansvar: Adm.</p>	<p>Kontrollutvalet ønsker å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.</p>	<p><b>25.02.15:</b> Sekretær vert beden om å skrive til rådmann og be om å få oversendt ei oversikt over politiske vedtak fatta i perioden 01.01.2010 – 31.12.2014 som av ulike årsaker ikkje er sett i verk. <b>23.04.15:</b> Sekretæren har sendt brev til Aukra kommune 18.03.2015 og bedt om å få framlagt slik oversikt. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt neste møte. <b>11.06.15:</b> Sekretæren har vore i dialog med politisk sekretariat i Aukra kommune vedr. arbeidet med å lage ei oversikt over politiske vedtak i perioden 2010 – 2014 som ikkje er sett i verk. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt første møte til hausten. <b>18.09.15:</b> Oppfølging av politiske vedtak vart lagt fram som eigen sak i dagens møte, jfr. sak PS 30/15. <b>09.06.16:</b> Kontrollutvalet ønsker å få framlagt ei slik oversikt i kontrollutvalet sitt møte i september 2016. <b>15.09.16:</b> Kontrollutvalet fekk framlagt oversikt i dagens møte, jf. Sak 27/16. Utvalet oppmodar om at oversikt vert lagt inn i perioderapporteringa til K-styret. <b>03.05.17:</b> KU fatta i 2016 vedtak om å oppmode til at oppfølginga vert lagt inn i perioderapporteringa til kommunestyret. Sekretariatet har mottatt lister over vedtaksoppfølging frå adm., og har spurt om det betyr at oppmodinga ikkje blir følgt. Dersom oppfølging av vedtak ikkje vert lagt i perioderapportering, så får utvalet framlagt oversiktene i eiga sak i neste møte. <b>14.06.17:</b> Kontrollutvalet behandla oppfølginga i dagens møte, jf. sak 19/17. Utvalet ønsker i neste møte å få ei statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegar. <b>27.09.17:</b> Utvalsmedlemmene hadde før møtet fått ettersendt liste med statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid</p>

knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegare. Det var ikkje tid til å gjennomgå listene i møte.

**20.11.17:** Sekretær gjekk gjennom lista, som det ikkje var tid til å gjennomgå i førre møte. Utvalet har merka seg at rådmannen **ikkje har følgd oppmodinga frå kontrollutvalet om å legge status for oppfølging av politiske vedtak inn i tertialrapporteringa til kommunestyret som fast post.**

**15.02.18:** Kontrollutvalet hadde til dagens møte, jf. sak 06/18, fått framlagt liste over politiske vedtak som ikkje er sett i verk. Det er 3 saker knytt til Drift og arealutvalet som er naturleg ikkje er avslutta. Sak om skogrydding knytt til vedtak i kommunestyret i 2013 er ikkje sett i verk. Rådmannen vil følgje opp saka. Når det gjeld oversikt over oppfølging av vedtak i tertialrapporteringa, så opplyser rådmannen at ho ikkje vil følgje oppmodinga om dette. Rådmannen vil sørge for at det vert lagt fram sak om vedtak som ikkje er følgd opp i same møte som tertialrapportane.

**15.03.18:** Utvalet ønskjer i møte 3.5.18 svar frå rådmannen om korleis saka om skogrydding vert følgd opp. Det er også ønskeleg at skogbruksfagleg kompetanse er tilstades i møte for å orientere og svare på spørsmål.

**08.05.18:** Utvalet fekk i møte utdelt oppdatert liste med status for vedtaksoppfølging. Utvalet ønskjer at det i merknadsfeltet vert gjeve konkret informasjon om status. Fagsjef plan, Kjell Lode, orienterte kontrollutvalet i dagens møte, jf. OS 04/18. Det blir no lagt fram sak for kommunestyret der det blir skissert vidare handtering av skogryddingssaka.

**10.12.18:** Nestleiar Ole Rakvåg opplyste at det er lagt inn midlar til Forvaltningsplan skog i budsjettet.

**01.04.19:** Staus for vedtaksoppfølging vart lagt fram i dagens møte, jf. RS 17/19. Kontrollutvalet stiller spørsmål om kva konsulenten skal gjere knytt til skogryddingssaka, samt kvifor klima, miljø og energiplanen ikkje er revidert i 2018 som opplyst.

**06.05.19:** Gerd Nerbøvik orienterte utvalet om at det no er gjort avtale med Miljøfaglig Utredning AS på Tingvoll om å lage ein rapport som skal bestå av to delar; 1.

		Forvaltningsplan for Aukraskogen, 2. Gjennomgang av leplanting. Det vert arrangert møte med store grunneigarar og det skal inviterast til eit folkemøte rett over ferien. Arbeidet skal vere avslutta i løpet av august.
14.06.17 <b>Arbeidsmiljøutvalet (AMU)</b> Ansvar: Adm./sekr./	Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.	<b>14.06.17:</b> Kontrollutvalet hadde til dagens møte bedt om orientring om korleis arbeidstakar og arbeidsgjevarsida ser på bruk av AMU og kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016, jf. OS 16/17. Kontrollutvalet ønskjer å få ei oppdatering i neste møte der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar. <b>27.09.17:</b> Ordførar, fung.rådmann, personalkonsulent og fire medlemmer frå AMU deltok i dagens møte, sjå OS 17/17. Utvalet ønskjer å fortsatt følgje med på AMU sitt arbeid og resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen. <b>20.11.17:</b> Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei orientering om resultatet frå arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen. <b>15.02.18:</b> Rådmannen ønskjer ikkje at møteinnkallingar og protokollar frå AMU sine møter vert publisert på kommunen si heimeside, men kontrollutvalet vil få tilsendt møteinnkallingar og protokollar. <b>10.12.18:</b> Kontrollutvalet ønskjer at det vert protokollert om dei som møter i AMU stiller frå arbeidsgjevar- eller arbeidstakarsida. Kontrollutvalet vil sende eit brev til AMU om deira oppfølging av arbeidet i AMU. <b>01.04.19:</b> Utvalet fekk framlagt protokoll frå møte i AMU 20.02.19. Protokollen viste at AMU behandla brevet som vart sendt frå kontrollutvalet. Vedtak: AMU tek dokumentet til vitande og vil jobbe for at fleire saker får meir konkrete vedtakspunkt.
14.06.17 <b>Barnevernstenester</b> Ansvar: Adm./sekr	Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune. Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om	<b>14.06.17:</b> Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei statusoppdatering når det gjeld fristbrot, info om bakgrunnen for den store kostnadsauken og status etter administrasjonen sitt avtalte møte med barnevernstenesta i Molde kommune. <b>27.09.17:</b> Utvalet fekk ei statusoppdatering frå leiar i Barnevernstjenesten for Molde, Midsund, Aukra og Eide, jf. OS 19/17. <b>08.05.18:</b> Rådmannen skal delta i årleg statusmøte med barnevernstenesta 1. juni. I møte vil ein m.a. ta opp KOSTRA-tala som viser at Aukra ligg dårlegare ann enn vertskommunen. Rådmannen vil gje

	<p>situasjonen når det gjeld barnevern.</p> <p>Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.</p>	<p>tilbakemelding til utvalet etter statusmøte.</p> <p><b>14.06.18:</b> Rådmannen gav utvalet tilbakemelding etter statusmøte med barnevernstenesta. Ho seier ho er trygg på at dei jobbar systematisk, og ser ikkje grunn til uro. Rådmannen vil følgje med på utviklinga. Ho er litt bekymra for den organisasjonsendringa som er venta (Eide ut/Vestnes inn), då slike endringar alltid medfører risiko.</p> <p><b>10.12.18:</b> Kontrollutvalet fekk i dagens møte, jf. RS 34/18 framlagt Barnevernstenesta si rapportering for Aukra kommune 1. halvår 2018. Utvalet ønskjer at rådmannen undersøker, og gjev tilbakemelding til utvalet, om barnehagar og skular i Aukra kommune er fornøgd med den samhandlinga dei har med barnevernstenesta.</p> <p><b>25.02.19:</b> Kommunalsjef drift, Jan Erik Hovdenak orienterte utvalet i dagens møte, jf. OS 01/19.</p> <p><b>01.04.19:</b> Under temaet Utanforskap orienterte barnevernskurator Kristin Heggdal og fagsjef Gunn Nakken frå Barneverntjenesten utvalet om kva som er utfordringane for aukra kommune på barnevernsområdet og det vart gjeve ei beskriving av utviklinga på barnevernsområdet i Aukra kommune, jf. OS 05/19.</p>
<p>15.02.18</p> <p><b>Grunnskoleområdet</b></p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik). Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området.</p>	<p><b>08.05.18:</b> Tilstandsrapporten er no klar og vil bli lagt fram for kontrollutvalet i neste møte. Rådmannen informerer om at ho for neste år ønskjer å legge fram ein tilstandsrapport for heile oppvekstområdet.</p> <p><b>14.06.18:</b> Utvalet fekk framlagt tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra 2017 og pedagogisk rådgjevar orienterte jf. OS 06/18.</p>
<p>15.02.18</p> <p><b>Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune</b></p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport</p>	<p><b>15.02.18:</b> Kontrollutvalet fekk orientering i dagens møte, jf. OS 01/18, knytt til arbeidsmiljøprosjektet ved Aukraheimen.</p> <p><b>08.05.18:</b> Rådmannen opplyser at nye turnusar er på plass. Ein har fått på plass AMU for Institusjonstenestene og verneombod, men ein manglar framleis hovudtillitsvald for sjukepleiarane.</p> <p><b>14.06.18:</b> Nestleiar hadde fått eit eksemplar av ei brosjyre «Aukra omsorgssenter», brosjyra vert arkivert i kontrollutvalet sitt arkiv.</p> <p><b>02.10.18:</b> Kontrollutvalet drøfta i dagens møte sak 31/18 Eventuelt, nokre spm. stilt</p>



	«Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.	av utvalsmedlem Wilhelm Andersen knytt til omsorgssenteret. Utvalet konkluderer med at utvalet forstår det slik at Administrasjonsutvalet følgjer opp situasjonen ved omsorgssenteret tett. Utvalet følgjer med på dette arbeidet.
15.02.18 <b>Informasjonssikkerheit</b>  Ansvar: Adm./sekr	Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR).	<b>15.02.18:</b> Kontrollutvalet fekk i dagens møte orientering knytt til oppfølging av attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering, jf. OS 02/18, <b>08.05.18:</b> Rådmannen opplyser at innføringa av GDPR er utsett til 01.07.2018. <b>10.12.18:</b> Kontrollutvalet ønskjer i først møte i 2019 å få ein statusrapport frå rådmannen knytt til implementering av nytt personvern regelverk. <b>25.02.19:</b> Administrasjonen bad om at orienteringa vert utsett til neste møte. <b>01.04.19:</b> Servicesjef Aaslaug Søreide orienterte utvalet jf. OS 06/19. Kontrollutvalet ber rådmannen, som ein del av prosjektet, legge fram ein plan for opplæring i GDPR for dei tilsette.
10.12.18 <b>Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»</b>  Ansv.:Adm./sekr.	Kontrollutvalet behandla i møte 15.3.2018 sak 10/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18. Tilrådingane var knytt til følgjande områder: -Tiltak for etterleving av regelverket -Anskaffingar etter regelverket -Bruk av rammeavtalar -Organisering av området Kommunestyret bad rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført. Kommunestyret bad rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.	<b>10.12.18:</b> Utvalet ønskjer ein statusrapport frå arbeidet i første møte i 2019 <b>25.02.19:</b> Økonomisjef Erna Varhaugvik gav utvalet ein statusrapport for arbeidet med oppfølging av tilrådingane, jf. OS 03/19. Utvalet ønskjer ei ny orientering i først møte hausten 2019.
06.05.19	Utvalet har blitt kontakta av leiar i pårørandeforeininga med	06.05.19: Leiar i pårørandeforeininga ve Aukra Omsorgssenter, Oddny Elin Ilestad

<b>Innspel frå pårørende foreininga ved Aukra Omsorgssenter</b>  Ansv./Adm../foreininga/sekr.	ynskje om å få orientere kontrollutvalet om saker som dei har tatt opp /arbeider med i foreininga.	orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 10/19. Kontrollutvalet vil følgje med på samarbeidet mellom pårørandeforeininga og administrasjonen.
---	--	--



# AUKRA KOMMUNE

## Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1547/04  
Arkiv: 033  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 16.9.2019

### Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 30/19	Kontrollutvalet	25.9.2019

## EVALUERING AV ARBEIDET I KONTROLLUTVALET VALPERIODEN 2015-2019

### Sekretariatet si tilråding

Resultatet av evalueringa av arbeidet i kontrollutvalet i Aukra kommune i valperioden 2015-2019 vert lagt fram for nytt kontrollutval.

### Bakgrunn for saka

I februar 2011 gav Kommunal og regionaldepartementet (KRD) ut kontrollutvalboka. Boka er utarbeidd på oppdrag frå KRD og er ein lekk i å styrke arbeidet med eigenkontrollen i kommunane. 2. utgåve av Kontrollutvalsboka vart utgjeve i 2015.

Kapittel 11 i boka omhandlar «Oppfølging og evaluering» av kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen sitt arbeid. No er valperioden 2015-2019 snart ferdig og det kan, etter sekretariata si vurdering, vere nyttig at det vert gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden. Dette kan gjerast t.d. ved at kontrollutval, sekretariat og revisjon saman drøftar nokre av dei spørsmål som kjem fram i kontrollutvalsboka på sidene 142-143, som omhandlar evaluering og erfaringsoverføring til nytt kontrollutval. Sekretariatet har, etter mal frå kontrollutval i andre delar av landet, laga eit skjema med forslag til spørsmål som kan brukast i ei slik evaluering. Ordførar og rådmann blir også invitert til å delta i evalueringa.

### Vedlagt følgjer:

- Skjema til bruk i evaluering av arbeidet i kontrollutvalet
- Kopi av side 142-143 i kontrollutvalsboka.

### VURDERING

Sekretariatet tilrår at det vert gjennomført ei slik evaluering i dette møtet. Det vert skrivne referat frå evalueringa og den bør resultere i eit forslag til eventuelle endringar/forbetringar som kan gjere arbeidet med eigenkontroll i Aukra kommune enno betre. Resultatet bør leggjast fram for kontrollutvalet i valperioden 2019-2023.

Jane Anita Aspen  
daglig leder

## Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	
3	Kjem synspunkta rundt bordet fram?	
4	Klarer KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	
5	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	
6	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	
7	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	
8	Er det klare roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	
9	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	
10	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	
11	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	
12	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	
13	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	
14	Korleis er kvaliteten på kontrollutvalet sine sakspapir og munnlege presentasjonar?	
15	Er møteprotokollane tilfredsstillande?	
16	Korleis fungerer oppfølging av kontrollutvalet sine vedtak?	
17	Kva forbetringstiltak kan gjennomførast?	
18	Korleis fungere kontrollutvalet si oppfølging av henvendingar? - Frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde	
19	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør den vera?	
16	Folkevaldopplæringa for kommunestyret: - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?	
17	Anna	

## Evaluering

### Eigenevaluering

Det kan vere nyttig for kontrollutvalet å evaluere eige arbeid jamleg. Målsetjinga er å sørge for kontinuerleg læring og forbetring ved å fokusere på korleis kontrollutvalet fyller sin kontroll- og tilsynsfunksjon.

Kontrollutvalet si samhandling med sekretariatet og revisjonen bør vere ein del av evalueringa. Evalueringa kan gjerne gjennomførast som ein dialog med revisor og sekretær, dersom dette ikkje er til hinder for at kontrollutvalet kan snakke ope og ærleg om sine erfaringar. Sentrale spørsmål vil vere om kontrollutvalet sine forventingar blir innfridde, om saker blir tilstrekkeleg førebudde og korleis samhandlinga kan bli endå betre.

Det kan skrivast referat frå evalueringa. Dersom ein identifiserer forbettringsområde, bør ein føreslå konkrete tiltak. Evaluering kan gjennomførast ein gong i året, gjerne før årsmelding og årsplan blir utarbeidde, slik at det er muleg å integrere forbetringstiltak utvalet sin verksemdsplan.

### Tips

#### Tema for evaluering

- Blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte?
- Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?
- Klarer kontrollutvalet å fyller kontrollfunksjonen på ein god måte?
- Korleis blir utvalet oppfatta av andre sentrale aktørar slik som kommunestyret og administrasjonen?
- Er det klåre roller og klår ansvarsdeling mellom kontrollutvalet, kommunestyret og administrasjonen?
- Bør kontrollutvalet gjere meir og/eller mindre av noko?
- Korleis fungerer samhandlinga med revisor?
- Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet?
- Kva forbetringstiltak kan gjennomførast?

### Eksempel

#### Evaluering av arbeidet og samhandlinga til kontrollutvalet

Kontrollutvalet i Fredrikstad bestemte seg for å gjennomføre evalueringar av eiga verksemd med eit spesielt fokus på samhandling mellom utvalet, ordførar og rådmann. I oppstarten fekk dei ekstern prosessrettleiing for å lære om korleis slike evalueringssprossar kan gjennomførast. I ettertid har kontrollutvalet gjennomført slike evalueringssamlingar med jamne mellomrom. På desse samlingane deltek både ordførar og rådmann saman med utvalet. Møta blir oppfatta som eit godt høve til å diskutere korleis kontrollutvalet kan ta hand om sine kontrolloppgåver, og korleis ein kan leggje til rette for god samhandling mellom utvalet, ordførar og rådmann. Spesielt har dei fokusert på korleis saker som ikkje er planlagde, som til dømes granskningar, skal handsamast.



Ein god måte å få innspel til tema i evalueringsmøte, er gjennom erfaringsutveksling med andre kontrollutval. Då kan ein ta opp erfaringar knytte til arbeidet i kontrollutvalet og gje kvarandre innspel til gode arbeidsformer og liknande.

*”Utvikling skjer ved erfaring og opplæring. Fellesmøter med andre kontrollutvalg og kontrollutvalgsledere gir nye impulser og utvikling.”  
(Kontrollutvalsleiar, Rindal)*

### Involvering av samhandlingspartnarar

Det er også viktig at kontrollutvalet sine samhandlingspartnarar får høve til å evaluere arbeidet til kontrollutvalet og kome med innspel til forbetningsområde. Både kommunestyret og administrasjonen kan ha verdifulle erfaringar som kan vere med på å gjere kontrollutvalet sitt arbeid endå betre. Å invitere desse aktørane med på ei evaluering kan også medverke til å synleggjere og forankre kontrollutvalet sitt arbeid. Evalueringa kan gjennomførast ved at ordførar, gruppeleiarar og administrativ leiing blir inviterte til eit møte.

### Erfaringsoverføring til nytt kontrollutval

Når kontrollutvalsperioden går mot slutten, er det viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval. Det er ein føremon at ikkje alle medlemmene blir skifta ut, slik at ein sikrar ein viss kontinuitet i arbeidet til utvalet. Sekretariatet og revisjonen vil også vere med på å halde oppe stabilitet. Det er uansett avgjerande å etablere ein god praksis for erfaringsoverføring. Mulege tiltak kan vere å:

- gjere mest muleg av kontrollutvalet sine rutinar og erfaringar skriftlege
- gjere materialet lett tilgjengeleg for nye medlemmer, til dømes i form av ein perm som dei får ved oppstart. Permen kan innehalde:
  - lover og forskrifter
  - rettleiar
  - reglement
  - årsplanar
  - relevante rutinar og retningslinjer,
  - overordna analyse og planar,
  - dei siste gjennomførte forvaltningsrevisjonane, selskapskontrollane og liknande undersøkingar
  - årsmeldingar
  - evalueringar
- invitere tidligare kontrollutvalsleiar til eit av dei første møta i kontrollutvalet for å snakke om erfaringar



**AUKRA KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2019-1547/04  
Arkiv: 033  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 16.9.2019

**Saksframlegg**

<b>Utvallssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 31/19	Kontrollutvalet	25.9.2019

**EVENTUELT**

**Mitt første møte med eldreomsorgen i Aukra kommune**

Kontrollutvalet har motteke eit brev datert 3.9.2019 frå ein pårørende til ein brukar, vedlagt eit varsel om falsk journalføring. Då brevet inneheld teiepliktig informasjon jf. FVL. § 13 1. ledd pkt 1. jf. off.l. § 13, vil utvalet berre få utdelt brevet for gjennomlesing i møte. Det vil i møte bli framsett forslag om å lukke møtet under gjennomgang av informasjonen, jf. Kommunelova § 31 pkt. 2.

**Innspel til arbeidet med overordna analyse for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Aukra kommune**

Innan utgangen av 2020 skal Aukra kommunestyre vedta ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2023. Før planen vert utarbeidd, skal det utarbeidast ein overordna analyse av risikofaktorar i kommunen si verksemd. Denne analysa skal ligge til grunn for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Det nye kontrollutvalet vil i sitt først møte bestille utarbeiding av ei slik analyse

Utvalet sine medlemmer vert bedt om å tenke gjennom om ein ser aktuelle risikoområder som ein ønskjer å bringe vidare i arbeidet med dei overordna analysane.

**Arbeidsplan 2019 – Kontrollutvalet i Aukra**

Det vert høve til å oppdatere tiltaksplanen i møte

---

# ARBEIDSPLAN 2019

## KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE



**Oppdatert 06.05.19**

---

---



## Tilsyn med forvaltningen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med forvaltninga
Løpande rapportering	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kontrollutvalsmedlemmene skal ha tilgang til dokument frå alle politiske utval.</li> <li>Oddvar Hoksnes og Ole Rakvåg er kommunestyret sine representantar i kontrollutvalet.</li> <li>Kontrollutvalet har fordelt merksemd på politiske utval slik: <ul style="list-style-type: none"> <li>Saker frå drift- og arealutvalet- Håkon Inge Sporsheim</li> <li>Saker frå livsløpsutvalet – Ole Rakvåg</li> <li>Saker frå administrasjonsutvalet – Oddbjørg Sporsheim</li> <li>Saker frå formannskapet – Ole Rakvåg</li> <li>Saker frå eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma – Wilhelm Andersen</li> </ul> </li> <li>Rapportar frå andre tilsynsorgan og kommunen sitt svar/oppfølging</li> <li>Sjukefråver</li> <li>Meldingar til politiet og varslingar</li> </ul>
Aktuell informasjon/orienteringar	I den grad tema/områder ikkje blir undersøkt gjennom bestilling av forvaltningsrevisjon, kan det vere aktuelt å be om tilbakemeldingar frå administrasjonen på ulike områder, bl.a. ut frå overordna analyse for forvaltningsrevisjon. Slik informasjon blir spesifisert under kvart enkelt møte. Saker til oppfølging vil også gå fram av oppfølgingslista til kontrollutvalet
25.02.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeidsplanplan 2019 – Kontrollutvalet i Aukra</li> <li>Barnevernstenestene – tilbakemelding på samhandling</li> </ul>
01.04.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Orientering om utanforskap</li> <li>Status implementering av av GDPR</li> <li>Få skatteoppkrevjaren sin årsrapport for 2018 og kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering</li> </ul>
06.05.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Teknisk drift og vedlikehald av bygg og utleigebustader i Aukra kommune</li> <li>Erfaringar som bør overførast til nytt kommunestyret og kontrollutval</li> </ul>
25.09.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Økonomirapport 1. tertial/finansrapport</li> </ul>
18.11.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Økonomirapport 2. tertial/finansrapport</li> <li>Opplæring av nytt kontrollutval</li> </ul>

## Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med regnskapsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til rekneskapsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knyt til reglane i kap. 4 i forskrift om kontrollutval.
25.02.19	•
01.04.19	•
06.05.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2018, Aukra kommune</li> <li>Årsavslutningsbrev for revisjonsåret 2018.</li> </ul>
25.09.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Orientering om revisjonsstrategien for revisjonsåret 2019.</li> </ul>
18.11.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Interimrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2019 (ev. i det første møte i 2020).</li> <li>Sluttrekneskap investeringsprosjekt?</li> </ul>

## Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med forvaltningsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for forvaltningsrevisjon og reglane i kap. 5 i forskrift om kontrollutval.
25.02.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Status oppfølging av forv.rev.rapport om Offentlege anskaffingar</li> </ul>

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt</li> </ul>
01.04.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt</li> </ul>
06.05.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sekretær innhentar statusrapport frå forvaltningsrevisor med prosjektet</li> </ul>
25.09.18	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forvaltningsrevisjonsrapport Brukermedvirking innen helse og omsorg</li> <li>• Status for oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser»</li> </ul>
18.11.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bestilling av overordna analyse for forvaltningsrevisjon 2020-2024</li> </ul>

### Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med selskapskontroll.

Møte	Oppgaver knytt til selskapskontroll
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for selskapskontroll og reglane i kap. 6 i forskrift om kontrollutval
25.02.19	•
01.04.19	•
06.05.19	•
25.09.19	•
18.11.19	•

### Tilsyn med revisjonen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med revisjonen
	Revisjonen rapporterer om si verksemd ved behov. Revisjonsplan for Aukra kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for kontrollutvalet. Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 4.
25.02.19	•
01.04.19	•
06.05.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Val av revisor 2020</li> <li>• Openheitsrapport frå revisjonen</li> </ul>
25.09.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor sin vurdering av uavhengigheit for Aukra kommune for revisjonsåret 2019.</li> <li>• Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon</li> </ul>
18.11.19	

### Budsjettbehandlinga

Møte	Oppgaver knytt til budsjettbehandlinga
	Utgangspunktet for oppgåvene er reglane i forskrift om kontrollutval § 18.
25.02.19	•
01.04.19	•
06.05.19	•
25.09.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2020 for kontrollutvalet.</li> </ul>
18.11.19	•

### Kontrollutvalet si rapportering

Møte	Oppgaver knytt til Kontrollutvalet si rapportering
------	---

<b>Møte</b>	<b>Oppgaver knytt til Kontrollutvalet si rapportering</b>
	Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 6.
25.02.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontrollutvalet sin årsrapport for 2018 vert behandla og sendt kommunestyret til orientering.</li> <li>• Oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapportar/selskapskontrollar skal gå fram av kontrollutvalet sin årsrapport.</li> </ul>
01.04.19	•
06.05.19	•
25.09.19	• Rapport frå kontrollutvalet si verksemd valperioden 2015-2019
18.11.19	•